

Krigar og konge i norsk mellomalder

-

Ei analyse av endringar innan verdiar og ideal frå vikingtid til
høgmellomalder



**Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur- og
religionsvitenskap.**

Universitetet i Bergen

HIS 350 Masteroppgåve

Vår 2012

Stian Thunem

Forord

Denne oppgåva er eit resultat av mitt eige arbeid, men den hadde ikkje vore mogleg å gjennomføre utan hjelp frå andre.

Fyrst og fremst vil eg rette ei stor takk til rettleiaren min, professor Leidulv Melve som heile tida har kome med gode og konstruktive tilbakemeldingar på innleveringane mine. Eg ynskjer også å takke professor Geir Atle Erslund og professor Eldbjørg Haug samt alle medstudentar på mellomalderseminaret.

Eg vil også takke resten av mine medstudentar frå lesesalen og sofakroken for triveleg samvære og støtte undervegs i arbeidet..

Til slutt vil eg takke mi kjære Ingrid som stadig har oppmuntra meg gjennom desse to åra.

Innholdsliste

Forord.....	0
Innholdsliste.....	2
1.0 Innleiing	5
1.0 Historiografi og kjeldehandsaming.....	7
1.1 Kategorisering av sogene	8
1.2 Presentasjon av kjeldene.....	8
1.3 Sogekritikk på 1800-talet.....	12
1.4 Syn på sogene hos 1900-talets historikarar	12
1.5 Endring i synet på sogekritikk.....	13
1.6 Eit samfunn bygd på ære.....	15
1.7 Forholdet til gudane og døden	19
1.8 Grid	22
2.0 Ferda til Sigurd Jorsalfare	24
2.1 Konsilet i Clermont og dets følgjer	24
2.2 Krosstog, pilegrimsferd eller plyndringsreise	25
2.3 Ære og rikdom	26
2.4 Plyndring.....	30
2.5 Kristendomens stode i Noreg kring år 1100.....	32
2.6 Religiøse element i sogene.....	35
2.7 Guds nærvær på ferda.....	37
2.8 Pilegrimsferd eller krosstog?	38
2.9 Verknadane av ferda for kristendomen i Noreg.....	42
2.10 Konklusjon	44
3.0 Ideal og verdiar kring 1200-talet	46
3.1 Framstillinga av ære	47
3.2 Djervskap, mot og fryktløyse.....	52

3.3 Æresvald	55
3.4 Fromleik og gudsfrykt.....	58
3.5 Guds straff	62
3.6 Krigarane sitt forhold til kyrkja	63
3.7 Synet på døden.....	65
3.8 Verdjar og ideal i Europa i forhold til Noreg.....	70
3.9 Forskjellen på Sverre og Håkon	75
3.10 Europeiske impulsar, rikssamling og modernisering av hæren.....	77
3.11 Bannlysing.....	82
3.12 Kyrkjelege straffer	82
3.13 Grunnlaget for bannlysinga	82
3.14 Reaksjonar på bannet.....	84
3.15 Grid	91
4.0 Konklusjon	98
4.1 Korleis endra æressamfunnet seg med innføringa av kristendomen, rikssamlinga og påverknaden frå den høviske kulturen i Europa?	98
4.2 Førte dei nye haldningane kring synd og frelse til ei mentalitetsendring hos konge og krigar?	99
4.3 Førte innføringa av kristendomen og rikssamlinga til endringar i det nære forholdet mellom konge og krigar slik som ein kjenner det frå vikingtida?	101
5.0 Abstract	103
6.0 Litteratur.....	104

1.0 Innleiing

Utgangspunktet for dette arbeidet ligg fyrst og fremst i ei interesse for vikingtida, men også eit ønske om vidare fordjuping i borgarkrigstida. Sjølv om det har vorte utført mykje forskning på denne perioden vil det vere av interesse å utforske denne overgangspannen frå eit perspektiv som vektlegg verdiar og ideal.

Harald Hårfagre sine erobringar kring 860- og 70-åra vert ofte rekna som byrjinga på rikssamlingsprosessen og denne samlinga heldt fram heilt til Håkon Håkonsson si regjeringstid på 1200-talet. Før dette var Noreg inndelt i fleire høvdingdøme som var spreidd utover heile landet.¹ Høvdingane forsøkte å få kontroll over geografiske område gjennom å knytte personlege band til bøndene i sine respektive område, ved hjelp av mellom anna gåveutveksling og gjestebod. Desse bøndene ville so støtte høvdingen i åtak eller forsvar av områda. Sidan vennskapsbandet heile tida måtte oppretthaldast var høvdingen si gåvmilde særst viktig. På grunn av dette, var materielle ressursar ein viktig del av høvdingane sin maktposisjon, og dei måtte difor ty til plyndring og krigføring om dei ville auke makta si. Høvdingane hadde eit følgje av personlege krigarar som vart forsørgja gjennom overskotet frå krigføringa. Dei som var mest suksessrike fekk utvida områda sine på kostnad av mindre høvdingdøme, og etter kvart vart ein av dei so sterk, at han forsøkte å legge under seg størsteparten av dei konkurrerande områda. Det skulle likevel mange slike forsøk til før makta låg hos ein konge.²

Etter kvart som kongemakta vaks seg sterkare fram mot 1200-talet og samlinga av riket vart fullført under Håkon Håkonsson sitt styre (1217-1263), regjerte kongen no over ein region og folket innanfor regionen var hans undersåttar. Kring same tid hadde kyrkja utforma ein ideologi som sa at kongedømet var den einaste tillatne styreforma, og at kongen var innsett av Gud sjølv. Sidan makta no var konsentrert under ein herskar, og denne herskaren hadde fått makta si frå Gud, fell noko av viktigheita av den sjenerøse kongen gradvis vekk. Det var likevel viktig for

¹ Bagge, Sverre. 2010. From Viking stronghold to Christian kingdom: state formation in Norway, c. 900-1350. København: Museum Tusulanum Press, 22-25.

² Sigurðsson, Jón Viðar. 2008. Det norrøne samfunnet: vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden. Oslo: Pax, 18-26.

kongen på 1200-talet å danne og oppretthalde vennsksbands, men no kunne han krevje at folket skulle lyde han i form av embetet sitt som guds stadfortredar på jorda.³

Kristendomen hadde vore på vandring i nærmare tusen år då den fekk skikkeleg fotfeste i Norden. Truleg hadde nordmenn hatt kontakt med kristne dei siste hundreåra og nordmenn som budde ved kystområda langs Vestlandet og Austlandet hadde kjennskap til kristendomen gjennom reisande nordmenn og misjonerande europearar.⁴ Det var likevel kristningskongane sitt arbeid som førte til at kristendomen fekk sitt gjennombrøt i Noreg, for utan deira innsats og forsvaret dei gav til den nye trua ville den fått større problem med å få innpass i samfunnet.⁵ Den kristne tru vart den einaste tilletne trua og førte til at kongedømet fekk monopol på gudsdyrkinga. Sidan kongen vart den øvste leiaren for kyrkja, fekk høvdingane eit underordna forhold til kongen, noko som førte til motstand mot innføringa av kristendomen.⁶ Kyrkja som organisasjon utvikla seg likevel raskt etter innføringa, og kring år 1200 var den i grove trekk ferdig utbygd.

Som nemnt ovanfor, gjekk det føre seg ei endring i korleis kongen og hans rolle vart betrakta. Kyrkja sin tankegong om *rex iustus*, den rettferdige kongen, sette kongen i eit guddommeleg embete og han var pliktig til å vere rettferdig ovanfor folket og å skape fred. Denne tankegongen ser ein att spesielt i sogene som omhandlar tida kring 1200-talet.⁷ Overgangen bringa også med seg eit tankesett som braut med delar av den gamle tradisjonen. Audmjukskap og tilgiving var sterke kontrastar til stoltskap og sjølvhevdning som var sentralt i eit samfunn styrt av ære, og oppfatninga om synd og frelse var også ukjent for dei fleste nordmenn.⁸

Innføringa av kristendomen og framveksten av kongemakta bringa med seg nye haldningar og tankesett og førte til varige samfunnsendringar. Men førte denne

³ Sigurðsson 2008: 138-141.

⁴ Steinsland, Gro. 1995. "Hvordan ble hedendommen utfordret og påvirket av kristendommen?" I Lidén, Hans-Emil. *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*. Oslo: Universitetsforl, 9-11; Lunden, Kåre 1996. "Religionsskiftet – kva handla det egentleg om?" I Rindal, Magnus. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal, 150-151.

⁵ Andersen, Per Sveaas. 1977. *Samlingen av Norge og kristningen av landet: 800-1130*. Vol. 2, Handbok i Norges historie. [Bergen]: Universitetsforlaget, 190.

⁶ Sigurðsson, Jón Viðar. 2003. *Kristninga i Norden 750-1200*. Oslo: Samlaget, 40.

⁷ Bagge 2010: 162-164.

⁸ Steinsland, Gro. 2000. *Den hellige kongen: om religion og herskermakt fra vikingtid til middelalder*. Oslo: Pax, 40.

overgangen til ei endring av sentrale verdiar kring krigføring slik ein kjenner dei frå vikingtida?

Problemstillingane eg vil svare på i dette arbeidet er:

- Korleis endra æressamfunnet seg med innføringa av kristendomen, rikssamlinga og påverknaden frå den høviske kulturen i Europa?
- Førte dei nye haldningane kring synd og frelse til ei mentalitetsendring hos konge og krigar?
- Førte innføringa av kristendomen og statsdanninga til endringar i det nære forholdet mellom konge og krigar slik som ein kjenner det frå vikingtida?

Eg kjem til å ta utgangspunkt i nokre av verdiane som var sentrale for krigarane og leiarane deira i vikingtida, og utforske korleis desse utviklar seg fram mot andre halvdel av 1200-talet. Desse verdiane er ære, djervskap, fryktløyse, synet på døden og fromleik. Denne teksten er delt inn i tre kapittel som omfattar høvesvis vikingtida, byrjinga av 1100-talet og perioden frå Magnus Erlingsson si kroning til andre halvdel av 1200-talet. Det fyrste kapitlet vil ta for seg kjeldene som vert nytta og teori og metode kring bruk av desse. Her vil også verdiane som var sentrale i vikingtida og tidleg kristen tid verte presentert, saman med tidlegare forskning kring desse verdiane. Dette vil fungere som eit samanlikningsgrunnlag for seinare drøfting. Det andre kapitlet omhandlar hovudsakleg ferda til Sigurd Jorsalfare. Sidan 1100-talet ofte vert betrakta som ei brytningstid i Europa og Noreg, vil denne ferda kunne tematisere endring eller kontinuitet kring verdiar og ideal. Kyrkja si utvikling og påverknadskraft kring år 1100 vil også verte drøfta her. Det tredje kapitlet tek for seg siste del av borgarkrigstida då med fokus på Sverre Sigurdsson og Håkon Håkonsson. Her vil det verte drøfta korleis sogene framstillar dei verdiane og idealane som er nemnde ovanfor men også korleis desse kjem til uttrykk i politisk handling.

1.0 Historiografi og kjeldehandsaming

I dette kapitlet vil dei mest sentrale kjeldene og kjeldekritisk handsaming av sogelitteratur verte presentert. Kapitlet vil også innehalde historiografi og forskingsfront kring ære, djervskap, fryktløyse, synet på døden og grid i førkristen tid.

Dette kapittelet vil deretter tene som eit samanlikningsgrunnlag for korleis desse ideala og verdiane utviklar seg fram mot 1300-talet.

1.1 Kategorisering av sogene

Sigurður Nordal, ein kjend islandsk filolog og sogeforskar, laga ein gong i tida ei inndeling av sogene i forhold til korleis dei kan nyttast som historiske framstillingar. Den fyrste bolken vart kalla samtidsogor. Desse skildrar hendingar frå eigen periode eller gjennom munnlege og skriftlege framstillingar som ligg nærme i tid. Dette vil då hovudsakleg gjelde soger som går tilbake til omkring år 1100. Deretter kom fortidssogene som tek for seg hendingar som utspant seg 2-300 år før dei vart skrivne ned. I denne kategorien kjem alle ættesogene og islendingesogene som omhandlar perioden 930 til 1030. Snorres kongesoger fell også stort sett under denne kategorien. Den siste bolken var oldtidssogene som omhandlar tida før 850 og er prega av eventyrlege og segnaktige forteljingar og står i klår motsetjing til dei meir realistiske samtids- og fortidssogene.⁹ Helle påpeikar at samtidsogene vanlegvis vert akseptert som truverdige med tanke på innhald, men dei er ofte prega av politiske og religiøse haldningar.

I denne oppgåva held eg meg hovudsakleg til *Sverres saga* og *Håkon Håkonssons saga* som vert rekna som samtidskjelder. Eg nyttar også *Snorres kongesoger*, *Fagrskinna*, *Morkinskinna* og *Ågrip* i samband med ferda til Sigurd Jorsalfare. Desse kjem også under kategorien samtidskjelder i den forstand at Sigurds ferd går føre seg etter år 1100. Det vil difor vere kjeldevurderingar kring samtidskjeldene som vil vere mest relevant å seie noko om her.

1.2 Presentasjon av kjeldene

Heimskringla

Heimskringla, eller Snorres kongesoger, vart forfatta kring 1220-1230 av Snorre Sturlason, ein islandsk høvding, lovsigemann og historikar. Før Snorre byrja på skrivinga hadde han vore på vitjing i Noreg i to år, og hadde vorte godt motteken av Skule Jarl som styrte landet på den tida. Medan han ferdast i landet, skaffa han seg geografiske kunnskapar og opplysningar frå historiekyndige folk, deriblant Skule

⁹ Knut Helle. 2001. "Hovedlinjer i utviklingen av den historiske sagakritikken." I Hagland og Supphellen(red.), Leiv Eriksson, Helge Ingstad og Vinland: Kjelder og tradisjonar, Trondheim, 15.

sjølv. Det er vanskeleg å seie om han sjølv hadde planlagt å skrive kongesogene då han kom til Noreg, men Skule jarl og kongen oppfordra nok Snorre til å forfatte eit slikt verk.¹⁰

Snorres kongesoger er basert på historisk kunnskap frå samtida deriblant skriftlege og munnlege overleveringar. Det vart nytta fleire skriftlege kjelder om norske kongar,¹¹ mellom anna Morkinskinna, Fagrskinna og Ågrip. Snorre nytta også i stor grad skaldekvad frå den førskriftlege tida og såg på desse som pålitelege sidan ingen skald ville fart med løgn, spesielt ovanfor kongen han tente. Han meinte at den strenge metrikken og strofiske forma på kvada hadde sikra at overleveringa ikkje vart særleg endra.¹² Forgjengarane hans hadde også sett verdien av skaldekvad, men Snorre var klårare i sin kritiske behandling av desse. Han beherska sjølv ein større del av skaldediktinga og han analyserte den med større erfaring. Snorre ynskjer at verket hans skal oppfattast som eit kjeldekritisk arbeid. Han vurderar kjeldene sine og fjerna oppdikta og tvilsame hendingar i følgje han sjølv.¹³ Sverre Bagge meiner at forteljingane kan vere overdrivne, men at dei sosiale forholda som dannar bakgrunnen ikkje kan vere så forskjellig frå dei opphavlege, spesielt om ein finn dei same forholda i fleire kjelder.¹⁴

Det originale manuskriptet av Heimskringla har gått tapt, men teksta er bevart i fleire gode avskrifter frå 1600-talet. Den som vert betrakta som den viktigaste av desse og som ligg nærmast i tid til originalen, Kringla, vart skriven mellom år 1250 og 1280. Dette vart øydelagd av den store brannen i København i 1728, med unntak av ei side.¹⁵ Den delen av saga som eg nyttar meg mest av, er Magnussønene si søge som omhandlar Sigurd Jorsalfare si ferd.¹⁶ Denne ferda vert omtalt i fleire europeiske kjelder, deriblant Fulcher av Chartres og Albert av Aachen.¹⁷ Dette er med på å gjere sogene om Sigurd meir truverdige med tanke på korleis ferda utvikla seg undervegs.

¹⁰ Beyer, Edvard. 1982. *Norges litteraturhistorie*. [Stabekk]: Bokklubben Nye Bøker, 173-178.

¹¹ Deriblant Sæmundr Frodi Sigfusson (1056-1133) sitt verk som truleg omhandla perioden frå Halvdan Svarte til Magnus den Godes død. Verket til Ari Frodi Torgilsson (1068-1148) vart også nytta, og dette kan ha omhandla tida fram mot Sigurd Jorsalfares død. Begge desse har gått tapt. (Hødnebo, Finn 2009: I Snorri, Sturluson, *Heimskringla*. Oslo: Stenersens forl. XXII.)

¹² Hødnebo, 2009: XXII.

¹³ Beyer 1982: 193.

¹⁴ Bagge, Sverre. 1991. *Society and politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*. Berkeley, Calif.: University of California Press, 240.

¹⁵ Bagge 1991: 11; Hødnebo 2000: XXXII.

¹⁶ Dette gjeld også for Morkinskinna, Fagrskinna og Ågrip.

¹⁷ Andersen 1977: 179.

Framstillinga av Sigurd og følgjet hans, kva motiv dei hadde for ferda og korleis dei oppførte seg undervegs vert rett nok lite omtala i desse samtidige kjeldene, så dette må hovudsakleg baserast på sogelitteraturen.

Morkinskinna

Det handskriftet av Morkinskinna som har vorte bevart, stammar frå andre halvdel av 1200-talet, men det originale verket vart forfatta kring 1220. Delar av det kan vere endå eldre, kanskje frå midten av 1100-talet, og har truleg fleire forfattarar.¹⁸

Karakteristisk for handskriftet som er bevart, er det at skaldekvad vert nytta som belegg for det som vert fortalt og forfattaren har tydelegvis følt seg på trygg grunn når han kunne skrive forteljinga basert på kvad frå samtida. Dette er eit kritisk prinsipp som også Snorre og forfattaren av Fagrskinna har vidareført. Elles baserar forfattarane seg på eldre skriftlege kjelder som *Hryggjarstykki* og islandsk munnleg tradisjon. Verket byrjar med Magnus den gode (1035-1047) og skal visstnok ha enda med saga om Sverre, men den siste delen har gått tapt. Den skil seg frå dei andre kongsogene ved at ei mengde små forteljingar er sett inn i teksten og er berre laust knytte til hovudhandlinga.¹⁹

Sverres saga

Det finnes fire meir eller mindre fullstendig bevarte handskrift av *Sverres saga* frå mellomalderen. Forholdet mellom dei er ikkje heilt utforska, men AM 327 4to frå rundt år 1300 som er gitt ut av Gustav Indrebø, vert rekna som den mest truverdige og vert nytta oftast.²⁰ Soga vart skriven av den islandske abbeden Karl Jønsson og mest truleg var Sverre initiativtakaren til verket. Karl kom til Noreg i 1185 og byrja på verket kort tid etter. Den fyrste delen, "Gryla," det islandske namnet for fælt skremsel, vart skriven medan Karl var i Noreg frå 1185 til 1188-89. Medan "Gryla" vart skriven, satt Sverre og rådde for kva som skulle skrivast.²¹ Den andre delen vart skriven mellom Sverres død i 1202 og kring 1230 og var basert på attgivingar frå venner og fiendar av Sverre, som hadde sett eller høyrd kva som hendte. Det er likevel strid blant

¹⁸ Flokenes, Kåre, and Torgrim Titlestad. 2001. *Morkinskinna*. Hafrsfjord: Erling Skjalgssonselskapet, 7.

¹⁹ Beyer 1982: 123.

²⁰ Bagge, Sverre. 1996. *From gang leader to the Lord's anointed: kingship in Sverris saga and Hákonar saga Hákonarsonar*. [Odense]: Odense University Press, 15; Holtsmark 1961: 9.

²¹ Holtsmark, Anne. 1961. *Sverris saga*. Oslo: Aschehoug, 5.

forskarar om kor langt ut i saga at grensa for "gryla" går. Nokre set grensa ved Magnus Erlingssons fall i 1184, medan andre meiner den slutta allereie ved Erling Skakkes fall i 1179.²² Det er likevel ikkje noko klart skilje mellom delen som vart skriven saman med Sverre og den delen som vart forfatta på bakgrunn av augevitneskildringar. Då saga vart forfatta var det viktig for Sverre å skrive ned historia om tida fram mot sigeren over Magnus. Denne framstillinga skulle støtte og legitimere Sverres krav på kongedømet.²³ Biletet som vert presentert av Sverre og fiendane hans er difor farga av at han sjølv skulle framstå som den rettmessige kongen, noko som ein ser att i både taler, beskrivingar av draumar, forskjellen i framferd hos Sverre og fienden og så bortetter. Ein må difor tenke over dette når ein skal analysere saga. Det har vore tvil kring dei mange talane og om desse verkeleg var Sverre sine eller om dei var forfatta av Karl. Det er truleg at Sverre var kjelda til talane før 1188 og gjengir korleis han ønska å verte oppfatta.²⁴ Likevel kan talene seie noko om den sentrale tankegangen og var truleg representative for Sverre som person.²⁵

Håkon Håkonssons saga

Sturla Tordsson var nevøen til Snorre Sturlason og var i likskap med Snorre både høvding, lovsigemann, skald og historikar. Sturla fekk i 1264 eit oppdrag av Magnus Lagabøte om å skrive saga om far til Magnus, Håkon. Dette skulle vere den offisielle forteljinga om Håkon sitt liv, og skulle skrivast etter kongen si rettleiing og ved hjelp av attgivingar frå kongen sin nærmaste omgangskrets.²⁶ Framstillinga er tørrare enn tidlegare kongesoger, noko som kjem av det rike utvalet av dokumentarisk kjeldemateriale. Han hadde tilgong til brev og oppteikningar i annalane i det kongelege arkivet og ved bispestolane, lovtekster, reiserapportar og kyrkjelege register over dødsfall.²⁷ Verket er difor særst godt dokumentert noko som styrkar kjeldetruverdet og målet hans var å skrive historie fylt med sanne hendingar. Til tross for dette sto ikkje Sturla særleg fritt i skrivinga og var heller ikkje godt kjend med dei

²² Holtsmark 1961: 5.

²³ Krag, Claus. 2005a. *Sverre: Norges største middelalderkonge*. Oslo: Aschehoug, 129.

²⁴ Holtsmark 1961: 7.

²⁵ Krag 2005a: 228-229.

²⁶ Sturla, Þorðarson, and Anne Holtsmark. 2008. *Hákonar saga Hákonarsonar*. Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur, 6-7.

²⁷ Beyer 1982: 195-196.

politiske kampene som gjekk føre seg. Han måtte trø varsamt og vere omsynsfull då han skulle beskrive striden mellom Håkons og hans svigerfar, Skule jarl, noko som førte til at framstillinga av årsakene til striden vart uklår.²⁸ Heile tida skulle saga underbygge Håkons stordom og kongedømet sin glans og framstillinga av Håkon er prega av dette. Likevel er saga langt på veg ei påliteleg kjelde kring Håkons styre og viktige hendingar under hans regjeringstid.²⁹ Det har vorte overlevert fleire handskrift av Sturla Tordsson si saga om Håkon. Ingen av desse gjengir saga i opphavleg form, og dei fleste er defekte. Handskriftet som Anne Holtsmark tekstgrunnlag er handskriftet 81 fol. I den Arnamagneanske samling, utgitt av A. Kjær og Ludvig Holm-Olsen, Kristiania 1910, *Skálholtsbók hin yngsta* som vert rekna for å kome nærmast originalen. Slutten er fylt ut etter *Flateyrbók*.³⁰

1.3 Sogekritikk på 1800-talet

Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch meinte at ein kunne finne ei historisk kjerne i sogelitteraturen, men ein måtte identifisere og ta vekk alt det som var uhistorisk stoff for å finne den. Dette prinsippet gjaldt både fortidssoger og dei meir truverdige samtidsogene. Keyser trudde at sjølv oldtidssogene inneheldt reell historisk informasjon om ein berre fekk reinsa vekk nok uhistoriske trekk. Munch nytta utanlandsk kjeldemateriale for å kunne forkaste dei delane av sogene som ikkje stemde overeins med dette. Han var også meir fokusert enn Keyser på at beretningar som sto nærmare i tid, var meir truverdige.³¹ Gustav Storm la endå meir vekt på dette samtidsprinsippet og nytta stort sett utanlandske beretningar og skaldekvad. Ved hjelp av inngåande tekstanalyse og tekstsamanlikningar kunne han fjerne det uhistoriske meir systematisk. Storm såg ikkje nokon spesiell grunn til å tvile på sogene der ein ikkje kunne finne direkte feil og usannsynleg innhald.³²

1.4 Syn på sogene hos 1900-talets historikarar

Den svenske historikaren Lauritz Weibull var langt meir kritisk til at andre enn samtidsogene kunne nyttast som historiske kjelder. Etter å ha teke vekk segner og

²⁸ Þorðarson 2008: 6-7.

²⁹ Beyer 1982: 198.

³⁰ Þorðarson 2008: 8.

³¹ Helle 2001: 17.

³² Helle 2001: 18.

dikt, var det att berre enkelte hendingar og grove historiske linjer som kunne reknast som vitskapleg haldbar informasjon. Som argument for dette, samanlikna Weibull sogeskrivinga med tidlegare runeinnskrifter, annaloppteikningar og skaldedikt frå samtida og kom fram til at sogene som kom i ettertid var fyldigare og meir uhistorisk og at dei hadde vore påverka av mellom anna nasjonale fordommar og kulturen kring episke litterære framstillingar av historiske hendingar. Det var i hovudsak samtidskjeldene som kunne nyttast til å fortelje noko konkret om fortida, og ikkje sogene som baserte seg på og utbroderte desse.³³ I same tidsrom som Weibull arbeidde den norske historikaren Halvdan Koht i dei same linjene, men gjekk ikkje so langt som Weibull i sitt kritiske syn på sogene. Kohts hovudsynspunkt var at sogeskrivarane tolka fortida i forhold til si eiga tid og at dei hadde vorte påverka av sosiale, politiske og religiøse forhold, noko som har vorte ein naturleg del av historisk sogekritikk.

1.5 Endring i synet på sogekritikk

Knut Helle har laga ei oversikt over dei sagakritiske prinsippa frå 1920- og 30-talet som har prega seinare historieskriving. Dei prinsippa som er mest relevante for dette arbeidet, går i hovudtrekk ut på at samtidige kjelder må prioriterast i forhold til seinare soger og at samtidige skaldedikt er å føretrekke framfor den yngre sagaprosaen som skapar rammene kring desse. Ein må forsøke å identifisere dei tørre fakta i tekstane og ikkje støtte seg til sogeskrivarane si framstilling av årsaker og større samanhengar. Sogeskrivarane kan ha vore påverka av samtida sin kultur og kan dermed ha skrive i lys av denne, difor må ein vere påpasseleg med å sjå etter slike anakronismar. Ein må vere på vakt mot dramatiserande og folkloristiske trekk, men også sogene sin tendens til å fokusere på enkeltpersonar. Til slutt kjem kartlegginga av soga sitt opphav, kven forfattaren var, kven han skreiv den for og kvifor han skreiv den.³⁴ Som nemnt har desse prinsippa prega seinare forskning kring sogene, men Jørn Sandnes ser ein tendens mot slutten av 1900-talet til eit mindre kritisk syn på sogene enn tidlegare. Dette kjem sannsynlegvis av at forskarar frå andre fagfelt som sosialantropologi, arkeologi og litteraturvitskap har bevega seg inn på det historiske fagfeltet og at desse ikkje nyttar ein like streng kjeldekritisk metode.³⁵ Helle spør om

³³ Helle 2001: 19.

³⁴ Helle 2001: 23-24.

³⁵ Sandnes, Jørn. 1996. Claus Krag: Vikingtid og rikssamling 800-1130. *Heimen*, 33: 221-226.

også nordiske historikarar har vendt seg mot ei mindre kjeldekritisk retning og nyttar då Bagge og Jon Vidar Sigurdsson som eit døme.

Medan den tradisjonelle retninga innan sogekritikken har vore kritisk til det sogene kan fortelje om fortida sitt samfunn, er mellom anna Bagge og Sigurdsson meir opne for at sogene kan gi eit rimeleg påliteleg bilete av samfunnsforholda langt bakover i tid. I motsetning til det som har vore det tradisjonelle synet på sogene, at dei kan fortelje noko om individuelle personar og hendingar og ikkje nødvendigvis om samfunnet dei levde i, hevdar Bagge og Sigurdsson at det generelle biletet av samfunnet som vert beskrive i sogene, er meir truverdig enn detaljane. Sjølv om samtalar eller personar er konstruert i ettertid, treng ikkje det å tyde at motiva, normene eller samfunnets oppbygning er dikta opp. Folkloristiske undersøkingar som har vorte utført i Noreg, har synt at motiv, handling og konsekvens av handlingar vart bevart på ein truverdig måte. Ein skal difor ikkje sjå vekk ifrå at det same gjeld i sogene.

Bagge meiner også at 1200-talets sogeskrivarar hadde ein fordel då dei skulle rekonstruere fortida i forhold til moderne historikarar, sidan det var sopass mange likskapar mellom samfunnet dei levde i og tida dei skreiv om.³⁶ Hovudsakleg kan sogene fortelje noko om sogeskrivarane si samtid, men òg til ein viss grad om tidlegare tider. Sigurdsson seier at det er god grunn til å tru at samfunnsutviklinga bar preg av stor kontinuitet innanfor mange områder. Dette kan til dømes vere måtar å løyse konflikhtar på, gåvmildskap og forpliktingar i forhold til slekt og vener. I tillegg hadde folk på 1200-talet forholdsvis god oversikt over sine forgjengarar, spesielt slektningar og mektige personar. Sigurdsson støttar seg også til eit argument frå Vésteinn Ólason, professor i islandsk litteratur, om at forfattarar på 1200-talet sannsynlegvis ikkje gjekk saman om å dikte opp ei fortid der dei var einige om korleis samfunn, kultur og religion skulle beskrivast.³⁷

Helle kritiserar dette nye og mindre kritiske synet på sogene og seier at argumenta er for lite underbygde til vere ordentleg haldbare. Han meiner at det

³⁶ Bagge 1991: 240; Bagge, Sverre. 2002. *Mellom kildekritikk og historisk antropologi. Olav den hellige, aristokratiet og rikssamlingen*, *Historisk tidsskrift* 81, 2002: 173-212, 174; Helle 2001: 33-36; Sigurðsson, Jón Viðar. 1993. *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*, Historisk Institutt, Universitetet i Bergen, Bergen, 26.

³⁷ Sigurdsson 1993: 30; Vésteinn Ólason. 1987. *Kilderne til den tidlige middelalders historie*. 1987. Vol. 1, *Rapporter til den 20 nordiske historikerkongres, Reykjavik*. Reykjavík: Sagnfræðistofnum Háskóla Íslands, 38.

biletet som Bagge og Sigurdsson teiknar av fortida gjennom sogene må utsetjast for den same sogekritikken som vert nytta for å skilje ut dei meir pålitelege hendingane og personane i sogene. Det er likevel meir haldbart enn noko av det arbeidet som andre fagmiljø har gjort kring sogene seier Helle.³⁸ Bagge på si side er einig i at det trengs fleire argument for å bygge under dette nye synet, men seier også at dei som støttar den tradisjonelle kjeldekritikken ikkje har sett seg godt nok inn i dei ulike arbeida som har vorte gjennomført av den nye retninga.³⁹

Kjeldekritisk vil dette arbeidet legge seg opp mot den retninga som Bagge og Sigurdsson representerar. Eg kjem til å nytte meg av taler, forteljingar og samtaler ikkje nødvendigvis fordi desse er historisk korrekt, men fordi budskapet og haldningane og normene som desse syner vil kunne gi eit bilete av kva verdiar og ideal som var rådande. Under analysen av SvS og HHS er det viktig å ta i betraktning at sogene har som hensikt å legitimere deira rett til trona og å framheve deira gode kvalitetar i forhold til fiendane sine.

1.6 Eit samfunn bygd på ære

Johan Hovstad tek for seg dei ulike sidene ved samfunnslivet på Island kring 1100- og 1200-talet og ser mellom anna på forholdet mellom sjølvhevding og ære. I eit samfunn der dei indre eigenskapane ikkje var av stor tyding, men der ytre eigenskapar var grunnlaget for korleis ein vart sett på som person, var det heile tida viktig å hevde seg sjølv for å få ein positiv omtale av folk rundt seg. Ved å syne verdiar som var viktige for samfunnet, slik som makt, mot og gåvmilde vart ein sett på som ærefull av folk rundt seg.⁴⁰ Dette var noko som i stor grad var likt for Skandinavia i denne perioden. Medan handlingar som vart sett på som positive førte til oppretthalding eller auke av ære, ville negative handlingar føre til skam for ein sjølv, men også for slekta eller gruppa ein tilhørde. Dersom ein kom ut som taparen av ei konflikt ville ein også miste noko av æra si, medan sigerherren fekk meir.⁴¹ Arnved Nedkvitne påpeiker at sjølv om ein mista ære, kunne ein aldri verte

³⁸ Helle 2001: 36.

³⁹ Bagge 2002: 174.

⁴⁰ Hovstad, Johan. 1943. *Mannen og samfunnet: studiar i norrøn etikk*. Oslo: Samlaget, 17-43.

⁴¹ Foote, Peter, and David M. Wilson. 1970. *The Viking achievement: the society and culture of early medieval Scandinavia*. London: Sidgwick & Jackson, 424; Sigurdsson 2008: 21, 86-87.

ekskludert frå æressamfunnet, men ein kunne møte fleire problem og fekk lågare status.⁴²

Den totale mengda av ære i eit samfunn kunne derimot ikkje auke i følge William Miller, men vart heller vurdert av folk som minkande. Dette kjem av at handlingar frå før i tida var dristigare og mennene var djervare og dermed at dei hadde meir ære.⁴³ Dette er ikkje Nedkvitne nødvendigvis einig i. Han viser til eit tilfelle der to brør vart åteken av fleire fiendar, men nektar å overgi seg og kjemper til døden. Sigerherrane fekk vann ære fordi dei hadde synt at dei hadde makt til å ta liv, medan brørne fekk ære for å ha møtt døden med ære. Her fekk heile det islandske samfunnet fekk meir ære fordi krigarane hadde synt eigenskapar som var verdifulle for samfunnet.⁴⁴

Gro Steinsland seier at æra var det grunnleggande etiske verdisystemet i vikingtida og gav retningslinjer for korleis ein skulle vurdere ulike situasjonar, noko som kan samanliknast med korleis samvit vert nytta i kristendomen.⁴⁵ Nedkvitne er einig i at ære skulle gi samfunnet kunnskapar om korleis ein skulle te seg ved ulike høve, men det kunne vere vanskeleg å omsetje dette i praksis. Ofte vart dette ansvaret lagt på dei mektigaste medlemmane av æresgruppa. Utfallet kom mellom anna an på kor krenkande handlinga hadde vore, kven som var involverte og kva høvdingar eller grupperingar desse tilhørde.⁴⁶ Retningslinjene fungerte altså opp til eit visst nivå, men om situasjonen involverte personar av høg stand med mektig familie, var det ikkje alltid opp til den einskilde å ta ei avgjersle. Utover 1200-talet hadde kyrkja godt på veg teke over posisjonen som moralsk rettleiar, men æra kom likevel i konflikt med kyrkja sin bodskap.

Dersom ein person i det norrøne samfunnet vart krenka gjennom fornærmingar, urettmessig handsaming eller drap på familiemedlemmar, kunne ein verte omtala med forakt av andre. Om ein følte seg krenka, skulle ein reagere på ein slik måte at det ikkje hendte fleire gonger. Dersom ein for alvor hadde krenka æra til nokon, var

⁴² Nedkvitne, Arnved. 2011. *Ære, lov og religion i Norge gjennom tusen år*. Oslo: Scandinavian Academic Press, 85

⁴³ Miller, William Ian. 1990. *Bloodtaking and peacemaking: feud, law, and society in Saga Iceland*. Chicago: University of Chicago Press, 30.

⁴⁴ Nedkvitne 2011: 42.

⁴⁵ Steinsland, Gro. 2005. *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax, 383.

⁴⁶ Nedkvitne 2011: 49-50.

det nødvendigvis ikkje noko ein kunne betale seg ut av. I slike tilfelle var det vanlegast for krigarar å hemne seg direkte på den som hadde krenka æra si, for hemndrap gav meir oppreising enn bøter. Dette kunne utløyse ei rekke drap, fram og tilbake mellom grupper og familiar gjennom fleire generasjonar.⁴⁷

Hovstad meinte at fokuseringa på korleis andre såg deg førte til at islendingane fekk eit "kvilelaust jag etter ære som er eit av dei veikaste punkta i norrøn livskunst."⁴⁸ Dette jaget førte til eit ustabilt samfunn i hans auge.⁴⁹ William Ian Miller er einig i at nærmast all sosial handling i den islandske kulturen var styrt av ære. Men han meiner derimot at det ikkje nødvendigvis førte til ustabilitet. Den ærefulle person hadde mange ulike måtar å auke æra si på, og vald trong ikkje å vere ein av dei sjølv om tydinga framleis var at andre ikkje burde trække på han. Det viktigaste av desse var vennskap gjennom resiprositet med andre ærerike personar. Dette systemet var med på å styrke freden og samtidig få auka ære.⁵⁰ Dagfinn Skre er også meir nyansert i omtala av æressamfunnet. Han meiner at bruken av ære kan sjåast på som ein stabiliserande faktor i det førststatlege samfunnet i Noreg, men at normene kring ære sjeldan fungerte isolert frå andre normer, materielle forhold eller enkeltpersonar og grupperingar sine eigne interesser og haldningar. Difor kunne og ville det oppstå konflikhtar når personar si ære skulle vurderast.⁵¹

Hovstad peikar også på at sjølvhevinga var viktigare enn i Noreg kring 1100- og 1200-talet, for der var æra meir knytt opp mot tittel og rang, spesielt om ein var i kongens teneste. På Island var dei ingen sterk sentralmakt og difor var det fritt fram for å hevde seg, noko som førte til meir vald og drap.⁵² Sigurdsson er einig i at det ikkje var noko reelt maktapparat til å halde orden, og at Alltinget ikkje kunne gjere anna enn utøve press på den som var skulda for ei forbryting. Det var heller ikkje målet til tinget å utøve rettferd og straff, men heller å stabilisere forholda og å skape fred. Dette fungerte nokså tilfredsstillande på Island, men hevdar at desse metodane ikkje fekk den same effekten i Noreg.⁵³

⁴⁷ Foote 1970: 424.

⁴⁸ Hovstad 1943: 22.

⁴⁹ Hovstad 1943: 24-25.

⁵⁰ Miller 1990: 302-303.

⁵¹ Skre, Dagfinn. 1998. Herredømmet: bosetning og besittelse på Romerike 200-1350 e. Kr, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo, 21-22.

⁵² Hovstad 1943: 17-43.

⁵³ Sigurdsson 2008: 99-101.

Sidan det var eins eigne handlingar som bestemte om æreskapitalen skulle auke eller minke, var det viktig å syne seg fram gjennom idrett, vikingferder eller krigføring.⁵⁴ Det var gjennom desse aktivitetane at krigaren fekk syne fram dei verdiane som gav størst ære meiner Hovstad. Gjennom å vise mot og djervskap, og at ein ikkje var redd for nokon ting, var vegen lagt for heider og ære. Det fryktlause motet var den største dyd, medan redsle var den største skam.⁵⁵ Det vert ved fleire høve fortalt om heltemodige krigarar som kjempa tappert mot overmakta og fekk ære på den måten, men i Snorres kongesoger vert det like ofte peika på tilfelle der ein får ære av sigeren og den skamma som vart brakt over taparen. Dersom ein flykta frå kamp, synte ein veikskap, noko som kunne føre til tap av venner og allierte. Difor kunne det vere betre å nekte å flykte, for utan allierte var det vanskeleg å skaffe seg framtidig suksess. Ein måtte likevel vurdere kor langt det var verdt å gå og i kva tilfelle det var verdt å framprovosere konflikhtar.⁵⁶

Tidleg på 1000-talet fekk ein i Noreg eit alternativ til vikingferder, nemleg å verte ein del av kongens hird, hans eige profesjonelle krigarfølgje.⁵⁷ Dette var djerve dugelege menn med ambisjonar om rikdom, ære og status, og besto av mellom anna lokale høvdingar og unge menn frå eliten.⁵⁸ Kongane sine krigarfølgjer kunne variere etter kor store ressursar kongen hadde tilgjengeleg. I Heimskringla vert det sagt at størrelsen på følgjet normalt hadde lagt på 60-70 menn før 1000-talet, medan det vaks til kring 120 utover 1000-talet. Dei var vanlegvis ikkje større enn dette, både på grunn av kostnadar og veitsleordninga.⁵⁹ Krigføring og overskot var heile tida nødvendig for å halde ei stor hird, samtidig som ein større hird kunne vere med på å skaffe kongen større rikdomar.⁶⁰ Forholdet mellom herre og krigar var langvarig og vart sett på som ærerikt for begge partar, og krigarane vart løna med flotte gåver som sverd, rustningar eller eigedom. Desse gåvene var viktige på grunn av statusen som dei førte med seg, for dei synte både kor mektig herren var og kor dugande krigarane var. Dess flottare og meir verdifulle gåver ein fekk dess større var æra som følgde.⁶¹

⁵⁴ Sigurdsson 2008: 21, 86-87.

⁵⁵ Hovstad 1943: 137.

⁵⁶ Bagge 1991: 165.

⁵⁷ Ersland, Geir Atle, and Terje H. Holm. 2000. *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Vol. B. 1, *Norsk forsvarshistorie*. Bergen: Eide, 36.

⁵⁸ Sigurdsson 2008: 118.

⁵⁹ Ersland 2000: 37-38.

⁶⁰ Sigurdsson 2008: 24, 118

⁶¹ Underwood, Richard. 1999. *Anglo-Saxon weapons and warfare*. Stroud: Tempus, 108.

Gåveutveksling var ei æressak og dersom ein ikkje følgde opp ei gåve, tapte ein ære. Lojaliteten til ein mann var difor basert på mellom anna verdien på gåva han hadde fått tildelt.⁶² I tillegg til gåveutvekslinga oppsto det eit sterkt band mellom herre og krigar ved at dei kjempa og budde ilag. Gåver var viktige for å kaste ære over begge partar og for å oppretthalde lojaliteten, men det var også særst viktig med det personlege bandet som oppsto over tid. Det var slike band som gjorde krigarane villige til å vere heilt og fullt trufast, å lyde alle ordrane til herren og i nokre tilfelle følgje herren sin i døden.⁶³ Griffith vektlegg desse nærme banda mellom krigarar og herre og ser på det som deira hovudstyrke i kamp. Tilliten til at krigarane som kjempa ilag ville ofre alt for å beskytte di ubeskytta side var avgjerande. Alt var avhengig av gruppesamarbeid der ingen veik unna.⁶⁴

Ære var særst viktig for korleis ein vart sett på som person i det norrøne samfunnet. Ein måtte heile tida vakte æra si og helst forsøke å auke den. Dette kunne føre til ustabile forhold, men også fredelege. Ære kan også tolkast som retningslinjer for oppførsel i kvardagslivet og i krigføring. Kring 1000-talet vart kongens hird eit alternativ for ambisjuse krigarar som søkte ære. Forholdet mellom krigar og herre var basert på vennskap og resiprositet og var ærerikt for begge partar. Herren syntte krigarane sine ære ved å lønne dei med gåver, medan krigarane syntte ære til herren sin ved å vere gode krigarar. Stadig krigføring og eit liv tett på kvarandre skapte difor sterke lojalitetsband noko som var krigarfølgjet si store styrke i kamp.

1.7 Forholdet til gudane og døden

I ein folkereligion, som den norrøne, er fokuset meir retta mot fellesskapet og livet ein lever der og då. Ein har sjeldan omfattande forklaringar på døden, men aksepterar at ein skal døy og at ein kjem til eit dødsrike. I den heidenske trua var det mange forskjellige førestellingar om dødsrike som levde side om side⁶⁵, og Steinsland sitt inntrykk er at det sannsynlegvis ikkje fantes noko systematisk lære om forholdet kring desse rika.⁶⁶ Nedkvitne seier at tanken kring dei fantes i samfunnet og at det difor må

⁶² Skre 1998: 18-20; Ersland 2000: 31.

⁶³ Foote 1970: 104; Sigurdsson 2008: 118.

⁶⁴ Griffith, Paddy. 1995. *The Viking art of war*. London: Greenhill Books, 195.

⁶⁵ Hel var eit mørkt og dystert rike der dei som døyde av sjukdom og alderdom enda opp. Rans rike var for dei som mista livet på havet. Det mest kjende dødsriket var Valhall, Odins eigen gard. Hit kom dei aller beste krigarane.

⁶⁶ Steinsland, Gro 2005: 32, 347-348.

ha vore eit visst forhold mellom dei. Sjølv om ein ikkje hadde ei systematisk lære om dødsrike, var Valhall knytt til krigarane og Hel var for alle andre.⁶⁷ Andreas Nordberg er meir sikker i si sak på at krigarar flest var klar over at Valhall var deira dødsrike. Det finnes døme på at eliten og deira krigarfølje kunne vere del av ein kult som var intimt knytte til Odin og at denne Odin-tilbedinga påverka krigarfølgja i krig.⁶⁸ Fleire stadar i fornaldersogene vert det likevel understreka at berre menn frå eliten fekk innpass, ingen av låg byrd eller menn frå uklår ætt.⁶⁹ Sjølve krigen vart sett på som ei gåve frå gudane, og kamp med døden som følgje var ein måte for framstående individ å få slutte seg til gudane på.⁷⁰ Dette indikerar at i alle fall at krigarane var fullt klar over at Valhall var staden for eliten, mens Hel var for folk flest, vanlege menneske, eit syn som også Anders Hultgård støttar.⁷¹

Hultgård har kome fram til at myten om Odin der han tek til seg falne krigarar, einherjar, kan tolkast som del av krigarideologien. Denne læra om endinga på livet og det vidare livet etter døden appellerte sterkt til krigarelite i vikingtida. Sidan det var berre krigarar av høg byrd og god ætt som fekk tilgong til Valhall, fekk aristokratiet ei naturleg makt fordi dei hadde eit so nært forhold til gudane. Dette kunne dei utnytte til å skaffe seg ein betre posisjon i samfunnet, fordi dei hadde moglegskap til å velje dei beste krigarane til hirda si, som igjen fekk nytte forholdet til å skaffe seg ein plass hos Odin. Dermed fekk aristokratiet ein einestående moglegskap til å styrke makta si ytterlegare.⁷²

Det var ikkje var eit mål for krigarane å leve eit langt liv, men snarare å føre krig for å skaffe seg gull og ære før ein møtte døden på ærefullt vis, hevdar Sigurdsson. Det var betre å døy ung og ærefull, enn å verte gamal og hamne i Hel. For å setje det på spissen, så kan det hevdast at å døy som ein krigar var for nokre eit ettertrakta gode, noko som også Steinsland og Nordberg seier seg einig i.⁷³

⁶⁷ Nedkvitne, Arnved. 1997. *Møtet med døden i norrøn middelalder: en mentalitetshistorisk studie*. [Oslo]: Cappelen akademisk forlag, 31-34.

⁶⁸ Nordberg, Andreas. 2003. Krigarna i Odins sal: dödsföreställningar och krigarkult i fornnordisk religion, Stockholms universitet, Religionshistoriska institutionen, Stockholm, 90-92.

⁶⁹ Nordberg 2003: 149-150, 203, 216, 275.

⁷⁰ Nordberg 2003: 149-150.

⁷¹ Nedkvitne, Arnved 1997: 34; Steinsland 2011: 7; Hultgård, Anders. 2011. "Odinn, Valhall and the einherjar. Eschatological Myth and ideology in the late Viking period." I Steinsland, Gro. *Ideology and power in the Viking and Middle Ages: Scandinavia, Iceland, Ireland, Orkney, and the Faeroes*. Edited by G. Steinsland. Leiden: Brill, 325.

⁷² Hultgård 2011: 325.

⁷³ Nordberg 2003: 125; Sigurdsson, Jón Viðar. 1999. *Norsk historie 800-1300: frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt*. Oslo: Samlaget, 57-58.

Døden står difor i nært samband med ære og etternæle og Foote seier at når krigaren innsåg at døden nærma seg, var dette ein eineståande muligheit til å syne seg som fryktlaus og djerv heilt til det siste, noko som gav stor ære og godt ettermæle.⁷⁴ Nedkvitne påpeiker at eddadikta framstillar det som at gudane ikkje er opptekne av menneska sin lagnad. Odin ynskjer dei tapraste krigarane fordi han har behov for dei, ikkje for å løne dei med eit godt liv etter døden. Handlingane ein utførte og korleis ein oppførte seg då døden nærma seg var det viktigaste for ettermælet ditt, men det var også ein måte å få kome til Valhall på.⁷⁵

Den dødsforakta og fryktløysa som krigarane skulle syne i kamp reflekterer gudane sitt ideelle bilete av ein krigar, for det var akkurat slike menn Odin trong til den endelege kampen, Ragnarok. Det var sannsynleg at trua om eit liv i Valhall etter døden virka som ei trøyst og ei forklaring for dei som uventa møtte døden på slagmarka.⁷⁶ Det ville også gi betre kampånd og sjølvtilitt av å vite at det venta eit liv etter døden.⁷⁷ I den norrøne verda var ikkje gudane allmektige og dermed hadde dei heller ikkje kontroll på lagnaden. Dette var Nornene sitt ansvarsområde og dei visste ikkje berre lagnaden til gudar og menneske, dei kunne også skape den, noko som førte til at trua på lagnaden var større enn trua på gudane.⁷⁸ Dette var ikkje ein negativ for krigaren, det var heller styrkande. Døden ville kome når tida var inne og ikkje før, noko som hjelpte dei å behalde sinnsroa og standhaftigheita si i kamp.⁷⁹

Kongen var i den heidske perioden innsett av gudane, og dermed kunne hans lukke bringe fred og framgong til folket. Dersom folk levde godt i fredstid og kongen sigra i krigstid, var dette ei stadfesting på at gudane var på kongen si side.⁸⁰ Om landet vart usett for uår, naturkatastrofar eller andre ulukker, var det eit teikn på at kongen hadde mista gudane si støtte. På grunn av dette var kongen alltid ute etter å skaffe seg meir ære og makt for å overtyde folket om at gudane framleis var på deira side. Ved å aktivt oppsøke krigføring kunne kongen syne at gudane støtta han

; Steinsland 2005: 178.

⁷⁴ Foote 1970: 430.

⁷⁵ Nedkvitne 1997: 37-38.

⁷⁶ Steinsland 2005: 178.

⁷⁷ Griffith, Paddy 1995: 183, 188.

⁷⁸ Steinsland 2005: 102.

⁷⁹ Foote og Wilson 1970: 430-432.

⁸⁰ Steinsland 2000: 54

og vanlegvis gjekk han heilt fremst i kampen for å syne at han hadde hellet med seg.⁸¹

Dei fleste krigarane kjende til muligheita av eit liv i Valhall etter døden. Dette gjorde det enklare å halde roa på slagmarka og for å syne mot og fryktløyse. Målet var ikkje nødvendigvis eit langt liv, men å skaffe seg ære og eit godt ettermæle. Høvdingane sitt forhold til gudane gjorde det mogleg å skaffe seg gode krigarar som var ute etter å få tilgong til Valhall. Men dette forholdet førte også med seg eit ansvar. Medgong i krig og gode tider for folket synta at gudane støtta dei, men når ting gjekk gale fekk høvdingane skulda. Gudane styrte likevel ikkje lagnaden til menneska, noko som tilsa at dei sjølve var ansvarlege for å vinne kampane sine gjennom djervskap og fryktløyse.

1.8 Grid

Grid kan omsetjast til nåde, men det hadde ein litt anna funksjon enn berre å spare livet til nokon. Det var ikkje vanleg å sleppe laus krigsfangar mot løysepengar. Sigerherren bestemte lagnaden til dei attverande fiendane, noko som anten meinte grid, avretting eller at dei vart træljar. Vanlegvis var grid berre ein utveg for dei krigarane som skilde seg ut ved å vise meir mot, djervskap og snarråd enn dei andre, seier Ersland. Dette var verdiar som vart sett stor pris på blant krigarar, og dersom nokon utmerka seg ville dei kunne få tilbod om grid, for ein høvding var ofte interessert i fleire gode krigarar. Dersom sigerherren då var villig til å spare livet til motstandaren vart det krevja at han skulle vere trufast mot sin nye herre og ikkje kjempe mot han fleire gonger.⁸² Det er dermed ikkje sagt at motstandaren ville ta imot tilbodet om grid. For det fyrste var det viktig at den som tilboud grid, var av høgare rang enn ein sjølv og helst ein mektig høvding som gav ein rett til å tene under seg. Dersom ein var av lågare rang, innebar det at den som tok imot grid tapte ære. I verste fall kunne ein verte redusert til træl, ein slave som var lågast på rangstigen, noko som var det verste som kunne hende ein mektig krigar. For det andre var lojalitetsbanda ofte særst sterke mellom krigar og herre, difor var det nokre krigarar som føretrakk døden framfor å svike herren sin.

⁸¹ Sigurdsson, Jon Vidar 2008: 29; Ersland 2000: 24.

⁸² Ersland, Geir Atle 2000: 32; Bagge 1991: 166.

Sjølv om ein måtte sverje truskap til sin nye herre, samanliknar Bagge dette truskapsbandet med bandet ein får gjennom gåveutveksling. Ved å ta imot ei gåve, forplikta ein seg til å gi tilbake ei gåve av lik verdi. Dersom ein ikkje kunne betale tilbake i rikdomar, måtte ein i staden skulde sine tenester.⁸³ Eit døme på dette er krigarfølgjet som vart lønna for tenestene sine med gåver. Dei var pliktige til kjempe for herren i krig, lyde alle hans ordre og å vere lojal ovanfor han ved alle høve, noko som krevja absolutt truskap.⁸⁴ Gåveutveksling vart også nytta for å knytte vennskap og alliansar mellom andre høvdingar og stormenn, men det var ikkje nødvendigvis noko sikkert band som vart danna og det var som oftast svakare enn bandet mellom krigar og herre. Bagge seier at det i norrøn tid var lite freistande å måtte syne absolutt truskap til nokon. Ein mann av lågare status som var nøydd å betale tilbake gåva i form av tenester var truleg meir lojal enn ein mann av lik status som kunne gi ei gåve av lik verdi tilbake.⁸⁵ I likskap med å gi grid til fiendane sine kunne ein aldri stole heilt og fullt på at slike eidar vart haldne, men det kunne likevel vere betre å skaffe seg ein mogleg alliert enn å få heile slekta og venene hans mot seg om ein ikkje gav grid. Dei mest hardnakka fiendane, spesielt dei som kjempa om trona, fekk sjeldnare grid. Det vart sett på som for farleg å la dei leve.⁸⁶ Det å gi grid til andre ved høve der ein hadde rett til å ta livet deira, kunne også gi meir ære hevdar Nedkvitne. Ved å gi fiendane livet i gåve, synte sigerherren at han var herre over andres liv og død. Fienden vart teke inn att i samfunnet, men i ein lågare posisjon enn tidlegare.⁸⁷

Grid vart gitt til krigarar frå den tapande sida som utmerka seg i slaget ved å syne djervskap og fryktløyse. Dersom dei tok imot grid var dei nøydde til å vere lojale mot sin nye herre. Denne lovnaden var ikkje alltid sikker, men høvdingen hadde likevel ein mulighet til å skaffe seg nye tilhengjarar. Det var likevel ikkje sikkert at ein ynskte å ta imot grid på grunn av sterke lojalitetsband til herren sin og mulighet for tap av ære. Nokre gjekk difor i døden framfor å verte underkasta ein ny herre. Dette kan samanliknast med bandet ein knytte gjennom gåveutveksling, og sidan livet var ei sær stor gåve, var de forventa at ein skulle gi noko tilbake

⁸³ Bagge 1991: 156.

⁸⁴ Foote 1970: 100-105; Sigurdsson 2008: 118; Skre 1998: 18-20, 259-261, 302; Underwood 1999:108.

⁸⁵ Bagge 1991: 156.

⁸⁶ Bagge 1991: 167.

⁸⁷ Nedkvitne 2011: 44.

2.0 Ferda til Sigurd Jorsalfare

I dette kapittelet vil eg for det første granske ideal og verdiar hjå krigar og konge gjennom å diskutere Sigurd Jorsalfare si ferd. 1100-talet vert gjerne vurdert som ei brytningstid i Europa så vel som i Noreg, og ferda til Sigurd kan difor tene som utgangspunkt for å tematisere spørsmålet om kontinuitet eller endring med omsyn til verdiar slik som ære, fryktløyse, gleda ved å plyndre og fromleik. Ei slik undersøking vil også danne grunnlag for ta opp igjen det gamle spørsmålet om Sigurds ferd var eit krosstog, ei pilegrimsferd, ei plyndringsreise – eller ein kombinasjon. Ei andre målsetjing med dette kapittelet er å granske relasjonen mellom verdiar og ideal – og eventuelle endringar i desse – og den sosiale røyndommen. Drøftinga av Sigurds ferd vil nødvendigvis stå sentralt her, men eg vil også diskutere kristendommens fotfeste samt påverknad frå kyrkja.

2.1 Konsilet i Clermont og dets følgjer

Tretten år før Sigurd la ut på ferda si mot Jorsal,⁸⁸ fann det stad eit konsil i Clermont. Under dette konsilet, som på mange andre, tala Pave Urban II om å gjenopprette freden i Europa. Den konstante krigføringa mellom kristne stormenn fortsette å rase, til tross for kyrkja sitt forsøk på å innføre Guds fred, som skulle forsøke å dempe denne ufreden. I samanheng med dette, oppfordra Urban tilhøyrarane sine til å støtte sine brør i aust.⁸⁹ Det bysantinske rikets landområde var under angrep frå muslimar, dei same som hadde teke Jerusalem og resten av Det Heilage Landet. Paven ynskte også at våpenføre menn skulle ta tilbake Jerusalem som ei oppgåve frå Gud sjølv.⁹⁰ Sjølv om fleire krosstogskrønikarar har skrive ned tala til Urban, deriblant Fulcher frå Chartres som skal ha vore tilstades, kan ein ikkje vere sikre på detaljane kring det som vart sagt under konsilet. Likevel stemmer desse kjeldene sopass overeins at ein kan vite omtrent kva bodskapen til Urban var.⁹¹ Uavhengig av detaljar førte pavens utsegner til at menneske frå alle samfunnslag ville delta, både fattige og rike. Det var ei kostbar affære å arrangere ei slik ferd, og fleire måtte selje både landområde og eigedelar for å skaffe nok pengar. Det har vore mange diskusjonar kring kvifor so

⁸⁸ Jorsalaheim, Jorsal eller Jorsalaborg er alle namn på Jerusalem.

⁸⁹ Richard, Jean. 1999. *The Crusades, c. 1071-c. 1291*. Cambridge: Cambridge University Press, 20.

⁹⁰ Tyerman, Christopher. 2005. *The crusades: a very short introduction*. Oxford: Oxford University Press, 12.

⁹¹ Richard 1999: 21.

mange valde å delta. Ein av grunnane var syndeforlatinga ein fekk ved å kjempe for Gud mot kyrkja sine fiendar. Dette kunne vere ei unnskyldning for krigarar til å fortsette med det dei alltid hadde gjort, berre at dei no ville sleppe å lide for syndene sine.⁹² Sjølv sagt var dette forlokkande også for andre enn krigarar, difor var det mange vanlege folk som såg ein sjanse til å få forlating for syndene sine. Heilt sidan konsilet, har det også vore mistanke om at enkeltpersonar eller heile grupper har hatt andre motiv enn andelege då dei valde å melde seg frivillig, noko som er høgst sannsynleg. Både vanlege folk og stormenn såg sitt snitt til å opparbeide seg rikdomar, landområde og makt.⁹³ Det har også vore ulike oppfatningar kring kva som var motiva til Sigurd og mennene hans. Den tradisjonelle konklusjonen har vore at det var ei siste vikingferd eller ei plyndringsferd for å skaffe seg rikdom og ære. Det har kome nokre bidrag kring norske krosstog, men det er ikkje eit tema som er nøye kartlagt. Halvdan Koht kom i 1924 ut med ein artikkel som omhandla Sigurd Jorsalfares ferd i 1108-1111,⁹⁴ og kring same tid skreiv Finnur Jónsson om Ragnvald Kales ferd i 1153-1155.⁹⁵ Av nyare forskning på området finn ein Gary B. Doxey som kom med ein artikkel om Sigurds åtak på dei Baleariske øyene og Nedkvitne sin artikkel om ferda til Sigurd.⁹⁶ Utifrå eiga analyse og den forskinga som har vorte gjort på området, skal eg no sjå nærmare på kva grunnar Sigurd og hans menn hadde for å ta til på ei slik ferd.

2.2 Krosstog, pilegrimsferd eller plyndringsreise

Etter at Magnus Berrføtt mista livet i Irland, vart sonene hans Sigurd, Øystein og Olav kongar i Noreg. Ikkje lenge etter at dette hendte, vert det i Snorres kongesoger nemnt at nokre av dei mennene som hadde vore med Skofte Ogmundsson til Jorsalaheim og Miklagard⁹⁷, no var komne heim til Noreg. Desse mennene fortalde om ferda si og det dei hadde opplevd. Det vart også sagt at ein ville få ei mengde gull

⁹² Riley-Smith, Jonathan. 2009. *What were the crusades?* Basingstoke: Palgrave Macmillan, 4-5.

⁹³ Housley, Norman. 2006. *Contesting the crusades*. Malden, Mass.: Blackwell, 75-77.

⁹⁴ Koht, Halvdan. 1924. "Kong Sigurd på Jorsalaferd" i norsk HT Femte Rekke Femte Bind, Kristiania.

⁹⁵ Jónsson, F. 1912-1913. "Ragnvald jarls Jorsalfærd" i dansk HT Fjerde Bind, Kjøbenhavn.

⁹⁶ Doxey, Gary B. 1996. "Norwegian Crusaders and the Balearic Islands", *Scandinavian Studies*; Nedkvitne, Arnved. 2005. "Why Did Medieval Norsemen Go on Crusades?" I Lehtonen, Tuomas M. S., Kurt Villads Jensen, Janne Malkki, and Katja Ritari. *Medieval history writing and crusading ideology*. Vol. 9, *Studia Fennica, Historica*. Helsinki: Suomalaisen kirjallisuuden seura.

⁹⁷ Miklagard er det norrøne namnet på Konstantinopel.

dersom ein tok teneste som leigesoldat hos keisaren i Miklagard. Dette førte til at fleire fekk lyst til å legge ut på ei slik ferd, og mennene ynskte at anten Sigurd eller Øystein skulle vere med som høvding for dei.⁹⁸ I MS vert det ikkje nemnt noko om Skofte sine menn, men det står derimot at: "I fyrstninga då dei alle tre brørne sat i riket, vart Kong Sigurd svært brå til å ferdast ut or landet til Jorsal med råd frå brørne sine og alle dei beste menn i Noreg for å kjøpa seg Guds miskunn og ære."⁹⁹ I Ågrip står det også at det var Sigurd som vart lysten på å reise til Jorsal, og mennene til Skofte er heller ikkje nemnde her. Det står derimot ikkje at ferda var for å kjøpe seg Guds miskunn, men at dei allereie hadde kjøpt seg Guds miskunn ved å gjere trældom om til fridom.¹⁰⁰ I Fagrskinna står det ikkje noko om motiv, berre at Sigurd hadde gjort klar ferda si med store kostnader.¹⁰¹

Det er interessant å sjå den ulike framstillinga av kva som var grunnen til ferda. I Snorres kongesoger er det nyhendene til Skofte sine menn som inspirerar fleire nordmenn til å ta til på ei liknande reise. Det er desse som igjen får overtala Sigurd til å leie dei. I MS og Ågrip er det derimot Sigurd sjølv som tok initiativet til ferda. I tillegg er det berre MS som legg vekt på at ferda vert gjort for å kjøpe seg Guds miskunn. I Ågrip vert det nemnt at dei kjøpte seg Guds miskunn, men det var i samband med frisetjinga av trælane i Noreg. Begge nemner altså at guds miskunn var eit mål, men det var høgst ulike gjerningar som var utgangspunktet for å oppnå dette.

Utifrå desse framstillingane åleine, kan ein ikkje seie noko sikkert om bakgrunnen for ferda og kva som var motivet deira. Gjennom å utforske resten av ferda og sjå korleis den vart framstilt kan ein danne seg eit klårare bilete av kva som fekk nordmennene til å legge ut på ei slik reise.

2.3 Ære og rikdom

I det førre kapitlet vart det teke opp kor viktig ære var for samfunnet. For nokre av krigarane og høvdingane var det eit mål å skaffe seg eit best mogleg ettermæle

⁹⁸ Snorri, Sturluson, and Finn Hødnebo. 2009. *Heimskringla*. Oslo: Stenersens forlag, 547: Frå no av vil eg nytte forkortinga SK.

⁹⁹ Flokenes, Kåre, and Torgrim Titlestad. 2001. *Morkinskinna*. Hafersfjord: Erling Skjalgssonselskapet, 241: Frå no av vil eg nytte forkortinga MS.

¹⁰⁰ Indrebø, Gustav, Arnt Løftingsmo, and Bjarne Fidjestøl. 1973. *Ágrip af Nóregs konunga sögum*. Oslo: Samlaget, 73.

¹⁰¹ FS: 343.

gjennom å utføre ærefulle handlingar og då spesielt gjennom krigføring og hærferder. Det var då krigaren fekk dei beste mulighetene til å syne kor djerv og fryktlaus han var, noko som var høgt verdsette verdiar. For andre var rikdomen ved krigføringa målet, for denne kunne investerast i større maktgrunnlag gjennom vennskap, alliansar og fleire gode krigarar. I denne delen vil eg undersøke korleis synet på ære vert framstilt i samband med Sigurds ferd og sjå etter teikn på om rikdom og ære var motivet deira.

Det fyrste slaget der følgjet er involvert i kamp mot heidningar, som i dette tilfellet var vikingar, var ved kysten av Spania. I følgje MS var Sigurd "glad då dei la saman skipa, og sa at det var høveleg å visa om nordmennene kunne slåst eller ikkje."¹⁰² Både SK og MS omtalar deretter alle fiendane som vart felt av høvdingen og hans menn og at dei drap alle som ikkje hadde flykta.¹⁰³ I neste omgong gjekk dei til åtak på kastellet Sintra i Spania, der dei heidenske maurarane sat. I MS står det at Sigurd seier før åtaket at det syntes han "både å vera til ære og styrking av Guds kristendom at vi modig vinn denne borga, [...] Lat oss visa oss, som best vi kan, og lat oss vinna denne borga så mannleg, som vi kan."¹⁰⁴ I fyrste rekke er det altså ærefullt for Sigurd og mennene hans at borga verte teken, men også til styrking av kristendomen. Det viktigaste er at dei oppfører seg som gode krigarar og syner manndom og mot.

Etter åtaket på Sintra, sigla følgjet vidare til Lisboa. Denne byen var halvt heidensk og halvt kristen og Sigurd rådførte seg med mennene sin om kva dei skulle gjere. Han sa at "... det ville vera ei stor ære og ein stor vyrdnad å vinna byen."¹⁰⁵ Alle i følgjet var einige om dette og "gjorde åtak mot borga med stor djervskap ..."¹⁰⁶ I det same slaget vert det beskrive at "Kong Sigurd var langt framme under merket sitt. Han var særst våpenfør."¹⁰⁷ Alle desse døma understrekar at det var sentralt for både Sigurd og mennene hans å skaffe seg ære ved å overvinne fiendane sine, men det var også viktig å heile tida syne djervskap og manndom. Sigurd sjølv går til åtak fremste rekke under slaget for å syne kor djerv han var, og det er han som påpeikar kor ærefullt det vil vere å vinne dei ulike slaga.

¹⁰² MS: 244.

¹⁰³ MS: 244; SK: 549.

¹⁰⁴ MS: 244.

¹⁰⁵ MS: 245.

¹⁰⁶ MS: 245.

¹⁰⁷ MS: 245.

Sogene legg mykje vekt på alle dei slaga som Sigurd deltok i, byttet dei fekk tak i og dei gjeve, ærerike handlingane som han og mennene utførte. Snorre si skildring av dei ulike slaga er derimot mindre utbrodert enn skildringane i MS. I skaldekvada som Snorre gjengir, er det likevel mange skildringar av Sigurd som har som mål å framheve han som krigar og hærførar, til dømes "den stridsglade kongen" eller "hærkongen."¹⁰⁸ Det vert også sagt at: "Den ærefulle kongen var ivrig etter å kjempa."¹⁰⁹ Krigarane var også opptekne av å syne seg fram og syne kongen sin ære, og "... tok vågnaden på dugleik og ære for kongen."¹¹⁰ I MS vert det som nemnt tidlegare understreka at han var glad for at han og krigarane fekk vise kva dei var gode for, at han kjempa fremst i slaga saman med mennene sine og at han var dugande i våpenbruk. Det vert også gitt eit inntrykk av at Sigurd sjeldan let ein sjanse gå frå seg. Han var jo tross alt involvert i åtte slag før han nådde Jorsal. Dette vert understreka av det neste dømet, der følgjet møtte på ein stor hær av heidningar på øya Forminterra: "Alle sa at dette var ei svært overlegen styrke, og at forsvararane var godt utrusta, men kongen kunne ikkje verte rådd ifrå å gjera åtak."¹¹¹ Det er tydeleg at Sigurd pressa på og oppfordra til å kjempe ved dei høva som bydde seg.

Berre det å legge ut på ei slik ferd ville i seg sjølv gitt prestisje, det seier sitt at seksti hærskip vart utstyrt av frivillige menn frå heile landet.¹¹² Sigurd sin hær besto av eit talrikt utval av dei beste mennene i landet. Dette var velutrusta, kloke og djerve krigarar i følgje MS.¹¹³ Nedkvitne reknar med at mannskapet kan ha vore på minst 2500-3000 krigarar.¹¹⁴ I tillegg tok dei del i den same kampen som fleire av dei største kongedøma i Europa tok del i, noko som har måtta forsterka denne prestisjen endå meir. Alle kunne til ein viss grad skaffe seg ære frå å vere krigar, men det vert understreka både i SK og MS at denne ferda utmerka seg. Snorre seier at "... ingen hadde fart ei større heidersferd frå Noreg enn denne [...],"¹¹⁵ og MS understrekar at "... det ikkje hadde vore gjort ei meir ærerik ferd frå Noreg enn den som kong Sigurd gjorde."¹¹⁶ Det er difor liten tvil om at unge krigarar såg på dette som ein eineståande

¹⁰⁸ SK: 548-553.

¹⁰⁹ MS: 248.

¹¹⁰ MS: 248.

¹¹¹ MS: 247.

¹¹² MS: 242; SK: 548.

¹¹³ MS: 242, 244

¹¹⁴ Nedkvitne 2005:40. (Krigsskippa i den norske leidangen hadde plass til 40-50 roarar i følgje Nedkvitne.)

¹¹⁵ SK: 555.

¹¹⁶ MS: 254.

sjanse til å skaffe seg ære og prestisje. Det vert nemnt i SK at det var fleire som fekk lyst til å legge ut på ei slik ferd etter at dei fekk høyre om rikdomane dei kunne få ved å verve seg til Væringgarden hos keisaren av Konstantinopel. Dette er slett ikkje nokon usannsynleg tanke. Den mest kjende av nordmennene som hadde vore i Væringgarden, var Harald Hardråde og han tente keisaren frå 1035 til 1043. Han vart etter kvart leiar for væringane og kjempa fleire slag kring Middelhavet.¹¹⁷ Historia om Harald sine bragder og alle dei ærerike slaga han tok del i var nok framleis godt kjende kring 1100-talet. Då nordmennene fekk høyre om Skofte Ogmundsson og kor mykje rikdomar han og mennene hans hadde fått, er det klart at ambisiøse nordmenn såg på dette som ein god moglegskap til å skaffe seg både ære og rikdom. Store delar av dette mannskapet vart verande att i Konstantinopel etter at dei hadde vitja Jerusalem.¹¹⁸ Undervegs på ferda, skaffa i tillegg Sigurd og mennene hans seg store rikdomar gjennom plyndring av byen Alkasse, øyer i Middelhavet og byen Sidon som Sigurd tok saman med Baldwin.¹¹⁹ Det var ærerikt å ha store rikdomar seier Nedkvitne, men det låg også stor ære i sjenerøsitet og overdådig forbruk, slik som sogene framstillar Sigurd medan han oppheld seg i Konstantinopel.¹²⁰

Sogene legg størst vekt på å omtale ærefulle handlingar og djervskap blant krigarane, noko som peikar på at sogene vart skrivne for kongen, jarlen og hirda deira.¹²¹ Det står heller lite i skaldeversa om korleis Sigurd vart motteke av andre hoff og prinsar på ferda, noko som indikerar dette ikkje var det viktigaste for skaldane å beskrive. Nedkvitne meiner at høvisk oppførsel ikkje nødvendigvis var so interessant, det var meir underhaldande med dådane til krigarane. Skaldeversa som beskriv Ragnvald Jarl si ferd i 1152-55 tek opp dette i langt større grad og syner at ting er i ferd med å endre seg. Fokuset på høvisk framferd vert viktigare og nordmennene vil syne at dei også er del av denne kulturen. Likevel vert det samtidig fokusert på dei modige og blodige handlingane som krigarane har utført.¹²² Utifrå kva som vert uttrykt som motivasjonen deira, kor mykje plass som vert nytta på å beskrive dei ulike hendingane og entusiasmen som forfattaren synar gjennom beskrivinga av dei, peiker det i retning av at det var den sekulære æra som var den viktigaste hos Sigurd

¹¹⁷ Krag 2005: 233-234.

¹¹⁸ SK: 555.

¹¹⁹ SK: 549, 550, 551, 553.

¹²⁰ Nedkvitne 2005: 41.

¹²¹ Nedkvitne 2005: 41-42.

¹²² Nedkvitne 2005: 42-43.

og hans menn. Dette er noko som gradvis endrar seg i retning av meir høvvisk oppførsel og ære fram mot og utover 1200-talet.¹²³ Dette stemmer jo då godt overeins med korleis forskingsfronten framstillar den gradvise overgangen mot ein meir høvvisk kultur, spesielt frå 1200-talet og utover.

Slik som sogene framstiller det, er det tydeleg at det verdslege utbyttet form av ære og rikdomar tyda mykje for Sigurd og mennene hans. Han valde å gå til angrep mot overlegne motstandarar, han var sjølv deltakar i kampane. Det vert understreka alle dei fiendane som falt for deira hand og alle rikdomane som dei fekk tak i undervegs. Kjeldene framhevar Sigurd som ein hærførar og ein stridsglad konge, og han nytta seg av alle dei høva som baud seg fram. Ferda var eit særst godt høve for unge og ambisiøse menn til å skaffe seg ære og status, og det er ikkje tvil om at dei hausta godar av dette då dei kom heim.

2.4 Plyndring

Undervegs på ferda vert det nemnt at nordmennene gjekk til åtak på øygruppa i Middelhavet som i dag er kjend som Balearane. Dei nordiske åtaka på desse øyene er det fyrste nedskrivne tilfelle der ein kristen hær var involvert. Det var sannsynlegvis tidlegare åtak som ikkje er nedskrivne, men desse var ikkje ein del av krosstogørsla sitt interesseområde. Spørsmålet er då kvifor Sigurd og hans menn valde å gå til åtak på øyene? Kan dette vere med på å belyse noko av motivet deira for ferda?

Desse øyene var eit naturleg punkt å sigle forbi når ein kom frå Spania og skulle vidare over Middelhavet, men det finnes ikkje andre kjelder som omtalar angrep på øyene. Ein unngjekk vel øyene fordi det var piratar der, medan meir organiserte hærer ikkje hadde interesse av å sigle innom. Sjølv om det var eit naturleg område å sigle forbi, vil ikkje det nødvendigvis tyde på at nordmennene var nøyddde til å gå til åtak på piratane. Det kan ha vore ein religiøs grunn til det i følgje Morkinskinna. Sigurd såg at det var nødvendig å kvitte seg med piratane fordi dei var uvener av sine kristne medmenneske.¹²⁴ Doxey heng seg opp i måten åtaket på Formentera vert beskrive av Theodoricus Monachus. Han skriv nemleg at Sigurd "frigjorde landet

¹²³ Nedkvitne 2005: 45.

¹²⁴ MS: 246-247.

for røverferdene deira,” noko som Doxey tek som eit teikn på at Monachus var meir på linje med dei europeiske teologane og deira tankegong om frigjering av kristne områder, noko som var grunnsteinen i krosstogsbevegelsen. Doxey ser likevel ikkje dette som eit godt nok bevis for at Sigurds ferd var eit krosstog.¹²⁵ Eg meiner at Monachus si beskriving av situasjonen ikkje skil seg særleg frå Morkinskinna si beskriving, som går slik:

Eg trur at på ingen stad, som vi har kome til, har det vore like stor trong for oss som her ved denne hellaren, som har vorte teken over av illgjerningsmenn og heidningar. Vi må vinna denne staden, der så mange uvenner av kristendomen har kome saman [...].¹²⁶

Det er ikkje store forskjellane å finne med tanke på kva som var meininga med åtaket. Sigurd ser at det er stor trong for å vinne denne staden og kvitte seg med uvenane av kristendomen som har samla seg der. Hadde det stått ”vinne tilbake,” ville det hatt nærmast same meining som Monachus si beskriving. Argumentet om at åtaket vart utført av religiøse grunnar vert ytterlegare svekka sidan nordmennene valde å ikkje fullføre arbeidet ved å gå til åtak på den betre forsvarte øya Mallorca der hovuddelen av piratane oppheldt seg i følgje Doxey. Den siste og kanskje mest trulege årsaka er difor at nordmennene var opportunistar som ana eit potensielt bytte. Det har jo allereie vorte påpeika at motivet for ferda verkar sterkt prega av målet om rikdom og ære. Det skulle uansett syne seg at åtaket var verdt innsatsen, for slaget på Formentera gav det største byttet på heile ferda. Dette kan igjen ha vore med på å inspirere dei til å gå til åtak på Ibiza og Menorca. Mallorca var som nemnt godt forsvart, og det var nok ikkje verd bryet å forsøke å omlægge den. Målet var jo tross alt Jerusalem.¹²⁷

Også Per Sveeas Andersen tolkar ferda som ein økonomisk moglegskap for nordmennene. Tradisjonelt hadde vikingferder vore ein sentral del av næringsgrunnlaget for lendmenn og stormenn, både med tanke på rikdomar og akkumulering av ære, men vikingferder var ikkje lengre noko godt alternativ for nordmennene. No som Noreg hadde vorte eit kristent kongedøme, hadde lista vorte

¹²⁵ Doxey 1997: 158.

¹²⁶ MS: 246-247.

¹²⁷ Doxey 1997: 140-148.

langt høgare for å gå til åtak på andre kristne områder. Det fyrste krosstoget gav difor krigarane ein unik mulegheit for vikingferder på nye premissar og med kyrkja si velsigning.¹²⁸ Heidningar, og spesielt muslimar, vart sett på som eit legitimt mål for europeiske krigsherrar og dei fekk dermed eit alternativ til den sekulære krigføringa. No kunne dei halde fram med det dei kunne best, samtidig som dei heldt seg på god fot med kyrkja og fekk mulegheit til syndeforlating.¹²⁹

Åtaket på Balearane verkar inspirert av tanken på eit potensielt bytte, men dette dømet åleine er ikkje nok til å kalle det ei plyndringsferd. Det er meir truleg at nordmennene var opportunistar og såg øyene som eit rimeleg lett bytte. Det vert sagt at dei ynskjer å fri området for heidningar, men dei går ikkje til åtak på den største øya der dei fleste av piratane truleg held til, noko som undergrev argumentet om at dette vart gjort av religiøse årsaker. Sidan dei tradisjonelle vikingferdene var så godt som avvikla, var ei slik ferd i kombinasjon med kamp mot kyrkja sine fiendar sannsynlegvis ein verdifull moglegskap for Sigurd og hans menn. Dei fekk ein mulegheit til å gjere som dei ynskte utan at nokon reagerte. Ein er likevel nøydd til å sjå nærmare på dei religiøse motiva deira og om ferda kan tolkast som ei krosstogsferd før ein kan ta ei avgjersle.

2.5 Kristendomens stode i Noreg kring år 1100

Før diskusjonen kring dei religiøse motiva til krigar og konge vil det vere nyttig å sjå litt nærmare på kva stilling kyrkja hadde i det norske samfunnet kring 1100 og korleis religiøse verdiar kan ha påverka nordmennene. Dette vil kunne gi eit innblikk i den generelle religiøse bakgrunnen som krigarane til Sigurd hadde.

Kyrkja sin ide om å lyde Gud utan å be om noko tilbake, sto i motsetjing til delar av ideen om resiprositet, seier Bagge. Tradisjonen i det norrøne samfunnet hadde vore at gåver skulle verte tilbakebetalt gjennom gåver av lik verdi, eller tenester som tilsvara denne verdien. Det var uvanleg å avlegge ein eid om underkasting og lojalitet, for dette skapte særstærke forpliktingar. For folk flest i tidleg kristen tid, var det lite freistande å måtte syne absolutt truskap til nokon, og det var nettopp dette

¹²⁸ Andersen 1977: 180.

¹²⁹ Jotischky, Andrew. 2004. *Crusading and the crusader states*. Harlow: Pearson/Longman, 27-28.

kyrkja ynskte at ein skulle gjere.¹³⁰ Då var det meir å hente gjennom å skape eit godt forhold til helgenane og englane, seier Orning. Dette likna meir på det gamle resiprositetssystemet der ein kunne forvente noko tilbake. Det var nok likevel framand for dei å forbinde ære med noko som kunne likne på ein underdanig posisjonering.¹³¹

Opprettinga av kristenrettane i landskapslovene på byrjinga av 1000-talet, gav nordmennene retningslinjer for kristen åtferd i dagleglivet.¹³² Dei grunnleggande normene for ytre kristen praksis vann forholdsvis raskt fram, men Helle trur ikkje at folk flest greidde eller ynskte å følgje desse lovene til punkt og prikke, for det var mange og detaljerte påbod om kristen åtferd. Dei inneheldt mellom anna forbod mot heidenske tradisjonar og anna ukristeleg oppførsel, men også påbod om overgangsritual som dåp, vigsling og gravlegging.¹³³ I følgje Bergljot Solberg, vart den heidenske gravskikken heilt fråverande på vestlandet i løpet av 900-talet og i innlandet utover 1000-talet.¹³⁴ Dette er ein god indikasjon på at dei grunnleggande normene for ytre praksis vart følgde, men seier det noko om det indre? Den nye trusretninga inneheldt fleire element som det tok tid å forstå og førestelle seg funksjonen av, hevdar Ingrid Helene Müller. Føremålet med dåpen og forpliktinga som følgde den var vanskeleg å fatte, difor var det mange som utsette dåpen til dødsleiet for å få ein kristen gravplass. På grunn av dette var det også få kristne graver som seier noko om den religiøse budskapet.¹³⁵ Dette var likevel noko som tok seg opp over tid, i takt med kyrkja si utvikling og organisering.¹³⁶ Slik som stoda var i misjonstida på 900- og 1000-talet, var kyrkja ein langt lausare organisasjon, med få samfunnsfunksjonar og med langt mindre påverknadskraft enn utover 1200-talet.¹³⁷

¹³⁰ Bagge 1991: 156.

¹³¹ Orning, Hans Jacob. 2008. *Unpredictability and presence: Norwegian kingship in the high Middle ages*, Brill, Leiden, 62, 65.

¹³² Rindal, Magnus. 1996. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal, 142.

¹³³ Helle, Knut. 1995. "Et kristent folk? Kyrkje og samfunn i Norge i Høymiddelalderen." Ågotnes, Anne. *Kristendommen slår rot*. Vol. 10, *Onsdagskvelder i Bryggens museum*. [Bergen]: Bryggens museum, 115.

¹³⁴ Solberg, Bergljot. 2003. *Jernalderen i Norge: ca. 500 f.Kr.-1030 e.Kr.* Oslo: Cappelen akademisk forlag, 312.

¹³⁵ Müller, Ingrid Helene 1996. "Fra Valhall til paradiset. Om kristen begravelse." I Rindal, Magnus. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal, 57-62.

¹³⁶ Helle 1995: 115.

¹³⁷ Helle 1995: 103.

Helle seier også at utviklinga kring kyrkjeoppføring gjekk nokså tregt for seg til å byrje med, og det var framleis få kyrkjer i Noreg også mot midten av 1100-talet.¹³⁸

Det var altså ikkje eit stort kyrkjevesen i Noreg kring Sigurds ferd, og det kan ikkje ha vore mange frå dei nedre sosiale lag som fekk ta del i forkynninga av Guds ord i kyrkjene. Sidan kyrkjene vart oppført av anten kongelege eller andre velstående, var sannsynlegvis kyrkjene meint for dei sjølve, slekt og vener. Men kva med tankegongen kring synd og fortaping? Var ein klar over konsekvensane av handlingane sine?

Bagge skriv at det vart eit stadig større fokus på helvete, fortaping, død og moralsk undergong utover 1100- og 1200-talet i Europa. Medan ein i tidleg mellomalder såg på frelse som noko kollektivt, noko alle kunne oppnå uavhengig av handlingar, vart det i denne perioden berre aktuelt for dei truande og gode kristne. Ein kunne ikkje lengre gå ein syndig veg utan å måtte lide for det, noko som i stor grad gjaldt europeiske krigarar.¹³⁹ Sjølv om denne tankegongen var på eit tidleg stadium, byrja enkelte krigsherrar å tenke over konsekvensane av handlingane sine. Vilhelm Erobraren var tynga av syndene sine på dødsleiet, og han frykta korleis han kom til å verte teken imot av Gud. Han forsøkte difor å rette på alle dei blodige ugjerningane sine mellom anna ved å tilgi fiendane sine.¹⁴⁰ Andrew Jotischky skriv at det var fleire på slutten av 1000-talet som innsåg dei spirituelle farane som følgde eit liv i krigføring. Mellom anna Tancred, nevø av ein av dei normanniske lordane i Sør-Italia, var innstilt på å slutte som krigar og gå i kloster for å bøte på syndene sine. Han fann likevel ein utveg gjennom krosstoga, der han kunne leve av yrket sitt og samtidig ta imot kyrkja si velsigning.¹⁴¹

Spørsmålet er om desse haldningane hadde gjort sitt inntog i Noreg kring 1100-talet? Krosstogsrørsla hadde jo tydelegvis gjort eit inntrykk i Noreg, sidan Sigurd og hans menn la ut på ei ferd mot Jerusalem, så det er liten tvil om at også tankegongen om synd og fortaping var tilstades. Som Gammel Norsk Homiliebok syner, var dei geistlege opptekne av å fortelje om himmel, helvete og dommedag, men går ikkje nærmare inn på det enn at ein får vite at sjela kjem til ein av desse to

¹³⁸ Helle 1995: 113.

¹³⁹ Bagge, Sverre. 1997. "Døden i middelalderen." I Haavardsholm, Jørgen. *Nytt lys på middelalderen*. Oslo: Syress forlag, 222.

¹⁴⁰ Bagge 1997: 221.

¹⁴¹ Jotischky 2004: 31.

stadane. Tankegangen om skjærselden og evig fortaping var framleis under utvikling blant lærde i europeiske skulemiljø, og dette fokuset hadde endå ikkje nådd fram til det geistlege miljøet i Noreg kring år 1100.¹⁴² Det er difor sannsynleg å tru at Sigurd og hans menn var fullt klar over omgrepa himmel, helvete og synd, men ikkje nødvendigvis det stadig aukande fokuset på fortaping og skjærseld som prega europeiske krigarar.

Når det kom til praktisering av ytre kristen åtfærd, hadde mellom anna dåp og kristen gravlegging vorte vanleg å utføre, men det var mange reglar som folk flest ikkje greidde eller ville overhalde. Det var også fleire element ved den nye trua som var vanskeleg å fatte. Det å underkaste seg Gud utan å kunne krevje noko, stemde ikkje overeins med tankegangen om resiprositet og det var også uvant å forbinde ære med underkasting. Dette kan ha noko med at det var få kyrkjer, mange utanlandske biskopar utan faste bispesete og låg forkynningsemne. Påverknadskrafta på vanlege folk var difor forholdsvis liten, og det er grunn til å tru at folk flest ikkje hadde god forståing av kristendomens budskap. Heller ikkje var tankegangen om skjærselden og evig fortaping komen til Noreg. Samla sett peikar dette i retning av at vertfall ein stor del av følgjet til Sigurd ikkje hadde eit spesielt nært forhold til Gud og hans budskap, noko som indikerar at tanken om eit krosstog eller ei pilegrimsferd utifrå religiøs overtyding var lite truleg.

2.6 Religiøse element i sogene

Sjølv om det er gode indikasjonar på at ferda til Sigurd var sterkt inspirert av mulegheita til å få utføre ærerike handlingar og å skaffe seg rikdom, er det også teikn til at Sigurd og følgjet hans også hadde som mål å støtte sine kristne brør, både i Jorsal og elles på vegen. Undervegs på ferda vert alle slaga, utanom åtaket på eit slott i Spania, utkjempa mot det sogene kallar heidningar, det vere seg både vikingar, maurarar og røvarar.¹⁴³ Det vert òg sagt ved nokre få høve at han kjempar mot heidningane for å støtte kristendomen og hjelpe sine kristne medmenneske. I MS seier Sigurd at "... vi må vinna denne staden, der så mange uvener av kristendomen har kome saman [...]"¹⁴⁴ I den same situasjonen får ein inntrykk av at Gud er med dei

¹⁴² Helle 1995: 108.

¹⁴³ SK: 549-551; MS: 244-249.

¹⁴⁴ MS: 246.

og at dei ved hans hjelp har eit overtak i kamp mot heidningane: "... Vi må ta sjansen på at den gode lukka vår og djervskapen kan greie meir med Guds styrke enn festningane til illgjerningsmennene."¹⁴⁵ I Spania forsøkte han å omvende maurarane til den kristne tru, noko som berre var delvis vellukka: "Her av den harde kongen hærmenn fekk stor skade, fordi dei nekta å ta mot den rette tru, som han baud dei." Sigurd og følgjet hans tok dermed livet av alle som ikkje ville la seg kristne.¹⁴⁶ Dette kan likevel tolkast som eit argument frå Sigurd si side for å kunne gå til åtak. Ved å seie at han forsøkte å kristne heidningane, fekk han eit legitimt grunnlag til å skaffe ære og rikdom til seg og følgjet sitt.

Sigurd og følgjet hans vitjar også dei heilage stadane i Jerusalem, vaskar seg i Jordanelva og dei kjempar ilag med andre krossfarar mot kristendomens fiendar.¹⁴⁷ Desse vitjingane og symjinga vert framstilt som om dette var vanleg prosedyre for ein krossfarar og det ligg få religiøse overtonar i framstillinga av desse hendingane. Følgjet deltek heller ikkje meir enn eit åtak, noko som styrkar tanken om at dette ikkje var planlagd som eit krosstog for å støtte dei kristne sin kamp over lengre tid.

I det fyrste krosstoget var det ingen kongar som deltok. Det var fyrst under det andre krosstoget at europeiske kongar vart med som leiarar. Sigurd er dermed den fyrste kongen som fullførte eit krosstog.¹⁴⁸ Dei som leia det fyrste krosstoget var søner av grevar, hertugar og krigsherrar, og tre av desse hadde til felles at dei ikkje var fyrstefødt og dermed ikkje hadde rett på makt og jord. Truleg såg dei difor krosstoga som ein mulighet til å skaffe seg noko av dette.¹⁴⁹ Ein kan jo då spørje kvifor Sigurd valde å reise til Jorsal. Han var konge saman med brørne sine og hadde dermed rett på både jord og tittel. Dette kan tolkast på to måtar. Det kan vere eit teikn på at det var det andelege ved reisa som stod i sentrum for Sigurd og at han gjorde dette for å frelse seg sjølv og å fremje kristendomen. Men på den andre sida var ære, rikdom og prestisje viktig i samfunnet han levde i, og det kan rett og slett ha vore ein mulighet til å oppnå meir av dette både for han sjølv og for mennene som ynskte å reise. Det religiøse motivet deira vert påpeika i Morkinskinna før ferda tek til: "Kong Sigurd svært brå til å ferdast ut or landet til Jorsal med råd frå brørne sine og alle dei

¹⁴⁵ MS: 247.

¹⁴⁶ SK: 549.

¹⁴⁷ SK: 552.

¹⁴⁸ Den danske kongen, Erik Eiegod, la ut på krosstogsferd i 1103, men døydde undervegs på Kypros.

¹⁴⁹ Raimond av Toulouse, Gotfred av Bouillon, Bohemond av Taranto og Balduin av Boulogne.

beste menn i Noreg for å kjøpa seg Guds miskunn og god ære.” Dette er likevel ikkje noko som ein får høyre meir om på resten av ferda, for verken deltakarar eller forfattaren nemner noko om dette. Det er også berre MS som nemner dette momentet, medan dei andre sogene kjem med andre motiv. Det er heller ingen spor av at Sigurd såg på ferda som eit godt kristent alternativ til å drive med krigføring slik som Tancred gjorde.

Det er nokre religiøse element i sogene som syner at det andelege kan ha vore av betydning for nordmennene. Dei kjempar mot uvener av kristendomen, forsøker å omvende heidningar og vitjar dei heilage stadane. At dei forsøkte å omvende heidningar kan rett og slett vere ei legitimering for å kunne gå til åtak, medan vitjinga av dei heilage stadane knapt vert omtala. Dei utkjempar berre ein kamp medan dei er i det heilage land, og det verkar som om det heller ikkje var planen å kjempe der over lengre tid. Generelt vert det også lagt langt mindre vekt på dei religiøse elementa enn alle dei ærefulle slaga som vart utkjempa, djervskapen som vart synt og byttet som dei fekk tak i.

2.7 Guds nærvær på ferda

Dei europeiske kjeldene som omtalar det fyrste krosstoget er dominerte av krønikesjangeren. I større eller mindre grad finn ein fleire tilfelle der Gud grip inn i ulike situasjonar, anten gjennom draumar, teikn eller direkte intervensjon på slagmarka.¹⁵⁰ Eg hadde forventa å sjå innslag av dette i kjeldene som omtalar ferda til Sigurd, men det var overraskande lite å finne. Det var faktisk berre to kvad som i det heile teke omtalar Guds vilje og Guds hjelp og då i ganske korte ordelag. Det fyrste er eit kvad som beskriv alle mennene som vart med på ferda og skipa som måtte til for å frakte dei: “[...] seksti hærskip, herlig bygd, etter Guds vilje glei ut herfrå.”¹⁵¹ Det andre kvadet beskriv då Kong Sigurd møtte ei stor vikingflåte ved Norvasund og det står mellom anna dette: ”Hjelp sendte Gud: til friske sår fekk ramnen flyge.”¹⁵² I forhold til nokre av tilfella i krønिकene seier desse døma lite om

¹⁵⁰ Sweetenham, Carol. 2005. *Robert the Monk's History of the first crusade: Historia iherosolimitana*. Aldershot: Ashgate, 106, 139; Fulcherius, Carnotensis, Harold S. Fink, and Frances Rita Ryan. 1969. *Historia Hierosolymitana*. Knoxville, Tenn.: University of Tennessee Press, 102; Hill, Rosalind M. T. 1962. *Gesta Francorum et aliorum Hierosolymitanorum*. Oxford: Clarendon Press, 87, 49.

¹⁵¹ SK: 548.

¹⁵² SK: 550.

Gud sitt nærvær. Dette kan ha ei forholdsvis enkel forklaring. I krønikene får ein vite at deltakarane av det fyrste krosstoget vart utsett for store påkjenningar, deriblant ekstrem svolt og tørst kombinert med lange omlægringar, angrep frå eit særst mobilt muslimsk kavaleri, kulde og regn. Christopher Tyerman seier at dei aukande vanskane førte til at krossfararane såg meir og meir på seg sjølv som beskytta av Guds hand, noko som vart forsterka av stadige syn og teikn som kometar og kvite riddarar på slagmarka, men også av funnet av den heilage lansens og sigrar mot ei betrakteleg større overmakt.¹⁵³ Det var altså dei store vanskane deira som førte til at dei innbilte seg slike teikn, og ikkje det at dei var på eit oppdrag frå Gud. Kvar gong det skjedde noko positivt, verkar det difor som at det er Gud som står bak. Sidan Sigurd og hans menn ikkje hadde slike vanskar undervegs, men at dei tvert om stadig hadde lukka med seg, er det sannsynleg å tru at inngrep frå Gud ikkje er noko tema.

2.8 Pilegrimsferd eller krosstog?

Til no har eg vore innom kristendomens stode i Noreg og dei religiøse momenta som sogene nemner. Vidare skal det drøftast om nordmennene si ferd kan kvalifisere som eit krosstog eller meir som ei pilegrimsferd og om dette kan seie noko om det religiøse motivet for ferda.

I MS vert det nemnt at Sigurd ville "[...] kjøpa seg Guds miskunn, men også ære"¹⁵⁴ Dette vert ikkje teke opp att i løpet av eller etter ferda, og det verkar ikkje som om dette var sentralt. Dei andre sogene seier heller ikkje noko om at dei ynskte Guds miskunn som eit resultat av ferda, men Ågrip nemner at dei allereie hadde kjøpt seg Guds miskunn ved å frigjere trælane i landet.¹⁵⁵ At trælane vart frigjort, er noko som MS også påpeikar, noko som kan tyde på ei ulik tolking av kva som hendte og kva dei fekk Guds miskunn av. Det kan godt tenkast at kongane såg på frigjeringa som ei god kristeleg handling og dermed at dei hadde kjøpt seg Guds miskunn før dei skulle legge ut på ei farefull ferd. Det er også mogleg at Sigurd såg på ferda som ein muligheit til å kjøpe seg miskunn, men det er grunn til å tru at dei fleste av dei vanlege krigarane ikkje såg på dette som noko mål. Under avsnittet om

¹⁵³ Tyerman 2005: 23.

¹⁵⁴ MS: 241; "[...] *at cavya ser gyfs miscunn oc goþan orztir.*" (Unger, C. R. 1867. *Morkinskinna*. Christiania, 157.)

¹⁵⁵ Ågrip: 73.

kristendomens stode vart det påpeika at dei fleste av krigarane truleg ikkje hadde noko djupare forståing for kristendomens budskap, men at dei hadde kunnskap om synd, himmel og helvete. Tankegongen om evig fortaping og skjærselden hadde heller ikkje kome til Noreg på denne tida. Det er meir truleg at dei såg dette som ei prestisjefylt ferd som var leia av kongen til fjerne område. At krigarane såg på det som eit krosstog for å støtte kristendomen er nok meir usannsynleg.

Sogene omtalar konsekvent dette som ei ferð¹⁵⁶ eller vtferþar¹⁵⁷, noko som i Storms Glossarium vert oversett med høvesvis "reise" eller "leidangsferd"¹⁵⁸ og "utreise til andre område".¹⁵⁹ Det er altså ikkje religiøse trekk over kva slags ferd dette var. Dette kan forklarast med at det framleis ikkje var utvikla eit krosstogsvokabular og at det difor var naturleg å kalle det for ei ferð.¹⁶⁰ Det kan også ha noko å seie at nokre hadde Miklagard som mål medan andre ville til Jorsal. Doxey meiner derimot at orda ferd og utferd vert nytta konsekvent i samband med ekspedisjonen. Dette korresponderar med det franske *outramer* og det latinske *ultramare* som tyder "over havet," og vart nytta som referanse til pilegrimsferder og krosstog til Palestina.¹⁶¹ Som Doxey sjølv seier, gir ikkje dette i seg sjølv nokon god indikasjon på om det var eit krosstog eller ei pilegrimsferd.

I følgje Norman Housley var det særst vanskeleg å skilje mellom eit krosstog og ei pilegrimsferd på 1100-talet. Det hadde framleis ikkje oppstått eit krosstogsvokabular og kyrkja ynskte ikkje å kalle det for eit krosstog sidan det ville knytt dei direkte opp mot krigføring, noko dei ikkje hadde interesse av.¹⁶² Riley-Smith seier at dei privilegia for krosstogdeltakarane, likna mykje på dei privilegia som pilegrimane fekk, deriblant vern av dei sjølv, av familiane deira og eignedomen deira. Pilegrimane såg på seg sjølv som angrande syndarar og dei fekk dermed full forlating for syndene sine. Dette vart også gitt til dei som tok del i krigen mot muslimane i aust.¹⁶³ Vidare seier Doxey at tilnamn slik som Jorsalfare og Robert av Flanderns "av Jerusalem," vart ofte nytta som eit teikn på prestisje blant dei tidlege

¹⁵⁶ "Nv er þessi ferð [...]" (Unger, C. R. 1867. *Morkinskinna*. Christiania, 157.)

¹⁵⁷ "Sigurþr konvngv varþ bvinn af Noregi til vtferþar ..." (Unger 1867: 156.)

¹⁵⁸ Storm, Gustav og Hertzberg, Ebbe. 1895. "Norges gamle lover. Indtil 1387. Femte bind, indeholdende Supplement til foregaaende Bind og Facsimilier samt Glossarium med registre." Christiania, 185.

¹⁵⁹ Storm 1895: 675.

¹⁶⁰ Housley 2006: 7.

¹⁶¹ Doxey 1997: 157.

¹⁶² Housley 2006: 7.

¹⁶³ Riley-Smith 2009: 88-89.

krosstogsfararane som hadde vore i det Heilage Landet.¹⁶⁴ Det er likevel eit problem at sogene som beskriv ferda har så stort fokus på plyndring og ære. Sogene forsøker heller ikkje å spreie budskapet kring krosstoga eller å forklare Sigurds bedrifter i form av teologisk aksepterte termar. Det er lite som talar for at nordmennene tek til våpen på grunn av nestekjærleik til sine kristne brør seier Doxey, noko som var hovudgrunnen for å rettferdiggjere bruk av vald i Guds namn.¹⁶⁵

Det er også fleire andre moment som er med på å styrke tanken om at det ikkje var eit offisielt krosstog. Det er ingen klåre teikn på at Sigurd hadde fått tillating frå Paven eller biskopar til å legge ut på ei slik ferd, at det var geistlege leiarar tilstades blant ekspedisjonsmedlemmane, at dei nytta krossar på kleda sine, at dei hadde avlagt krosstogseid eller at dei fekk forlating for syndene sine.¹⁶⁶ I følgje Riley-Smith var det vanleg å avlegge krosstogsløftet før ein la i veg, og deltakarane sydde kross på kleda sine for å syne deira forplikting. Dei fleste av desse ville returnere til sine vanlege liv etter at løftet var oppfylt eller når krosstoget vart sett på som avslutta.¹⁶⁷ Sidan ein ikkje får høyre noko om dette i sogene, er det grunn til å anta at det ikkje var eit offisielt krosstog. Det vert heller ikkje styrka av at nordmennene berre tok del i eit enkelt slag før dei forlèt det heilage land, noko som indikerar at ein lengre kamp for kristendomen ikkje var planlagd.

Som det allereie har vorte synt, er det nokre dømer på religiøse element i sogene. Dei vert tekne imot som allierte av dei kristne europearane. Dei kjempa for Guds sak i det Heilage Land og vitja dei heilage stadane. Eg meiner likevel at dette ikkje er godt nok grunnlag for å kalle det eit krosstog, men eg er tilbøyeleg til å kalle det ei væpna pilegrimsferd sidan dei vitjar Jerusalem og deltek i vertfall eit slag mot muslimane. Ein kan difor ikkje utelukke at ferda hadde eit visst religiøst motiv, sjølv om fokuset i sogene ligg på dei ærefulle slaga og dei store mengdene med rikdomar som dei fekk tak i undervegs.

Eit argument som har vorte lagt lite vekt på, men som eg ser på som relevant for å kaste lys over motiva for ferda, er hærferda som Sigurd førte mot Småland og Kalmar i 1120-åra. I følgje Krag var Sigurd ein konge som sogeforfattarane syntes godt om. Han hadde dei riktige verdiane som søma seg for ein kristen fyrste. Han var

¹⁶⁴ Doxey 1997: 157.

¹⁶⁵ Doxey 1997: 157-158.

¹⁶⁶ Doxey 1997: 157.

¹⁶⁷ Riley-Smith 2009: 53-54.

ikkje, i motsetning til fleire av dei tidlegare norske kongane, krigersk mot andre kristne områder i Norden, men retta i staden blikket mot dei heidenske muslimane. Sogeforfattarane får likevel eit problem når dei skal beskrive Sigurds hærferd mot svenske områder. For å løyse det, meiner Krag at forfattarane framstillar det som at smålendingane var heidenske og trong omvending med makt.¹⁶⁸ Krag nemner derimot ikkje noko om brevet frå abbeden Peter av Cluny der han "... lykkønskjer kongen med at han, som alt tidligare i syd og aust har fridd kristne folk frå Kristi fiendar, på ny aktar å reise ut med ei stor flåte for å kjempe mot slike."¹⁶⁹ Det vil seie at ikkje berre sogeforfattarane uttrykker at svenskane var heidne, men også biskopen av Cluny. Utifrå brevet verkar det som at Sigurd har fått tillating til hærferda og at han har kyrkja i ryggen, men Sveaas Andersen trur ikkje på at hærferda mot Småland og Kalmar hovudsakleg var for å kristne dei heidenske svenskane. Den må heller tolkast som ein del av utanrikspolitikken til dei norske kongane der mellom anna kampen om tronfølgja i Sverige spelte ein rolle. Den danske dronning Margret, var dotter av den svenske kong Inge og hadde tidlegare vore gift med Magnus Berrføtt, Sigurds far. Margret ville få sonen sin på trona i Sverige, noko som dei norske kongane såg som ein fordel for eigen politikk.¹⁷⁰

Utifrå dette ser ein at Sigurd ikkje var framand for å nytte kristne motiv for å få det han ynskte. Ved å presentere delar av det svenske folk som heidningar, kunne han få tillating av dei geistlege til å føre ein krig med kyrkja si velsigning. Når han kunne gjere noko slikt, er det også grunn til å tru at ferda til Jerusalem hadde andre motiv enn det religiøse.

Det er mykje som peikar mot at dette ikkje var ei offisiell krosstogsferd. Ingen klåre teikn på at ferda vart tillaten av Paven eller biskopar, at følgjet hadde avlagt krosstogseid, eller at dei fekk syndeforlating. Fokuset i sogene ligg på dei krigerske bedriftene til følgjet og ikkje på å spreie krosstogets budskap, men dei kjempa ilag med andre kristne og det vart uttrykt at målet for ferda var Jorsal, men også

¹⁶⁸ Krag, Claus. 2005b. *Vikingtid og rikssamling: 800-1130*. Vol. B. 2, *Aschehougs norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug, 241.

¹⁶⁹ *Regesta Norvegica*: Bind 1, RN 65. *Regesta Norvegica* Volum 1-8, Storm, Gustav et. al., Kristiania/Oslo 1898-2006, Bind 1, RN 65; Eg har nytta meg av nettutgåva ved digitalarkivet (http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/regesta_felt.html)

¹⁷⁰ Andersen 1977: 182.

Miklagard. Ein kan difor kalle det eit krosstog, men heller ei væpna pilegrimsferd. Det kan tenkast at det var Sigurd sitt å gjennomføre ei pilegrimsferd til Jorsal, men det var nok ikkje dei vanlege krigarane sitt mål. Dei var nok generelt meir opptekne av det prestisjefylte ved ferda. Det religiøse motivet vert likevel svekka av Sigurds hærferd mot Sverige i ettertid. Her synar han på ny si opportunistiske side ved å nytte religiøse motiv for å oppnå verdsleg makt. Det er difor grunn til å tru at ferda til Jorsal kom av opportunisme og ikkje av religiøse årsakar.

2.9 Verknadane av ferda for kristendomen i Noreg

I ettertid av ferda omtalar sagaene ein diskusjon som sto mellom kong Sigurd og kong Øystein, ei sokalla mannjamning, der dei samanliknar det dei har utretta. Kong Øystein ramsar fyrst opp alle tinga han har gjort for landet medan Sigurd var på reise, og han endar med å seie: "[...] medan du i Serkland slakta blåmenn til fanden, og det tenker eg var lite til gagn for riket vårt."¹⁷¹ Utifrå utsegna til Øystein, vert ikkje ferda til Sigurd sett på som noko som gagna Noreg som rike direkte.

I Morkinskinna vert denne samtala lagt fram på ein litt annleis måte, men likevel med eit snev av negativitet. Etter å ha ramsa opp alle tinga som han har utretta, seier Øystein: "No er dette lite å rekna opp, men eg er ikkje sikker på om dette gagnar innbyggjarane i landet verre eller er mindre nyttig enn at du hogg i stykke maurarar til djevelen og kasta dei i helvetet."¹⁷² Øystein seier her, på ein litt meir diskret måte enn i Snorre, at han er usikker på kva nytte ferda hadde for seg.

Utifrå desse to samtalene verkar det som at det praktiske arbeidet, som å bygge kyrkje, hamner og ting som vanlege menneske hadde nytte av, vart sett på som viktigare for folket enn ferda til Sigurd. At det var ei pilegrimsferd vert ikkje nemnd i det heile teke og heller ikkje noko om åndeleg løn for nokon av dei. Her må ein ta i betraktning at Sigurd har kunna opparbeida seg ære gjennom gjeve handlingar, mens Øystein måtte halde seg til meir kvardagslege arbeidet som gav mindre ære, men som gagna folket. Det kan difor tyde på at Øystein misunner bror sin for det han har fått gjort, men prøvar å jamne det ut med at hans arbeid har vore meir til gagn for folket.

¹⁷¹ SK: 558-559.

¹⁷² MS: 276.

Sidan dette er ein samtale som hendte nesten 200 år før det vart skrive ned, kan ein ikkje vite om det er historisk korrekt. Det er kanskje meir sannsynleg å tru at det er forfattarane som har nytta denne samtala for å vise forskjellane på dei to kongane. Den eine vart ein krigarkonge og skapte eit namn for seg sjølv ute i Europa mens den andre var meir oppteken av å utbetre forholda heime i Noreg.

I samband med den førre diskusjonen kan ein òg sjå nærmare på det som Sigurd seier til Øystein rett før avreise: "No er denne ferda, bror, budd med omhug frå din stønad og di hjelp. Det ville vera viktig at vi lukkast i å vere stormannslege slik at vi kunne koma til å vinna noko ære i denne ferda og også hjelp for sjela." Deretter svarar Øystein mellom anna dette: "[..] det er rimeleg at du kjem til å få stor framgang og gjævleik."¹⁷³ Dette dømet viser at Øystein har bidrege med stønad og hjelp og han understrekar at Sigurd kjem til å få framgang og gjevleik. Det som Øystein seier her, står jo litt i kontrast til det han seier i ettertid av ferda, der han nærmast kritiserar ferda til Sigurd. Kanskje hadde Øystein også forventa å få noko av æra for ferda, men det endar med at Sigurd tok glansen heilt vekk frå bror sin. Dersom ein festar lit til at denne samtalen har gått føre seg, viser den at Øystein ser på ferda til Sigurd som noko som ikkje har gagna riket. Dette er jo i tilfelle ikkje heilt korrekt, noko som eg skal utdjupe vidare.

Då Sigurd var i Jorsalaborg, fekk han mange heilagdomar og deriblant eit spon av den heilage krossen. Denne vart gjeve til Sigurd på dei vilkåra at han og tolv andre menn skulle fremje kristendomen av all si makt, reise ein erkebispestol, innføre tiende og sjølv gi tiende til kyrkja.¹⁷⁴ Allereie medan Sigurd var på reise, har Øystein fått bygd både kyrkjer og kloster for å styrkje kyrkja og kristendomen sin posisjon heime i Noreg. Ferda til Jorsal vil sannsynlegvis ha styrka kyrkja sin posisjon yttarlegare. Spesielt sidan Sigurd har teke eit løfte om å fremje kristendomen av all si makt. Han innførde fasten som sa at ein ikkje fekk ete kjøt i helgene og på heilagdager, sjølv om han i nokre tilfelle hadde det vanskeleg for å halde dette sjølv. I tillegg lova han å innføre tiend som skulle gå til kyrkja, noko som bidrog til vidare utbygging og konsolidering av kyrkja i Noreg. Det var nok også gunstig for kongane å setje tiltaka sine med å styrke kyrkja i Noreg i samband med reisa til Det Heilage Land.

¹⁷³ MS: 242.

¹⁷⁴ SK: 552-553; MS: 250; Ågrip: 74.

Ferda til Sigurd var altså på fleire måtar med på å styrke kyrkja i Noreg, sjølv om Øystein tilsynelatande ikkje ville innrømme det, og det er mogleg at Sigurd sjølv ikkje visste kva verknadar ferda hans fekk. Det vert framstilt som om Øystein var oppteken av å fremje sine eigne verk i heimlandet, medan ferda til Sigurd ikkje vert betrakta som noko spesielt. Han ser ikkje på ferda som noko positivt i forhold til styrkinga av kristendomens stode i Noreg, men at bygginga av kyrkjer var langt meir nyttig. Dette kan også indikere at ferda ikkje hadde som mål å fremje kristne verdier.

2.10 Konklusjon

Det er ikkje nok religiøst innhald til å tolke ferda som ei rein krosstogsferd, men det er nok til at ein trygt kan fastslå at det ikkje var ei tradisjonell vikingferd. Nordmennene vart tekne godt i mot alle stadar dei kom og vart behandla som allierte av dei kristne. Følgjet vert ikkje beskrive som tradisjonelle krosstogsfararar som har avlagt krosstogsløfte eller har kross på kleda sine, men dei kjempar ilag med andre kristne mot muslimane og vitjar Jerusalem som var målet for mange pilegrimar. Det kan difor kallast ei væpna pilegrimsferd. Det er likevel ei ferd prega av ære, rikdom og eit mål om å verve seg som leigesoldatar hos keisaren i Miklagard. Det religiøse motivet kjem langt i bakgrunnen. Medan nokre var lokka av rikdom og ære frå ei prestisjefylt ferd, var det andre som var eventyrlystne og ynskte seg ein plass i Væringgarden, der dei også kunne få rikdom og ære. Ein skal ikkje utelukke at nokre av dei tok del i ferda for å støtte kristendomen, men det er ikkje dette som er målet for fleirtalet av deltakarane. Hærferda mot Sverige syner at Sverre ikkje såg vekk ifrå å nytte religiøse motiv for å få det han ynskte. Det kan difor tyde på at ferda mot det heilage land legitimerte at følgjet gjekk til åtak og plyndra undervegs. Sigurd får heller ikkje noko ros frå Øystein for ferda, og det verkar som om hans praktiske arbeid med bygging av kyrkjer har vore viktigare for folket enn Sigurds ferd. Ferda var likevel med på styrke kyrkja sin status i Noreg i ettertid både gjennom tienda og at kyrkja vart sett i samband med ei ferd til det heilage land. Sjølv om motiva til Sigurd eller mennene hans ikkje nødvendigvis kom av religiøse grunnar, kunne det for andre verke som at han var ein oppofrande kristen konge som støtta kristendomen og kampen mot muslimane i aust. I kva grad dette påverka befolkninga i riket er

vanskeleg å svare på, men det var ei ferd det gjekk store gjetord om, og det var nok mange som fekk med seg bragdene dei hadde utført.

3.0 Ideal og verdier kring 1200-talet

I dette kapitlet vil eg drøfte spørsmålet om kontinuitet eller endring på to nivå. Det eine nivået tematiserer endringar i ideal og verdier gjennom å diskutere korleis sagaforfattarane skildrar verdier slik som ære, djervskap, fryktløyse, synet på døden og fromleik. Med utgangspunkt i denne diskusjonen om ideal og verdier, vil den andre delen av kapitlet drøfte i kva grad desse verdiane kjem til uttrykk i politisk handling. Dette vil bli gjort ved å sjå særleg på verknadar av rikssamlinga og europeiske impulsar, bruken av grid og bannlysinga av Sverre. Fyrstnemnde vil omhandle korleis kristendomen, rikssamlinga og europeiske impulsar påverkar forholdet mellom krigar og konge. Bannlysinga vil omhandle korleis folk rundt Sverre reagerte på bannet og delen om grid vil sjå nærmare på kvifor det vert nytta meir grid no enn tidlegare. Gjennom denne tilnærminga vil eg også stå på tryggare grunn når det gjeld dei kjeldekritiske utfordringane kring å nytte sagaer som beretningar; om det er samsvar mellom endringar i ideal og verdier på den eine sida, og politisk praksis på den andre indikerer dette at sagaen gjev eit truverdig bilete av ideal så vel som av praksis.

Det vil i hovudsak vere borgarkrigstida som er ramma for dette kapitlet, nærmare bestemt frå Sverre Sigurdsson kom til landet i 1176 til borgarkrigen tok slutt i 1240, men også den rolege tida fram mot Håkon Håkonssons død. Kjeldene som vert nytta i analysen er *Sverres saga* og *Håkon Håkonssons saga*, men før analysen vil det vere nyttig å kort nemne noko om perioden og hovudpersonane som var involvert. I 1163 vart Magnus Erlingsson, sonen til den mektige stormannen Erling Skakke, krona og salva til konge samtidig som tronfølgjelova vart sett i verk. I motsetjing til tidlegare, då alle søner av kongen kunne legge fram krav om å verte konge, var det frå no av berre den eldste ektefødde kongesonen som hadde legitim rett på trona. Lova fungerte både som eit vern for Magnus og hans etterkomarar, men også som eit forsøk på å stogge den stadige kampen om posisjonen som konge i Noreg.¹⁷⁵ Det skulle likevel vise seg at lova ikkje kom til å fungere som planlagd. I 1176 kom Sverre Sigurdsson til Noreg frå Færøyane for å krevja retten til trona. Han påsto at han var

¹⁷⁵ Helle, Knut. 1995a. *Under kirke og kongemakt: 1130-1350*. Vol. 3, *Aschehougs norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug, 33-37.

son av Sigurd Munn som var konge frå 1136-1155 og at dette rettferdiggjorde kravet hans. Sverre starta kampen mot Magnus saman med eit lite følgje av birkebeinarar og enda til slutt opp som innehavar av trona i Noreg etter å ha sigra over Erling og Magnus.¹⁷⁶ Sverre ville ikkje underordne seg kyrkja, noko som førte til at Erkebiskop Eirik fekk lyst han i bann. Han fekk også ei ny utfordring i 1196 då baglarpartiet vart danna av biskop Nikolas i samråd med erkebiskop Eirik. Striden mellom baglarane og birkebeinarane dempa seg etter Sverres død i 1202. Då inngjekk sonen Håkon Sverreson eit forlik med biskopane, og baglarpartiet mista mykje av støtta si.¹⁷⁷ I 1217 vart Sverres nevø, Håkon Håkonsson, valt til konge for birkebeinarane i regi av Skule Jarl. Skule var bror til Inge Bårdsson som hadde vore konge for birkebeinarane sidan 1204. På sikt var planen til Skule å sjølv ta over makta i Noreg, og i 1239 gjekk han til opent opprør mot Håkon. Etter eit avgjerande nederlag mot Håkon i 1240, flykta Skule til Nidaros der han vart drepen av Håkons menn.¹⁷⁸ Borgarkrigen var avslutta og Håkon satt igjen som einekonge over det norske kongedømet.

3.1 Framstillinga av ære

I det fyrste kapittelet var eg inne på kor viktig ære var, spesielt for krigarar, høvdingar og kongar i vikingtid og tidleg mellomalder. I denne delen blir det teke opp korleis SvS og HHS framstiller synet på. Undervegs vil det drøftast om det går føre seg ei endring i synet på og bruken av ære frå vikingtid og fram til midten av 1200-talet.

I SvS vert ofte talane til Sverre sitert av forfattaren og gjennom desse talene kan ein få eit innblikk i synet på ære i denne perioden. Krag påpeiker at dei viktigaste talane var skrive ned i ettertid av slaget og fungerte som ein del av Sverres kamp om herredømet. Likevel kan talene seie noko om den sentrale tankegangen og var truleg representative for Sverre som person.¹⁷⁹

Eit døme på dette, går føre seg etter at birkebeinarane tapte eit slag ved Trondheim og var på flukt frå kong Magnus sine styrker. Sverre bestemte seg for å

¹⁷⁶ Krag 2005a: 25, 162.

¹⁷⁷ Helle 1995a: 65-71.

¹⁷⁸ Helle 1995a: 71-77.

¹⁷⁹ Krag 2005a: 228-229.

vende seg mot fienden for å kjempe på ny og forsøkte å egge opp mennene sine til kamp med ei av sine inspirerende taler:

... etter kvart som bøndene høyrer om nederlaget vårt, vil vi verte jaga kvar vi enn kjem; alle som veit kor ille det gjekk oss, vil synes at vi dug lite. [...] Om vi lar oss jage landet rundt av dei (Magnus og mennene hans), går det ikkje lang tid før både teikn og træl er over oss, og heile hæren vår vert drepen og fell med lita ære; slik går det med alle som fell på flukt. Eg synes det er mandigare om vi snur oss mot uvenene våre, sjølv om vi ikkje har stor hær. Om vi so tapar mot overmakta, vert det i alle fall slik at vi fell med stor ære når vi slåss med sjøve kong Magnus.¹⁸⁰

Han kom med ein klår bodskap til mennene sine. Dersom dei skulle kome til å tape slaget, ville dei likevel ha sikra seg eit godt ettermæle sidan motstandarane var mektigare enn dei sjøve. Det var langt betre å døy i kamp mot ein sterk fiende enn at dei skulle falle ærelaust på flukt, særleg om dei vart felt av tegnar¹⁸¹ eller trælar, noko som ville vore særskild nedlatande for ein erfaren krigar. Sverre seier klart ifrå kva som var ærefullt og ikkje, og han antyder at ettermælet deira var av stor tyding. Han understrekar også at det hadde mykje å seie kva folk meinte om dei medan dei framleis var i live. Dersom birkebeinarane hadde flykta frå denne kampen, ville dei vorte sett på som både feige og lite dugande, noko som igjen ville ført til at dei mista respekt hos folk flest. I verste fall ville dei kunne fått allmugen mot seg fordi dei ikkje lengre vart skremde av ryet til birkebeinarane.

Dette ber store likskapstrekk med forholda i vikingtid og tidleg mellomalder. Æra var ein føresetnad for korleis andre såg på ein, men også korleis ein sjølv oppfatta sin eigen sosiale verdi. Ærefulle handlingar var med på å oppretthalde eller auke den samla mengda av ære ein person hadde, noko som også påverka korleis andre folk såg på ein.¹⁸² Dersom ein kjempa og falt mot ein god motstandar, kunne ein få stor ære og eit godt ettermæle, men det kunne verte betrakteleg redusert om ein flykta frå kamp. Flukt var eit teikn på veikskap, noko som i følgje Bagge kunne føre til tap av venner og allierte. Det kunne difor løne seg å kjempe framfor å flykte, men ein måtte sjølvsgatt vurdere kor mykje som sto på spel og om det var verdt å

¹⁸⁰ Holtmark, Anne. 1961. *Sverris saga*. Oslo: Aschehoug, 56: Frå no av vil eg nytte forkortinga SvS.

¹⁸¹ Storm 1895: Ein tegn var ein fri mann.

¹⁸² Foote og Wilson 1970: 424;

kjempe mot ein overlegen fiende.¹⁸³ I Sverre si tale kjem det tydeleg fram at ein både er nøydd til å vakte æra si og ryet sitt. I dette tilfellet var det meir å hente ved å kjempe mot ein overlegen motstandar og håpe på siger, enn å redde livet på kostnad av å tape både ære, ry og allierte.

Som det vart synt i det fyrste kapittelet, var krigføring i vikingtida ein naturleg måte for ambisiøse og maktsøkande unge menn å skaffe seg meir ære på, for i kamp var det nok av tilfelle der ein kunne syne andre kor djerv og fryktlaus ein var. Samtidig var det like viktig å syne at ein kunne møte døden med ære og ikkje syne frykt eller feigskap.¹⁸⁴ Dette med å vere fryktlaus og djerv vert også framheva i SvS og HHS. I ein kamp mellom birkebeinarar og baglarar får ein høyre om Eindride som var merkesmannen til baglarane. "... han var hardt såra, hadde store sår og ikkje noko håp om å kome frå det, då stakk han merkestonga fast i bakken og tok sverdet med begge hender og hogde frå seg. Han fell, men fekk godt ettermæle. Alle forsvarte seg vel."¹⁸⁵ Som i det førre dømet ser ein også her at ettermælet tyda mykje for ein krigar. Det viktigaste er kva folk sa om ein etter at ein var død og ved å møte døden på ein ærefull måte, fekk Eindride god omtale av folk rundt seg. Han innsåg at det var ute med han, men i staden for å gi opp, la han all krafta si i eit siste åtak på birkebeinarane. Dersom Eindride hadde gitt opp, ville han truleg ikkje vorte nemnt i saga, men på grunn av motet sitt, vert han nemnt med namn og huska for ettertida som eit døme på korleis ein krigar bør oppføre seg. Utsegna tyder også på at ærefulle handlingar vart lagt merke til og sett pris på hos fienden og ikkje berre hos eigne krigarar.

Slik forteljinga om Eindride vert lagt fram i saga, var det ikkje ein spesiell person som konstaterte at handlingane hans var ærerike, det berre var slik. I både SvS og HHS vert det fleire gonger påpeika kva som var ærefulle og skamfulle handlingar på slagmarka i ei form av allmenn einsemd. Til dømes under eit slag mellom Håkons birkebeinarar og Hertug Skules menn, vårbelgane, ser ein dette:

¹⁸³ Bagge 1991: 165.

¹⁸⁴ Nedkvitne 1997: 37-38.

¹⁸⁵ SvS: 214.

Då Alv frå Løvestad såg at dei kom til å verte innestengde, forsøkte han å kome ut gjennom kyrkjegardsleiet og kjempa modig, han kom ned til elva, og mange sprang etter han, Alv vart felt i elva. Alle er einige om at han forsvara seg som ein mann, heilt til han fall.¹⁸⁶

Her vert det framstilt som at "alle" var einige om at dette var ei ærefull handling. Det syner i alle fall kva sagaforfattaren betrakta som ein allmenn konsensus om kva slags handlingar som var ærerike. Dette var også vanleg i Heimskringla i følgje Nedkvitne. Her skreiv sogeforfattarane på ein måte som synte at det var einsemje om kva som var ærefullt og ikkje. Det var ein slags allmenn æreskodeks som ikkje var skapt av nokon spesielle men som alle følgde. Einskilde personar hadde ikkje som oppgåve å tolke dette, det var ei allmenn oppgåve, for ære var noko som alle kunne dele ut.¹⁸⁷ Dette kan også forklare kvifor fiendar og allierte vart omtala på lik linje når det kom til ærefulle handlingar.

Dei føregåande døma syner at ære ofte vart forbunde med heroisk framferd på slagmarka, etterfølgd av død, men det kunne like gjerne vere forbunde med tilfelle som førte til suksess og ikkje nødvendigvis der død var involvert. Skule Jarl greidde ved eit høve å få til eit forlik med ribbungane, eit opprørsparti stifta på restane av baglarpartiet som hadde kjempa mot Sverre, og fekk stor skryt for dette: "I Viken vart det sagt at dette var den største sigeren jarlen hadde vunne; utan kamp hadde han øydelagd ein so stor og sterk flokk som ribbungane var, og det var hans verk at det no var fred i heile Noreg."¹⁸⁸ Det vert omtala som den største sigeren til jarlen, og gav altså stor ære sjølv om han ikkje hadde kjempa. Ofte var det like viktig å vite når ein skulle få til fred som å vite når ein måtte kjempe seier Miller. Dette kunne gje like mykje ære som eit vellukka slag.¹⁸⁹

Hærferder som i førkristen tid var ein av hovudkjeldene til ære og rikdom vert lite nemnt i SvS og HHS, mest fordi det var færre hærferder i denne perioden på grunn av interne og eksterne forhold og ikkje på grunn av endringar i synet på kva som var ærefullt og ikkje.¹⁹⁰ Dei hærferdene som vert nemnt, syner at deltakarane

¹⁸⁶ Sturla, Þorðarson, and Anne Holtsmark. 2008. *Hákonar saga Hákonarsonar*. Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur, 255: Frå no av vil eg nytte forkortinga HHS. Sjå også HHS: 127, 215; SvS: 90.

¹⁸⁷ Nedkvitne 2011: 36-38.

¹⁸⁸ HHS: 95.

¹⁸⁹ Miller 1990: 259-260.

¹⁹⁰ Borgarkrig innanlands, betre forsvar mot åtak i Europeiske land og kristninga av Europa førte til færre hærferder.

fekk ære og rikdom som igjen kunne gi dei meir makt i heimlandet.¹⁹¹ Etter at Håkon hadde sikra trona ved Skule Jarls død, låg stort sett fokuset hans på å byggje landet. Han la likevel ut på tre hærferder, to av dei mot slutten av si levetid, men dette var av andre grunner enn å plyndre til seg rikdom eller skaffe seg ære i følge HHS. Den fyrste var mot Sverige i 1225 og kom av den enkle grunn at svenskekongen ikkje gjorde noko for å jage Håkons fiendar ut av landet.¹⁹² Håkon og Birger Jarl, Sveriges herskar, gjorde opp mellom seg i 1249 og jarlen gifta vekk dottera si til den eldste sonen til Håkon.¹⁹³ Sett i lys av at Håkon ikkje fremja noko andre krav mot svenskane, verkar hærferda motivert av å hemne seg mot ribbungane og deira allierte på svensk side. Den andre var mot Danmark, saman med svenskekongen, for å hemne at danane hadde gjort stor skade på svenske område med drap og ran.¹⁹⁴ Den siste ferda, der Håkon etter kvart døydde, var mot kongen av Skottland for å forsvare øyene som Håkon styrte over i vest.¹⁹⁵

Ein må stille spørsmål til kva som faktisk låg bak åtaket på Danmark, det var truleg ikkje so enkle løysingar som sogene kjem med. At Håkon gjekk til åtak for hemne at danane hadde herja i svenske område, ser moderne historikarar på som ei unnskyldning for å kunne annektere Halland seier Bagge.¹⁹⁶ Det verkar likevel som om Håkon var nølande når det kom til å nytte militær makt mot danskane. To gonger tidlegare hadde han lagt ut mot Danmark, men utan å føre krig. Det tredje forsøket i 1256, var berre eit lite åtak, truleg for å syne musklar før ei eventuell forhandling. Det førte likevel ikkje fram til noko og Håkon fekk i staden til eit giftemål mellom Ingeborg, dotter av den danske kongen, og sonen sin Magnus. Giftemålet skulle forhåpentlegvis føre med seg arverett til danske område, altså ein meir diplomatisk muligheit for å skaffe seg arverettar til danske landområde enn å føre krig. At Håkon var interessert i å ekspandere er nok ganske sikkert, men åtaket på Danmark i 1256 kan ikkje sjåast på som ei hærferd for å tvinge til seg landområde meiner Bagge.¹⁹⁷ Håkons oppførsel syner ei anna innstilling enn til dømes Sverre. Det kan verke som om han ikkje vil skape unødige lidingar for det danske riket, men det er også eit

¹⁹¹ HHS: 177; SvS: 164.

¹⁹² HHS: 115-119.

¹⁹³ HHS: 303.

¹⁹⁴ HHS: 323-324.

¹⁹⁵ HHS: 367.

¹⁹⁶ Bagge 2010: 89.

¹⁹⁷ Bagge 2010: 91.

spørsmål om han faktisk hadde nok militær styrke til å kunne erobre Danmark utan støtte frå Sverige, noko som han ikkje hadde.

Det verkar altså å vere korrekt den framstillinga som HHS gir om at hærferdene var av andre grunnar enn å skaffe seg rikdom eller ære frå strid. Indirekte var likevel Håkon interessert i å ekspandere områda sine og dermed skaffe seg større makt og rikdom, men hærferda i seg sjølv var ikkje noko mål for han.

Utifrå korleis HHS og SvS framstiller synet på ære, kan ein sjå at det framleis er viktig på fleire måtar. Ære vert utdelt til vennar og fiendar som syner djervskap og dugleik på slagmarka, både til dei som møter døden på ærefull måte og dei som sigrar. Det vert lagt vekt på at ein må handle på måtar som styrkar ettermælet, men også at ryet måt haldast ved like medan ein var i live. Ære vart ikkje berre utdelt til dei som døydde heroisk på slagmarka, men også til menn som hadde suksess eller fekk ordna forlik i staden for å halde fram med krig. Hærferdene som Håkon førte mot Sverige og Danmark, kan ikkje tolkast som ei tradisjonell hærferd på nokon måte. Dei er ikkje inspirert av å skaffe seg ære og krigsbytte, men hemn i tilfellet med Sverige, og eit mål om ekspansjon i tilfellet med Danmark. Generelt var det færre hærferder i denne perioden på grunn av interne og eksterne forhold, men dei som vart ført mot heidningar hadde som mål å skaffe seg rikdom og ære. Sjølv om det var færre hærferder tydar ikkje det på at synet på ære hadde endra seg, men heller at det var færre legitime mål og ufred i heimlandet som igjen førte til færre ferder.

3.2 Djervskap, mot og fryktløyse

Desse verdiane er nært knytte til ære sidan dei representerte viktige verdiar for krigarane og fyrst og fremst var det i samband med krigføring at desse verdiane vart omtala i sogene. Her skal eg no trekke fram nokre døme frå SvS og HHS for å sjå om det er likskapar i måten dei vert framstilt i forhold til vikingtid og tidleg mellomalder.

Eg kan byrje med ein situasjon frå HHS der Håkon og mennene hans oppheldt seg i Tønsberg. Utan forvarsel vart dei utsett for eit åtak frå Ribbungane.¹⁹⁸ Kjetil Staur og Eiliv Dverg, var i ei loftstove då angrepet fann stad, men dei "... forsvara seg godt og modig heile natta, ein har sjeldan høyrte om to menn som har forsvart seg

¹⁹⁸ Ribbungane hadde vorte stifta på restane av baglarpartiet og tok Sigurd Ribbung til konge. Desse opprørarane heldt seg hovudsakleg på austlandet.

betre. [...] dei falt med ære.”¹⁹⁹ Dette er eit typisk døme på modige menn som nektar å gi opp for overmakta, dei vil heller kjempe til døden enn å overgi seg. I likskap med Snorres kongesoger, finn ein slike hendingar med jamne mellomrom i både SvS og HHS og det vert som dette dømet syner, understreka kor modige eller mandige mennene var. Sidan desse verdiane var nært knytt til ære, vart det i fleire tilfelle fyrst beskrive korleis krigarane oppførde seg og deretter om det var ærefullt eller ikkje.

Som nemnt tidlegare vart ære delt ut både til fiendar og allierte, og i same grad var det vanleg å påpeike mot og manndom hos fienden. I SvS vert det beskrive eit sjøslag mellom Sverre og kong Magnus. Ein av Magnus sine menn, Steinform vert ståande att åleine. ”... Han forsvarte seg som ein mann. [...] Han fell med stor ære.”²⁰⁰ Dette syner at fiendane sitt mot vart verdsett på lik linje med motet som eins eigne krigarar synte. Det syner også at desse verdiane generelt vart sett på som viktige verdiar for alle krigarar. At dette var verdiar som var sentrale i krigføring også kring 1200-talet, er det vel liten tvil om. Det skal mange menn til for å vege opp for manglande mot. Utan djerve krigarar i front, var det nok mange bønder og leidangsfolk som kviddet seg for å gå fremst i åtaket.

Sjølv om det var viktig å syne mot og fryktløyse, var det likevel fleire høve der ein var nøydd til å vege tap av ære opp mot fornuft. Birkebeinarane kom til dømes bort i fleire tilfelle der fienden hadde fleire menn enn dei sjølve, og Sverre måtte rådføre seg med mennene sine før han tok avgjersla om å flykte eller kjempe.

Kongen enda talen, og mennene syntes dei skjønnte kva han ville, og alle meinte det var best å samtykke i det som openbart var viljen hans. Men dei syntes ikkje det såg lyst ut. Dei svarte nesten alle på ein gong og sa at dei helst ville slåss og ikkje flykte før dei hadde forsøkt seg. Dei sa at det var det same, dei hadde kjempa mot stor overmakt so mange gonger før og likevel vunne siger.²⁰¹

Her kjem det fram at mennene vert teken til råds, og sjølv om dei var skeptiske, valde dei å fylgje kongen. Dei syner djervskap ved å kjempe mot ein fiendehær som hadde fleire menn enn dei sjølve. Likevel er det interessant at dei seier at dei ikkje vil flykte før dei har forsøkt seg, noko som vil seie at flukt var eit alternativ for dei. Det verkar som om retrett ikkje var skamfullt so lenge alle var samde om det. Ein finn også

¹⁹⁹ HHS: 127.

²⁰⁰ SvS: 90.

²⁰¹ SvS: 131-132.

døme på at dei flykta før eller under kampen, sannsynlegvis fordi dei innsåg at kamp var fånyttet.²⁰² Som nemnt under avsnittet om ære, vart det sett på som særskamfullt å flykte, men nordmennene var også opptekne av langsiktige mål. I følgje Snorres saga var det viktig å oppretthalde æra si, men dersom nordmennene var sikre på at dei kom til å tape, eller miste mange menn unødige, var det meir naturleg å trekke seg tilbake før eller under kampen. Fordi det sto mykje på spel eller fordi deltakarane hadde store interesser i utfallet, var det rett og slett viktigare med suksess enn å syne ære i somme tilfelle.²⁰³ Dette stemmer i stor grad overeins med korleis spesielt Sverre og mennene hans oppførte seg, men også Håkon. Det var likevel stor forskjell på å unngå kamp av praktiske grunnar og å vere engsteleg for å kjempe på grunn av manglande mot. I HHS får ein høyre om menn som ikkje hadde nok mot i brystet til å følgje Håkon i kamp,²⁰⁴ og Sverre talar om dei gamle birkebeinarane og deira mot når mennene hans ikkje torde å speide i krigstid.²⁰⁵ Ved eit anna høve seier Sverre at birkebeinarane oppførte seg mindre modige enn tidlegare; "Dei gamle birkebeinarane gjekk ikkje til kamp i kjortlar med slep slik som dykk gjer. Dei hadde kortare og snauare kjortlar og meir mot i brystet."²⁰⁶ Det er tydeleg at det vert lagt merke til med ein gong ein syner teikn til redsle, og Sverre er snar til å samanlikne med før i tida, då alle var så mykje djervare og modigare. Uavhengig om det er Sverres eigne ord eller om forfattaren legg desse orda i munnen på han, syner det at djervskap og mot var særskilt viktig. Ingen hadde bruk for krigarar som var engstelege for å føre krig. For å eggje opp krigarane sine, gav difor Sverre beskjed om at dei var dårlegare enn sine forgjengarar, og håpa kanskje på at dei ville motbevise dette.

Sogene ber tydeleg preg av at djervskap og fryktløyse er essensielt for å kunne sigre, for det skulle mange menn til for å vege opp for manglande mot. I likskap med ære vert det omtala djerve krigarar på begge sider og det er tydeleg at slike verdiar vert sett pris på. Ein skulle ikkje vere uvørden, men om ein innsåg at døden nærma seg

²⁰² SvS: 55, 84.

²⁰³ Bagge 1991: 55.

²⁰⁴ HHS: 143.

²⁰⁵ SvS: 71.

²⁰⁶ SvS: 200.

var det ikkje noko å tvile på. Om ein kunne trekke seg tilbake og dermed unngå unødige tap, var dette å føretrekke framfor å gå i døden for å forsvare æra si.

3.3 Æresvald

Som det har vorte vist til no, var ære, djervskap og fryktløyse viktige verdiar også kring 1200-talet. Kongen sjølv sa ifrå kva som var skamfull og ærerik oppførsel, noko som krigarane også gjorde. I tillegg kom til tider den "allmenne røysta" fram og omtala ein situasjon eller ei handling som ærerik eller skamfull. Situasjonane der dette fann stad, var som oftast i forbindelse med krigføring der menn synte mot og fryktløyse i det døden nærma seg, noko som i likskap med tidleg mellomalder var eit ideal for krigar og samfunn. Desse mennene vart vanlegvis beskrive med fullt namn, både når det er tale om venner og fiendar. Det er difor tydeleg at mot og djervskap vart sett pris på også når fienden synte det. I stor grad vert det også beskrive tilfelle der krigarane lukkast og overlever, ikkje berre når krigarane møter ein heroisk avslutning.

Utifrå korleis sogene beskriv desse verdiane, ser ein store likskapar med korleis dei vart beskrive i både vikingtid og tidleg kristen tid, men er det noko som har endra seg? Når det gjeld æresvald kan ein byrje å skimte endringar i tankegangen. Omgrepet æresvald kunne ha to tydingar, vald som skulle resultere i auka ære, og vald som var forårsaka av krenka ære.²⁰⁷ Hemndrap, som kom under den siste kategorien, var framleis tillete so seint som i 1250 i følgje Nedkvitne, men allereie på 1100-talet byrja det å kome lover som omtala kva tilfelle ein hadde lov å ta valdeleg hemn i.²⁰⁸ Til tross for desse lovene får ein høyre at Sverre sjølv seier: "eg har meir utsikt til å få hemna mi harm på anna måte enn ved å gå i ei slik felle. Far min og brørne mine vert ikkje hemna om eg vert strakt til jorda eller driven på flukt."²⁰⁹ Her og ved eit par andre høve, vert Sverre framstilt som ivrig etter å hemne den urett som slekta hans hadde vorte utsett for, noko som syner at tanken om hemn ikkje nødvendigvis vart sett på som noko negativt av Sverre. Dette står i motsetnad til korleis ein såg på hemndrap i HHS. Menn som sto Håkon nær kunne framleis reagere på krenkingar med vald, men dette var noko som kongen såg ned på. Det vert framstilt som ufornuftig, dumt og gav ikkje ære i det heile teke. Ved eit høve, kom

²⁰⁷ Nedkvitne 2011: 268.

²⁰⁸ Nedkvitne 2011: 97.

²⁰⁹ SvS: 38.

Ivar Grette i skade for å ta livet av ein birkebeinar, og hirda til Håkon væpna seg og ville ta hemn. Faren og broren til Ivar gøymde seg i kyrkja, men hirda trua med å bryte den opp. Då kongen fekk vite om det, gav han straks ordre om å ikkje krenkje kyrkjefreden, for familien til Ivar skulle ikkje straffast for noko som dei ikkje var ein del av. Ivar slapp frå det med livet og vart sendt i kloster i staden.²¹⁰ Håkons haldningar er klåre. Han tolererar verken krenking av kyrkja eller drap sjølv om hirda hans er villige til det. Dette dømet illustrerar at sjølv om kongemakta var i ferd med å endre sine haldningar, var det framleis eit stykke igjen før vanlege krigarar endra sitt syn på rettferd.

Vald som vart utført i kongens namn gav derimot ære.²¹¹ Erling Romstav, ein ribbung, hadde tidlegare teke imot grid frå Håkon og var no hans mann. Ved eit seinare høve, deltok han i eit åtak på ribbungane der dei drap 40 mann. Etter dette "Heldt kongen Erling for å vere ein påliteleg mann og sa at han hadde hogd seg til lendmannsrett."²¹² Her kan ein sjå at valdsbruk på kongens ordre både vart sett pris på og løna av kongen, så lenge det tente eit godt formål.

Den negative haldninga til hemndrap var ein generell tendens i Vest-Europa på denne tida. Valdelege feidar og anna æresvald var ikkje noko som ein høvisk mann skulle drive med, det vart betrakta som nedverdige oppførsel. Denne haldninga førte også til påverknad på kongemakta i Noreg, som hadde eit ynske om ein høvisk kultur kring hoffet sitt, og dermed forsøkte å følgje dei same retningslinene som europearane.²¹³ Hemndrap som tidlegare hadde vore ein naturleg del av samfunnet, vart no sett på av kongen som uhøvisk framferd. Auka av tillegg i lovverket kring valdshandlingar forsøkte å endre den gamaldagse haldninga til hemn, men det er mykje som tyder på at hemndrapa ikkje tok slutt med det fyrste. Bagge seier at det er mange spor etter det gamle systemet kring ættefeidar gjennom heile Håkons regjeringstid.²¹⁴ I 1260 gjorde Håkon alle former for hemndrap og anna æresdrap forbode, med unntak av tilfelle der den skuldige var villig til å svare for seg. Magnus Lagabøte gjorde deretter alle hemndrap forbodne i 1274, og no var det berre staten som kunne utøve legitim vald.²¹⁵ Ein finn likevel nokre døme på at det fann

²¹⁰ HHS: 168.

²¹¹ Nedkvitne 2011: 98.

²¹² HHS: 158.

²¹³ Nedkvitne 2011: 41.

²¹⁴ Bagge 1996: 151.

²¹⁵ Nedkvitne 2011: 99.

stad i ettertid av dette, men det verkar som om folk flest godtok normene. Nedkvitne stiller spørsmål til om dette berre var ei ytre akseptering og om dei indre verdiane krevja lengre tid for å endrast.²¹⁶

Det var ikkje store forskjellar mellom Island i Noreg når det kom til løysingar på konflikhtar, men det var stor forskjell på resultatet av konfliktløysinga seier Sigurdsson. På Island vart valdskonflikhtar som oftast teke opp på Alltinget, men domstolen hadde ikkje noko reell makt til å utføre straffetiltak mot den som vart dømt og var heller meint som eit pressmiddel mot den som var skulda. Det var difor opp til skuldnaren å gjennomføre straffa. Dersom konflikten sto mellom to høvdingar av lik status, var det ofte vanskeleg å gjennomføre straffa fordi den skulda hadde mektige vener. Målet med konfliktløysinga var i mindre grad rettferd og utøving av straff, men heller å stabilisere forholda og å skape fred. Dette fungerte nokså tilfredsstillande på Island, for få islandske høvdingar vart drepne, men desse metodane fekk ikkje den same effekten i Noreg. Det var fyrst kring midten av 1200-talet at det vart det stabil fred i Noreg. For Håkon, som etter kvart vart einekonge, var det viktig å få i gong eit velfungerande system som kunne kontrollere nordmennene sin valdelege natur. Revidering av eldre lovverk og utvikling av landslova i kombinasjon med å styre sine nærmaste mot ein meir høvisk kultur, vart ein del av løysinga. Ein tankegong som også Magnus Lagabøte vidareførte under sitt styre.²¹⁷ Sigurdsson nemner at kyrkja også var ein pådrivar for dette, noko som også hadde vore situasjonen i Europa. Dei geistlege forsøkte å få folk til å innsjå at krenking av ære førte til drap og krig, ein skulle difor ikkje auke æra si eller forsvare den.²¹⁸ Krigaren si ære kom i konflikt med kyrkja sine ynskjer om fred. Sjølv om eit drap vart sett på som eit legitimt æresdrap av folket, såg likevel kyrkja det som eit drap, noko som var i strid med dei ti bod. Om kyrkja skulle gi syndeforlating måtte ein syne oppriktig anger for det ein hadde gjort. Syndeforlatinga kunne likevel verte gitt som eit kompromiss mellom kyrkja sine ideal og krigarane sin praksis. Krigaren syntte at dei aksepterte kyrkja sine normer ved å be om forlating og det var positivt at dei kom av fri vilje når dei sjølve innsåg at dei hadde gjort noko gale. På sikt ville dette kunne vere med å endre haldningane til krigarane.²¹⁹ Helle trur at denne byrjande utviklinga av rettsstaten under Håkon

²¹⁶ Nedkvitne 2011: 107.

²¹⁷ Sigurdsson 2008: 99-101.

²¹⁸ Sigurdsson 2008: 76-77.

²¹⁹ Nedkvitne 2011: 48.

Håkonsson og Magnus Lagabøte, deriblant forbodet mot hemndrap i 1274, gradvis førte til at delar av æressamfunnet ikkje trengtes i like stor grad som tidlegare.²²⁰

Utifrå analysen av HHS og SvS ser ein altså at den æra som krigaren kan oppnå gjennom krigføring framleis er viktig. Verdiane som trengst for å oppnå den, fryktløyse og djervskap, vert høgt verdsette av samfunnet. Ein ser likevel endringar i synet på æresvald etter Sverre sitt styre. Makthavarane forsøkte å endre folk si oppfatning om valdeleg oppførsel både gjennom oppretting av lover og ved at kongen og hans nærmaste synte meir høvisk oppførsel. Dersom det ikkje lengre vart sett på som ærefullt å drepe andre på grunn av krenkingar eller for å oppnå ære, ville dette etter kvart ført til færre valdelege konflikhtar på personnivå. Dette kan underbyggast med at valdelege handlingar utført under kommando av kong Håkon var ærefulle, medan private valdshandlingar vart sett ned på og etter kvart straffa. Håkon fjernar seg ikkje frå tankegangen om ærefull framferd i krig, men han nyttar lovverket og innføringa av nye haldningar til å samle valdsapparatet under seg i større grad enn tidlegare.

3.4 Fromleik og gudsfrykt

Denne delen av kapittelet vil omhandle korleis SvS og HHS framstiller forholdet som konge og krigar hadde til Gud og kyrkja. Undervegs vil eg drøfte korleis forholdet til gudane har utvikla seg frå den førkristne tida til 1200-talet og utover. Har religionsskiftet ført til endringar i forholdet mellom religion og krigføring eller er det mykje likt?

Både Håkon og Sverre antyder fleire gonger at resultatet av handlingane deira var avhengige av eller styrt av Gud og hans vilje. Det einaste dei sjølve og krigarane deira kunne gjere var å kjempe so godt som dei kunne, so ville utfallet syne kven som hadde Gud på si side. I den førkristne tida var det lagnaden, eller Odin, som hadde bestemt kven som skulle døye, men kven som skulle vinne slaget var vanlegvis opp til krigarane sjølve.²²¹ I følgje Snorre greip Odin særst sjeldan inn på slagmarka, for han var berre oppteken av å finne dei beste krigarane, uavhengig om dei tapte

²²⁰ Helle 1995a: 185-187.

²²¹ Steinsland 2005: 102; Foote og Wilson 1970: 430-432.

eller vann.²²² På grunn av dette var ikkje trua på gudane til noko hjelp når det kom til å vinne slag i direkte forstand. Sjølv sagt kunne det ha mykje å seie for krigarane av høgare stand at dei fekk kome til Valhall om dei kjempa godt og møtte døden med ære, men noko støtte i kampens heite var ikkje å forvente. Utfallet var heilt opp til dei sjølve og difor var det endå viktigare med djerve og fryktlause krigarar. Kring 1200-talet var det også nødvendig med slike krigarar, ein kunne jo ikkje vinne slaget utan å kjempe, men den religiøse sida av krigføringa hadde ein fått ein litt anna funksjon enn tidlegare.

I SvS og HHS vart siger i krig tolka som eit teikn på at Gud ville at dei skulle sigre. Allereie i Sverre sin fyrste store kamp, mot bymennene frå Trondheim, var han tydeleg på dette. "Kong Sverre takka den allmechtige Gud og Guds mor den heilage Maria og kong Olav for den fagre sigeren som Gud hadde gitt han."²²³ Dei vann slaget, og dermed kunne dei ta det som eit teikn på at Gud støtta hans kamp om kongekrona. Krag seier at det ikkje var ein unaturleg tankegong for folk i samtida å tru at utfallet av ein farefull situasjon var ein gudsdømme.²²⁴

I HHS finn ein eit liknande døme på korleis ein kunne nytte denne tankegangen. Sigurd Ribbung, ein opprørar som hevda at han var arving til trona, krevja at landet skulle delast mellom han sjølv og Håkon. Då peika Håkon på farfaren sin, Sverre, som eit teikn på at deira slekt var den rettmessige innehavaren av trona. Håkon sa at Sverre måtte tåle mykje motgang, også etter at han tok makta, men riket hans vart ikkje oppdelt av den grunn. "Han bad Gud skifte etter sin nåde. Dette kan dykk også seie til høvdingen dykkar: landet vert ikkje skifta annleis mellom oss enn Gud vil skifte det."²²⁵ Her legg Håkon det fram som at Gud bestemte at Sverre-ætta skulle vere kongar. Dersom Gud ikkje ynskte at landet skulle delast, vart det heller ikkje slik. Gjennom å syne til tidlegare hendingar der Sverre-ætta hadde lukkast, synte han indirekte at han regjerte i Guds embete.

I heidensk tid var det også vanleg tru at kongen var innsett av gudane, noko som førte med seg eit stort ansvar. Sjølv om gudane ikkje var kjende for å gripe direkte inn i på slagmarka, var generell framgong i fredstid og krigstid eit teikn på at gudane støtta folket og leiaren deira, medan uår og naturkatastrofar var eit teikn på

²²² Nedkvitne 1997: 37-38.

²²³ SvS: 36.

²²⁴ Krag 2005a: 98.

²²⁵ HHS: 142.

det motsette. Difor måtte kongen heile tida overtyde folket om at han hadde gudane og hellet med seg ved å oppsøke strid og sigre.²²⁶ I HHS får ein høyre at då Håkon vart teken til konge, blomstra frukttrea to gonger mange stader og fuglane la egg to gonger.²²⁷ Dette kan vere eit teikn på at ein framleis knytte gode år og uår opp mot kongen sin, og såg etter teikn som synte at folket og kongen hadde vart støtta av Gud.

Trua på at Gud støtta kongen deira og dei sjølv kunne truleg vore ei trøyst for krigarane. Kor mange som trudde på dette eller kor mykje lit dei sette til det er vanskeleg å seie noko sikkert om, men sannsynlegvis hjelpte det å vite at Gud støtta kampen deira. I samband med dette får ein høyre om Sverre og hans menn medan dei er i Bergen. Kong Magnus si flåte er på veg mot dei, og sidan dei er i undertal ynskjer fleire av mennene å flykte. Då seier Sverre fyrst til mennene sine at dei er betre krigarar enn Magnus sine menn og han avsluttar med å seie:

Eg ventar at vi skal sigre over dei. Det har sjeldan slått feil det eg har spådd når vi møttes. No som før er vår eiga og alle si tru og tillit retta mot Gud og hans heilage menn, og ikkje mot vår eiga hærstyrke. Eg gir saka mi over til den allmektige Gud, den heilage kong Olav og den heilage Sunniva, og eg ber at dette møte mellom kong Magnus og meg må gå slik som Gud vil, og han veit korleis saka vår står.²²⁸

Mennene til Sverre ombestemmar seg og seier at dei vil kjempe i staden for å flykte, og det kan verke som om Sverre sin sterke tillit til Gud er med på å påverke dei til å skifte meining. Også i den førkristne tida fekk krigarane ein betre kampånd og sjølvtilitt av å vite at gudane var med dei, og det verka som ei trøyst for dei at det venta ein plass Valhall om døden plutseleg skulle inntreffe.²²⁹ Det er ikkje usannsynleg at det same var tilfellet hos Sverre og Håkons menn. Dersom dei trudde at Gud styrte utfallet av kampane, ville dei stadige sigrane nok ha ført til ei styrka tru på at Gud støtta kongen deira og dei sjølv. Ein må likevel gå utifrå at Sverre sin strategiske sans hadde minst like mykje å seie. Det verkar som om han var god til å trekke seg vekk om det var slag som var vanskeleg å vinne,²³⁰ og Krag meiner at det

²²⁶ Ersland 2000: 24; Sigurdsson 2008: 29; Steinsland 2000: 54.

²²⁷ HHS: 46.

²²⁸ SvS: 86.

²²⁹ Griffith 1995: 183, 188; Steinsland 2005: 178.

²³⁰ SvS: 38, 55, 84

å unngå strid var nødvendig for å kunne halde det gåande.²³¹ På denne måten verka det som om dei langt oftare fekk siger enn nederlag. I tilfelle der dei valde å kjempe, og Sverre var trygg på siger, kunne han nok påpeike at dei kom til å sigre med Guds hjelp. Når dei då sigra, hadde Sverre fått bekrefta at dei hadde Gud og lukka med seg. At han gjorde dette før kvar kamp er nok heller usannsynleg. Då er det meir truleg at det har vorte lagt til i ettertid av forfattaren. Før slaget på Ilevollene står det i SvS at "No som før trøysta dei seg til kongen, til hans forsyn og det framsynet han hadde for korleis det skulle gå i slaget."²³² Sidan dei oftare hadde fått siger enn nederlag under Sverres leiing, ville krigarane sannsynlegvis ha stola på han ved dei høva der han ynskte å kjempe framfor å trekke seg tilbake. Dette er nok ein betre illustrasjon av korleis mennene hans tenkte i desse tilfella, men det kan ikkje utelukkast at det fantes religiøse krigarar som såg sigrane som eit teikn på at Gud var med dei.

Det er rett nok ikkje berre Sverre og Håkon som sett sin lit til Gud. Slik SvS presenterar det, ber også fiendane til Sverre ved ulike høve om at Gud skal syne dei si støtte. Ein av Magnus sine menn, Hallkjel seier at "kvar mann får kjempe så godt han kan, og så må Gud hjelpe oss."²³³ Også Magnus sjølv ber Gud om at han skal slå ned fienden.²³⁴ Dette indikerer at dei også trudde at dei hadde Gud på si side, noko som er naturleg. Magnus var jo den fyrste salva kongen i Noreg, og dermed innsett av Gud. Kvifor skulle ikkje han ha Gud på si side? Dette var truleg eit retorisk grep frå forfattaren si side for å understreke at det var fleire som bad om hjelp frå Gud, men at det berre var Sverre som hadde Guds fulle støtte. Bagge seier at Sverre sin konstruksjon av ein alternativ ideologi, var eit naturleg svar til den ideologiske mobiliseringa som kong Magnus og erkebiskopane sette i gong.²³⁵ Målet hans var heile tida å styrke påstanden om at han var den rettmessige kongen. Sjølv om det er vanskeleg å skilje Sverre sin propaganda frå hans rette tru, er det liten tvil om at han visste å nytte kristendomen og Gud for å få det som han ville.

²³¹ Krag 2005a: 105.

²³² SvS: 78.

²³³ SvS: 183.

²³⁴ SvS: 87.

²³⁵ Bagge 2010: 61.

Framstillinga i sogene syner at den kristne Gud hadde ein meir aktiv rolle i krigføringa enn dei heidenske, og kven som sigra eller døydde var ikkje lengre eit resultat av lagnaden, men vart avgjort av Gud sjølv. Dette var noko som både Sverre og Håkon visste å nytte til sin fordel. Sogene sitt formål var heile tida å styrke kongens legitimitet ved å syne at han hadde Gud på si side. Ved å stadig gjenta at dei fekk siger fordi Gud ynskte det, skapte SvS eit bilete av at Sverre hadde legitim rett til å ta trona frå kong Magnus. Håkon hadde også eit behov for å styrke sin eigen rett til trona sidan han ikkje var ektefødd, noko som innhaldet i HHS reflekterar.

Det å vite at ein hadde Gud på si side, kunne nok ha vore til støtte for dei som verkeleg trudde på Gud og på kongane sine talar. Kanskje også for dei som ikkje var særleg religiøse, men dette kom vel gjerne an på kva situasjon dei var i. Sidan utfallet vart styrt av Gud og ikkje lagnaden, er det sannsynleg å tenke seg at stadige sigrar ville kunne styrke trua på at Gud var med dei. Likevel er det meir truleg at det var Sverres strategiar og hans forsyn som gav mennene trua på at det kom til å gå bra i kampen.

3.5 Guds straff

I sogene om Håkon og Sverre er det som oftast Gud som får æra for at ting gjekk bra, men dersom det gjekk gale var det ikkje på grunn av at Gud straffa dei, men på grunn av tilfeldige hendingar. Eit døme på dette er Håkons hærferd mot Skottland, der HHS seier at det var so sterk storm at Håkon ikkje fekk sett i land hæren sin.²³⁶ Her er det ikkje tale om at Gud ikkje var med dei, men at veret var mot dei. Krag påpeikar også at nederlaga til Sverre sine birkebeinarar vart sett på som unntak, og at dei var resultat av tabbar og feilskjær hos birkebeinarane, ikkje på grunn av Sverres leiing, men andre birkebeinarar.²³⁷ Slike tendensar ser ein også under det fyrste krosstoget, der Gud får takka for alt det som går bra, men det vert sjeldan uttrykt at det var Guds straff om ting gjekk gale.²³⁸ Krønikeforfattarane under det andre og tredje krosstoget var også pragmatiske med tanke på korleis dei nytta Gud og hans vilje. Ansbert, som skreiv for Fredrik I, undergrev Kong Rikard Løvehjarte ved å seie at det var Guds vilje at han vart teken til fange i Austerrike på veg heim frå krosstoget:

²³⁶ HHS: 382.

²³⁷ Krag 2005a: 101.

²³⁸ Hill 1962.

For divine equity did not allow his arrogance to pass unpunished for long, but handed him over into the hands and power of those whom he himself had earlier treated with contempt and shamefully insulted. This was indeed by the just judgement of God [...]"²³⁹

Dette kjem av at herren til forfattaren hadde eit dårleg forhold til Rikard, og dermed ynskte å svekke hans autoritet, men dei gongane det går gale for herren, Fredrik I Barbarossa, vert det ikkje sagt noko om at det var Guds straff, for Ansbert hadde ikkje som mål å undergrave sin eigen herre. Det er noko av det same ein ser hos forfatarane av SvS og HHS. Dersom dei hadde sagt at nederlaga var på grunn av Guds vilje, ville det sjølv sagt svekka synet om at Håkon og Sverre alltid hadde Gud på si side. I likskap med det førre avsnittet, syner dette at kongane nytta Gud for å skaffe seg legitimitet.

3.6 Krigarane sitt forhold til kyrkja

HHS og SvS er i hovudsak opptekne av å påpeike det sterke forholdet mellom kongane og Gud, i langt mindre grad får ein høyre noko konkret om krigarane sitt forhold til Gud. Til dømes vert det berre omtala to gonger i HHS at krigarane anten bad om syndeforlating eller at dei fekk det. I det fyrste tilfellet gjekk Håkon til biskopen og fekk "... syndeforlating for seg og sine menn etter kampen."²⁴⁰ Slik som det vert framstilt i saga, verkar det ikkje som om det er mennene sjølve som ber om syndeforlating, det er Håkon som gjer det for dei. Dette kan tolkast som at krigarane ikkje hadde noko spesielt nært forhold til kyrkja, at det var meir ei meir praktisk ordning for dei. Helle påpeikar at skriftemål anna enn ved den siste oljen ikkje var vanleg før etter 1215 då det vart påbode å avlegge skrifte ein gong i året.²⁴¹ Dette er med på å styrke tanken om at vertfall krigarane til Sverre ikkje uroa seg altfor mykje for synd og fortaping. Under avsnittet om æresvald vart det påpeika at krigaren sitt syn på ære og hemn kunne kome i konflikt med kyrkja sin ideologi på 1200-talet. Kyrkja kunne ikkje direkte hindre at vald eller hemndrap vart utført, men dei kunne påverke denne tankegangen over tid. Fordi vald og drap var ein "naturleg" del av

²³⁹ Loud, G. A. 2010. *Historia de expeditione Frederici Imperatoris*. Farnham: Ashgate, 123.

²⁴⁰ HHS: 263.

²⁴¹ Helle 1995b: 120.

krigaren sitt yrke, hadde kyrkja fyrst og fremst eit mål om å få krigarane til å innsjå at dei hadde gjort noko gale, og at det var tilstrekkeleg om dei erkjende synda si.²⁴²

Dette tyder på at krigarane kunne ha eit overflatisk forhold til kyrkja sine bod kring i tida kring 1200-talet, men det er god grunn til å tru at dette endra seg i takt med kyrkja si utvikling utover 1200- og 1300-talet.

Seinare i saga får ein høyre at nokre av mennene til Håkon hadde teke livet av Skule Jarl utan at Håkon var til stades. Skule og mennene hans hadde søkt tilflukt i eit kloster, men Håkons menn oppdaga dette og ville gå til åtak på klosteret.

Erkebiskopen forsøkte å stogge dei og bad om grid for Skule, men nokre av krigarane var so opphissa at dei sette fyr på klosteret. Det enda med at Skule og mennene hans vart drepne då dei kom ut, og klosteret brann ned til grunnen. Dei ynskte deretter å få skrifte og å få syndeforlating av erkebiskopen, men erkebiskopen var ikkje villig til dette. Dei fekk i staden ei slags forlating for at andre kunne vere saman med dei inntil Håkon kom for å dømme i denne store saka.²⁴³ At erkebiskopen ikkje var villig til å gi syndeforlating er særst forståeleg. Ikkje nok med at dei hadde teke livet av menn som erkebiskopen bad om grid for, det var også strengt forbode å bryte kyrkjefreda, noko som også vert påpeika av Håkon tidlegare i saga.²⁴⁴

Krigarane synte ei arrogant haldning til kyrkja ved å be om tilgiving etter at dei hadde sett fyr på eit kloster, brote kyrkjefreden og teke livet av fleire menn framfor auga på erkebiskopen. Dette indikerar på ny at forholdet deira til kyrkja var meir praktisk enn inderleg. Dei veit at handlingane deira var syndige, men forventar at det gjekk greitt om dei berre spurte om syndeforlating frå erkebiskopen.

Etter dette får ein ikkje høyre noko meir om korleis det gjekk med mennene som drap Skule, berre Håkons reaksjon då han får vite om hendinga. "Det er to store nyhende i dette brevet, og begge er vonde, den eine er at klosteret på Elgeseter er brent, den andre at svigerfar min Skule er død."²⁴⁵ Det verkar som at drapet på Skule var like gale som brenninga av klosteret, og det er nok ikkje til å sjå vekk ifrå at mennene vart straffa av Håkon i ettertid. Det som derimot kan ha vore formildande, var at Skules menn hadde ved eit tidlegare høve teke livet av Ivar Korne, ein av

²⁴² Nedkvitne 2011: 48.

²⁴³ HHS: 271.

²⁴⁴ HHS: 168.

²⁴⁵ HHS: 272.

Håkons hirdmenn, medan han søkte tilflukt på taket av ei kyrkje.²⁴⁶ Ved eit anna høve hadde nokre av Skules menn lova grid til Jon Silke og Guttorm av Bjarkøy som var Håkons sysselmann, men då dei kom ut av kyrkja vart begge drepne.²⁴⁷ I det siste tilfellet vart gjerningsmennene rett nok straffa av Skule,²⁴⁸ men desse drapa kan ha hatt noko å seie for korleis Håkons menn vart tukta i ettertid. Håkon var tydeleg irritert over at Skule hadde sendt mennene sine for å ta livet av gode menn som hadde sverja truskap til dei begge og ikkje hadde venta noko vondt frå jarlen. Vidare seier han dette: "Kyrkjene gav dei ikkje meir vern enn fjøs."²⁴⁹ Håkon er tydeleg vonbroten over at kyrkjegrida ikkje hadde vorte respektert, noko som teiknar dårleg for dei mennene som drap Skule og sette fyr på klosteret.

Ein sit att med eit inntrykk av at krigarane sitt forhold til kyrkja var praktisk meir enn inderleg. Dei har kunnskap om Guds ord og er klar over kva som er syndige handlingar, men forventar nærmast å få syndeforlating både fordi dei var krigarar av yrke, men også fordi dei var kongens menn. Brenninga av klosteret og brotet på kyrkjegrida syner at krigarane ikkje hadde eit inderleg forhold til Guds lover og sjølv om dette ikkje nødvendigvis var representativt for alle, er det ein indikasjon på at fleire av krigarane ikkje hadde respekt for kyrkja sine normer. Både Håkon og Skule synto derimot klårt at dei tok avstand frå brot på kyrkjegrida. Skules menn vart straffa og handlingane til Håkon sine menn fekk truleg også konsekvensar sjølv om desse ikkje vert omtala.

3.7 Synet på døden

Etter å ha sett på kva forhold krigar og konge hadde til kyrkja, er det også relevant å utforske kva rolle døden spela i livet deira. Førestillingar kring døden er nært knytte til religion, men verdier som ære kan også ha ei rolle i dette samspelet. Her skal eg sjå nærmare på sogene si framstilling av døden, om det er forskjell på konge og krigar og kva rolle dei andre verdiane spelar.

Tidlegare i dette kapitlet, under avsnittet om ære, såg ein døme på at det å tape eit slag ikkje var noko nederlag i seg sjølv. Det var måten ein gjennomførte

²⁴⁶ HHS: 215.

²⁴⁷ HHS: 216.

²⁴⁸ HHS: 218.

²⁴⁹ HHS: 250.

slaget på som var det essensielle, men også korleis krigarane skulle oppføre seg i møte døden. Dette er ein mentalitet som ein kjenner att frå det førkristne samfunnet. Det var ikkje trusselen om døden ein skulle dvele ved, men verdiane som var forventa at ei krigar skulle syne på veg mot ein eventuell død. Dette synet vert også reflektert i ei forteljing som vert teke opp i både SVS og HHS der ein bonde fortel sonen sin korleis han skal oppføre seg under slaget.

... korleis ville du te deg om du kom i kamp og visste på førehand korleis det ville gå? Han svara: Då var det vel ikkje noko å spara på og hogge laust til begge sider. Kallen sa: Enn om nokon kunne seie deg sikkert at du ikkje kom til å falle? Han svara: Då var det vel ingen grunn til å ikkje gå fram av alle krefter. Kallen sa: I alle slag du kjem i, vil det hende eit av to, anten fell du, eller du vil kome frå det, så berre ver modig; alt går som lagnaden vil, og ikkje kjem den mann til Hel som ikkje er feig, og ikkje noko kan frelse den feige. På flukt er fall verst.²⁵⁰

Denne tala syner ei letthjarta haldning til det å kjempe og risikere døden, noko som Sverre sine talar ofte gjorde, og budskapet minner om haldningar frå eldre tider. Når ein visste at døden nærma seg, var det ikkje lengre noko å tvile på, ein skulle hogge laust og gjere mest mogleg skade før ein døydde. I forteljinga vert det påpeika at ein burde kjempe på denne måten uansett, for anten døydde ein eller so overlevde ein, og dermed hadde det ingen hensikt å kjempe forsiktig eller å uroe seg for døden. Det vert også sagt at det er berre å vere modig, for det går som lagnaden vil, noko som liknar mykje på tankegongen i førkristen tid. I følgje Steinsland var døden nemleg bestemt på førehand av lagnaden, og når døden kom var Odin klar til å kalle til seg dei beste krigarane, derav referansen til Hel.²⁵¹ Den feige kom til Hel og den modige krigaren kom til Valhall. Desse forteljingane kan indikere at ein framleis hadde eit syn på lagnaden som noko anna enn Guds vilje, men i HHS vert ikkje desse siste setningane om lagnaden og Hel nemnt. Det treng difor ikkje å vere noko band mellom trua på lagnaden og forteljinga, det var nok heller budskapet i forteljinga som var det viktige, at ein ikkje skulle frykte døden, men heller kjempe so godt ein kunne.

Biletet av den ideelle krigar var viktig å oppretthalde, spesielt i urolege tider som borgarkrigstida. Det er jo då interessant å tenke på at Sverre ikkje vert presentert som særleg modig i sogene. Han kjempa mellom anna sjeldan i fronten

²⁵⁰ SVS: 77; HHS: 250.

²⁵¹ Steinsland 2005: 178.

ilag med mennene sine,²⁵² noko som hadde vore vanleg tidlegare og noko som kong Magnus gjorde i kamp mot birkebeinarane.²⁵³ Krag påpeikar at Sverre hadde på seg anonyme brune klede i kamp, noko som skjulte hans posisjon i motsetning til Magnus som kjempa i fronten med fargeglade klede.²⁵⁴ Om dette tyder på at han frykta døden, var ein dårleg krigar eller berre ein taktikar er vanskeleg å seie noko sikkert om, for kjeldene er vage på dette området. Men i forhold til dei djerve krigarane sine, verkar Sverre å kome langt i bakgrunnen når det kjem til mot.

Forteljinga om bonden og sonen i SvS nemner Hel og Valhall som eit resultat av døden, medan versjonen i HHS ikkje seier noko om kva som skjer etterpå. Her er den religiøse delen teke ut av forteljinga. Under slaget på Kalvskinnet gir derimot HHS ei klårare framstilling av forventningane kring livet etter døden. Erling Jarl, far til kong Magnus, vart hardt skada under slaget mot birkebeinarane. Medan han låg for døden kom Magnus bort til han og sa: "Vi møtes på gleda sin dag far!"²⁵⁵ Spørsmålet her, er om dette er forfattaren si eiga tru som kjem til syne, eller om Magnus sjølv trudde på eit liv etter døden. Slik Magnus framstiller det, ventar det ein plass i himmelen på dei begge, og dei kjem til å møtast igjen. Om dette faktisk kom frå Magnus sin eigen munn, indikerar det at dei hadde ei tru på eit liv i himmelen, sjølv om dei var krigarar. Frå Magnus sin ståstad var dette ein rettferdig krig i samsvar med kyrkja si lære om det, for forsvar av landet fell under denne kategorien av krigføring.²⁵⁶ Dermed hadde Magnus sitt på det reine og verken han eller krigarane hans var syndige sjølv om dei dreiv med krigføring. Difor kunne han med rette forvente ein plass i himmelen.

Ved gravlegginga av Erling Jarl etter slaget, kjem det fram at Erkebiskop Eirik og mange andre lærde, som støtta kong Magnus, hadde sagt at "alle som forsvarar landet for kong Magnus og fell for han, at alle desse menn sine sjeler vil vere i paradiset før blodet har vorte kaldt på jorda."²⁵⁷ I ein kommentar til dette seier Sverre fyrst at ein må glede seg over alle dei mennene som har vorte heilage denne dagen, men deretter seier han at "vi må rekne med at dei brast alle dei fagre lovnadane som

²⁵² SvS: 235, 240, 241, 245.

²⁵³ SvS: 77.

²⁵⁴ Krag 2005a: 220.

²⁵⁵ SvS: 67.

²⁵⁶ Riley-Smith 2009: 9.

²⁵⁷ SvS: 68.

vart gitt dei”²⁵⁸ Sverres ironiske tone antyda at erkebiskopen ikkje hadde nokon rett til å love Magnus sine menn tilgong til Paradis. Før slaget hadde Sverre bedt til Gud, sameleis hadde mennene til Magnus gjort, og jarlen sjølv hadde kyssa kyrkja. Likevel var det birkebeinarane som vann slaget og i følgje Sverres tankegong synte dette at dei hadde Gud på si side. Dermed var ikkje lovnaden til Erkebiskopen om paradiset verdt noko for dei av fienden som hadde mista livet. Desse mennene kom ikkje til himmelen i følgje Sverre. Difor oppfordra han alle til å be for sjela til Erling og dei andre som hadde falt og for at Gud skulle forlate syndene deira og frelse dei. Dei vert framstilt som syndarar fordi dei hadde gått mot Guds vilje om at Sverre var den rettmessige kongen. Sjølv om kyrkja støtta kong Magnus, var Sverre sikker i si sak om at dei geistlege tok feil, og at Gud støtta han sjølv og ikkje dei geistlege. Han undergrev dermed Magnus sin rettmessige krig og legitimerar sin eigen. Likevel kan ikkje Sverres krig reknast som rettmessig, same kor hardt han forsøker å rettferdiggjere den. Lysing av rettferdig krigføring krevja eit institusjonelt nivå tilsvarande det vi i dag ville kalla ein stat. Det var berre leiarar på eit slikt nivå som kunne lyse rettferdig krig, noko som tydar på at Sverre ikkje hadde legitim rett til dette.²⁵⁹ Uavhengig av kven som hadde retten på si side, vert det likevel framstilt hos både Magnus, Sverre og erkebiskopen at dei trudde at dei kom til himmelen. Det er derimot usemje om kven av dei som fortente å kome dit. For Magnus og erkebiskopen var det naturleg å tenke at Sverre og hans menn ikkje fekk kome til himmelen, men Sverre ser annleis på det og framstiller Magnus og hans menn som syndarane og at alle må be for sjelene deira. Dette syner at spesielt Sverre nytta religionen for politisk vinning.

I førre kapittel såg vi at Vilhelm Erobraren uroa seg for alle syndene sine då han låg for døden. Han forsøkte difor å bøte på syndene ved å tilgi fiendane sine og håpa dermed at Guds dom skulle verte mildare. I Noreg var ikkje denne tankegangen so utbreidd kring år 1100, men utover 1100-talet vart det stadig meir tale om synd og fortaping. Den som ikkje hadde gjort opp for syndene sine, kom til helvete, men syndene kunne slettast ved skriftemål. Dette var læra som den internasjonale kyrkja lærte frå seg på 1100- og 1200-talet, noko som også fann vegen til Noreg.²⁶⁰ Likevel verkar ikkje Sverre prega av dette på sitt eige dødsleie i 1202, i vertfall ikkje i ytre

²⁵⁸ SvS: 68.

²⁵⁹ Ersland 2000: 19.

²⁶⁰ Nedkvitne 1997: 113.

forstand. Han understreka at andletet hans skulle vere udekka, slik at folk skulle kunne sjå at bannlysinga ikkje hadde påverka han. Etter å ha fått den siste oljen bad han Gud om å tilgi fiendane sine, men tilgav dei ikkje sjølv, og bad heller ikkje om å sjølv få tilgiving.²⁶¹ Det vert framstilt som om Sverre ikkje hadde nokon ting å angre på, han forventa at Gud dømte rettferdig og til hans fordel. Dette skil seg frå idealet om den temja død der ein skulle tilgi fiendane sine og bøte for eigne synder. Her må ein ta i betraktning at saga om Sverre hadde som mål å skape legitimitet kring det han hadde gjort og dødsleiet hans var ein naturleg del av dette. Bortsett frå dette, deler både Sverre og Håkon sine dødsleie fleire likskapar med den temja død. Dei vart fyrst varsla om at døden skulle kome og møtte denne bodskapen med ro og aksept. Deretter tok dei avskjed med slekt og vener før dei fekk den siste oljen og gjorde seg ferdig med alle verdslege bekymringar.²⁶² Dette stemmer godt overeins med korleis Bagge omtalar kongar og høvdingar i mellomalderen og renessansen. Han skulle ikkje oppføre seg som ein munk, men vere stolt, elske alt det gode som livet baud på og vinne heider og ære. Det var fyrst då døden nærma seg at han skulle syne full respekt for kyrkja sine normer. Desse normene vart sett høgt, men det var ikkje noko ein følgde ordrett i kvardagen.²⁶³

Også i Europa var ære og eit godt ettermæle framleis høgt verdsett, men ein trong ikkje nødvendigvis å døy på slagmarka for å få ein ærefull død. Georges Duby skriv om William Marskalken som arrangerte ein storslått gravleggingsfest for rike og fattige, vennar og familie, der han delte ut pengar til kyrkje og slektningar.²⁶⁴ På denne måten opprettheldt han si ære som krigar utan å døy på slagmarka, noko som var ganske annleis enn i tidleg mellomalder. Ein kan sjå likskapar med dødsleia til Sverre og Håkon, men dei var ikkje på langt nær so overdådige som dødsleiet til William.

Sjelemessene, som ein ser hos Sverre og William, fekk fyrst innpass blant kongelege og hos aristokratiet på 1200-talet, men påverknaden frå kyrkja auka stadig og dei nye haldningane vart gradvis teke til seg av folket. Lekfolk trudde og visste at dersom dei ikkje følgde kyrkja sitt bod, ville dei få bøter i dette livet og brenne i

²⁶¹ SvS: 258-259.

²⁶² Nedkvitne 1997: 72-75.

²⁶³ Bagge 2005: 235.

²⁶⁴ Duby, Georges. 1985. *Verdens beste ridder: historien om William Marskalken*. Oslo: Ars, 7-23.

skjærseid og helvete i det neste.²⁶⁵ Dette ser ein mellom anna ved at det vart vanlegare blant dei som hadde råd å kjøpe seg sjelemesser i Noreg og på Island. Dette var riktig nok ei endring som hovudsakleg omhandla eliten, men sidan det vanlegvis var eliten som sto bak endringar i samfunnet, ville dette kunne reknast som ei byrjande endring i synet på døden.²⁶⁶ Sidan det stort sett var eliten som hadde råd til dette, vil det seie at dei hadde ein muligheit til få ein ærefull død sjølv om dei døydde av alderdom eller sjukdom. Krigarar av lågare rang hadde ikkje denne muligheita og måtte sikre ettermælet sitt gjennom andre prestasjonar. Det vart altså eit skilje mellom vanlege krigarar og eliten i samfunnet.

Krigarane i både SvS og HHS vart oppfordra til å ha eit enkelt syn på døden, ein døydde når tida var inne, og at det ikkje var nødvendig å uroe seg. Den naturlege haldninga til døden som ein fann i førkristen tid verkar framleis å vere til stades og krigarar som syner forakt for døden vert portrettert som gode førebilete i sogene. Ein hadde behov for fryktlause, djerve krigarar som var villige til å kjempe til døden, noko som både gav ære og eit godt ettermæle. Det var difor naturleg for leiarane å appellere til desse tradisjonelle verdiane for å egge opp krigarane til kamp. I andre talar vart mennene forsikra om at Gud var på deira side, dette var nok også til ei viss grad med på å gi krigarane meir sjølvtilitt og betre kampånd.

At Gud var på deira side var noko som både Sverre og Magnus meinte, men det var Magnus som hadde kyrkja i ryggen og det var han som førte ein rettferdig krig i samsvar med kyrkja si lære. Sverre verka uansett overbevist om at Gud var på hans side, for han sigra stadig og tok det som eit teikn frå Gud. På dødsleiet synt han ingen anger for handlingane sine, bøtte ikkje for syndene sine og han tilgav heller ikkje fiendane sine slik som var det vanlege ved den temja død. Han spelte rolla sin heilt til det siste. Håkon og Sverres dødsfall kan reknast som sjelemesser, noko som gradvis vart vanlegare blant eliten utover 1200-talet.

3.8 Verdier og ideal i Europa i forhold til Noreg

I samband med utviklinga av ideal og verdier hos konge og krigar i Noreg, vil det vere av interesse å sjå korleis stoda er i Europa kring same periode. Kongedømet Noreg

²⁶⁵ Nedkvitne 1997: 116-121.

²⁶⁶ Bagge, Sverre. 2000. *Mennesket i middelalderens Norge: tanker, tro og holdninger 1000-1300*. Oslo: Aschehoug, 222-223.

er eit utkantsområde i europeisk samanheng, men dei er alt anna enn åtskilt frå verdiar og haldningar i det europeiske samfunnet. Det vil difor vere nyttig å foreta ein komparasjon kring dette for å finne ut om dei delar dei same ideala og verdiane som det tradisjonelle krigarfølgjet. Deretter vil eg då kunne sjå om den europeiske tankegongen påverka det norske krigarfølgjet sitt forhold til desse verdiane. Det vil i hovudsak vere riddarstanden i Europa som er av interesse for meg i denne komparasjonen sidan den har fleire hovudtrekk som liknar på det norske krigarfølgjet.

I tida fram mot 1100, vart riddarane i Frankrike betrakta som på lik linje med tenarar, men utover 1100-talet gjekk det føre seg ein fusjon mellom riddar og aristokrati. Riddarane vart ein fast del av aristokratane sitt hushald, samt at fleire riddarar kom frå familiar av høgare rang.²⁶⁷ I samband med denne utviklinga vart det gradvis utvikla ei rekke retningslinjer for høvisk, eller riddarleg framferd, som synte korleis den ideelle riddar skulle te seg. Han skulle vere djerv, ærefull og høfleg, og han skulle forsvare dei svake i samfunnet. Her ser ein nokre grunnleggande likskapar med det tradisjonelle krigarfølgjet. Begge var ein fast del av herren sitt hushald, der dei fekk mat, gåver og ære. Hovudsakleg var det krigarane frå aristokratiet som hadde sin plass i krigarfølgjet og dei følgde ein allmenn kodeks kring ære og skam. Riddarane skil seg ut med tanke på den høviske kulturen, der høflegheit og omtanke skulle vere sentral, for dette vart ikkje vanleg før utover 1200-talet i Noreg.

Det å unngå bakhaldsåtak, forræderi, eller åtak på uvæpna menn var nokre av retningslinjene som riddarane måtte rette seg etter. Om ein vart overvunnen i kamp, vart dei med aristokratisk bakgrunn heldt i live og slept laus for løysepengar, medan vanlege fotfolk som oftast var avretta. Det er meir eller mindre semje om at desse retningslinjene vart følgde seier Bagge.²⁶⁸ I norrøn tid var det mest vanleg at krigsfangar vart gjort til træljar og nytta som arbeidskraft i staden for at dei vart avretta, men dette vart mindre vanleg utover 1100-talet. Fiendar frå den tapande sida som utmerka seg på slagmarka kunne verte tilbydd grid og måtte sverje lojalitet til sigerherren om dei valde å ta imot tilbodet. Løysepengar verkar ikkje å ha vore vanleg, og dei vart vanlegvis sett fri mot eit løfte om å ikkje kjempe mot sigerherren

²⁶⁷ France, John. 2006. *Medieval warfare, 1000-1300*. Aldershot: Ashgate, 54.

²⁶⁸ Bagge 1991: 162.

fleire gonger.²⁶⁹ Bakhaldsåtak vart heller ikkje sett på som skammeleg, men skjedde med jamne mellomrom.

Det vart sett på som ei stor skam å flykte frå kamp og riddaren sitt konsept om ære forbaud so og seie flukt i følgje J.F. Verbruggen, dermed vart æra også særskild viktig for riddaren si psyke i kamp. I teorien hadde dei berre to val, å kjempe til døden eller til ein vart teken til fange, noko som det fins mange døme på i europeiske kjelder. Om slaget allereie var tapt kunne ein trekke seg tilbake, men det var likevel ei hårfin linje mellom flukt på grunn av redsle og allmenn einsemje om ein strategisk retrett.²⁷⁰ Heltemodig oppførsel vart likevel meir verdsett enn suksess og dermed kjempa mange tappert anten til ein vart teken til fange eller til ein vart drepen. Dagens fiende kunne verte morgondagens allierte og riddarleg framferd kunne auke sjansen for å verte teke inn hos ein mektig fyrste eller prins.

I Noreg var ære yttarst viktig og skamfulle handlingar vart avskydde, men nordmennene var også opptekne av langsiktige mål. Suksess kunne til ei viss grad vere viktigare enn ære fordi det sto langt meir på spel og deltakarane hadde langt større interesse av utfallet enn det europeiske riddarar hadde.²⁷¹

I tillegg til at det råda ein viss militær individualisme blant riddarane, var europeiske hærar store og fragmenterte og var sett saman av hærførarens eigne krigarar, fotfolk frå aristokratiets områder og riddarar som var leigde inn for anledninga. Den vilkårlege samansetjinga og dei svake lojalitetsbanda gjorde hærane lite samkøyrde og fungerte ofte dårleg når det fyrst kom til slag.²⁷² Dei norske hærane var langt mindre og kjernen besto av mindre grupper av erfarne krigarar som hadde sterk lojalitet til herren sin. Den andre delen besto som oftast av leidangsfolk som var mindre erfarne når det kom til krigføring. Likevel var desse hærane truleg meir samkøyrde fordi hærane var sopass små, noko som gjorde det enklare å koordinere dei meir erfarne krigarane.

Riddarrørsla i Europa delar ein del grunnleggande likskapstrekk med det norske krigarfølgjet og Desmond Seward går so langt som å seie at krosstogsrørsla hadde bidrege til å gjenopprette det gamle nordiske krigarfølgjet.²⁷³ Kan det vere

²⁶⁹ Bagge 1991: 166; Ersland 2000: 32.

²⁷⁰ Verbruggen, J. F. 1997. *The art of warfare in Western Europe during the Middle Ages: from the eighth century to 1340*. Woodbridge: Boydell Press, 54-57.

²⁷¹ Bagge 1991: 172-173.

²⁷² France 2000: 455-456.

²⁷³ Seward, Desmond. 1972. *The monks of war: the military religious orders*. London: Methuen, 27.

noko i dette? Han har eit poeng med tanke på krossfararstatane som oppsto i kjølvatnet av det fyrste krosstoget. I følgje John France besto dei europeiske styrkane, som vart verande att i Midt-Austen, av mindre grupper som stadig var i kamp. På grunn av dette vart dei langt meir erfarne, samkøyrde og disiplinerte i samanlikning med europeiske hærar. I stor grad kom dette av at dei ikkje hadde råd til å tape, dei var nøydde til å vinne for å overleve. Dei militære ordenane²⁷⁴ bidrog med ei særst lojal og disiplinert kjerne i desse hærane, der djervskap og fryktløyse sto i fokus. I årevis levde og kjempa herren og hans underordna skulder mot skulder, noko som skapte eit særst sterkt lojalitetsband og ein unik kampånd.²⁷⁵ Den sterke religiøse trua hos krigarane i krossfararstatane bidrog også til kampånd og sjølvtiliten deira. Om dei falt mot Guds fiendar, var dei sikra ein plass i himmelen, noko som kunne vere både eit mål og ein tryggleik.

Sjølv om krossfararane og dei militære ordenane hadde visse andre motiv enn det som er forbunde med det tradisjonelle krigarfølgjet frå vikingtid og tidleg kristen tid, er det likevel store likskapar å spore. Under dei forholda som eit liv i Det Heilage Land bringa, utvikla den europeiske kulturen kring krigføring seg frå å ha ein del grunnleggande trekk med det tradisjonelle krigarfølgjet til å nærmast verte heilt likt.

Dersom ein igjen rettar blikket mot Noreg, men no mot perioden kring Sverres liv, finn ein då flest likskapar med den europeiske riddarstanden eller med det tradisjonelle krigarfølgjet?

Dei fyrste åra dreiv Sverre sine birkebeinarar mest med geriljakrig for å kunne kome overraskande på fienden og bakhald og strategisk tilbaketrekning var ein del av denne taktikken. Som leiar i strid, var Sverre heller utradisjonell fordi han fleire gonger let vere å kjempe fremst i krigarfølgjet slik som leiarane tidlegare hadde hatt for vane. I tillegg let han ofte vere å fylke hæren sin, men sendte krigarane sine springande mot fienden i mindre grupper.²⁷⁶ Fienden hans, kong Magnus var av den tradisjonelle typen og kjempa i fronten av fylkinga saman med dei beste krigarane sine.²⁷⁷ Sjølv om måten Sverre førte krig på var utanom det vanlege, fann nok også mennene hans raskt ut at det var ein effektiv måte å kjempe på.

²⁷⁴ Mellom anna Tempelriddarordenen, Johannittarordenen og Lazarus-ordenen.

²⁷⁵ France 2000: 464-466. I France 2006.

²⁷⁶ SvS: 210, 213.

²⁷⁷ SvS: 77.

Birkebeinarane hadde eit nært forhold til kvarandre og til leiaren sin. Heilt sidan Sverre kom til landet i 1176, følgde mennene han trufast i kampar over heile riket. Dei kjempa og budde side om side i lange periodar noko som førte til eit tettare lojalitetsband mellom dei. Utan dette sterke bandet ville Sverre sin uvanlege leiarstil kanskje ikkje fungert, for taktikken hans krevja menn med sterk disiplin og djervskap. Fleire singlar enn nederlag bidrog til å styrke tilliten til leiaren medan den stadige krigføringa førte til at mennene vart erfarne og samkøyrde. Krag påpeikar at sjølv om Sverre ikkje kjempa i fronten med krigarane sine slik som var tradisjonelt, noko som Magnus gjorde, til tross for dette hadde birkebeinarane eit sterkare lojalitetsband til leiaren sin enn det Magnus sine menn hadde. I slaget ved Fimreite falt Magnus til bakken og mennene hans slutta å kjempe med ein gong, medan birkebeinarane kjempa hardt sjølv om Sverre ikkje var særleg deltakande.²⁷⁸ Den sterke lojaliteten mellom Sverre og hans menn gav difor birkebeinarane både ein fordel i kamp og ein moglegheit til å nytte andre taktikkar enn det som var vanleg.

Fleire av birkebeinarane var fattige og av låg status, så dei hadde mykje å vinne på å følgje Sverre heile vegen til makta.²⁷⁹ Dei visste at dei var nøyddde til å kjempe for å få det dei ville ha. Ein får høyre frå både Sverre og Magnus sjølv at han ikkje var innstilt på å syne nåde ovanfor birkebeinarane, noko som gjorde det endå viktigare å sigre.

Utifrå denne korte samanlikninga av ulike område og periodar kan ein sjå at den sosiale strukturen bestemmer mykje av relasjonen mellom krigarane og til leiaren. Det er visse faktorar som er med på å påverke korleis krigarane fungerer som ei gruppe men også kva verdiar og ideal som er sentrale hos dei. Ein kan sjå at grunnleggande verdiar som ære, djervskap og fryktløyse er til stades hos europeiske krigarar, i krossfararstatane og i Noreg. At dette er sentrale verdiar er naturleg, for kven trong vel ikkje krigarar med slike haldningar? Det er derimot forskjell i korleis desse verdiane vert prioritert i dei ulike områda. Demonstrasjon av heroiske eigenskapar verkar til tider viktigare hos riddarane enn hos nordmennene og krossfararane. Dette kjem av at riddarane hadde mindre å tape enn dei to andre gruppene. Sjølv sagt var det særst viktig å syne mot og djervskap også hos desse,

²⁷⁸ Krag 2005a: 233.

²⁷⁹ SvS: 25.

både for å oppretthalde si eiga ære, men også gruppa si ære, likevel var det også viktig å tenke langsiktig. Både nordmennene og krossfararane var i liknande situasjonar, dei var avhengige av å sigre for å sikre målet sitt men kanskje endå viktigare, for å overleve. I tillegg vart lojalitetsbandet styrka både vertikalt og horisontalt fordi dei kjempa og budde saman over lengre tid. På mange måtar liknar altså Sverre og hans menn meir på det tradisjonelle krigarfølgjet enn på sine europeiske samstykke. Kan ein sjå teikn til endringar i dette under Håkons styre og vidare utover mot 1300-talet?

3.9 Forskjellen på Sverre og Håkon

Sverre var ein karismatisk leiar med inspirerende talar. Han eggja opp mennene sine ved å love dei høge posisjonar, rikdom og ære dersom dei greidde å vinne over kong Magnus.²⁸⁰ Håkon derimot talar meir om si rettferdige sak og det er lite snakk om kva løn mennene hans får. Bagge hevdar at det har gått føre seg ein overgong frå den glade krig til den nødvendige, noko som han truleg har rett i.²⁸¹ Sverre gav sjeldan uttrykk for korleis hans krigføring påverka vanlege menneske, men framhevar heller kva mennene hans har å vinne på krigen. Han vert framstilt som ein god kristen og gav ofte grid til fienden,²⁸² men han var hard når det var nødvendig.²⁸³ Håkon verkar meir bekymra for sivilbefolkninga si liding, og unødig vald var han ikkje nokon tilhengjar av. Han såg det som si oppgåve å skape fred i landet og kjempa for befolkninga.²⁸⁴ Då han sendte av garde ein hær mot Värmland som straff for at värmlendingane ikkje hadde jaga vekk fiendane hans, ribbungane, ynskte hæren hans å brenne og herje. Håkon ville derimot utsetje dette i det lengste for å sjå om folket kom for å be om nåde. ”Men då han meinte at det ikkje lengre var noko håp om dette, tok dei til å brenne heile bygda der dei kom.”²⁸⁵ Orning seier at sogene skildrar Håkon som ein tålmodig mann som tenkjer før han handlar, og i dette tilfellet ser Håkon ned på hærmennene si haldning om å herje og brenne utan å verkeleg trenge det.²⁸⁶ Dette syner at Håkon hadde ein litt annleis, kanskje meir rettferdig tankegong.

²⁸⁰ SvS: 76.

²⁸¹ Bagge 2000: 175

²⁸² SvS: 38.

²⁸³ SvS: 195.

²⁸⁴ Bagge 2000: 176.

²⁸⁵ HHS: 124-125.

²⁸⁶ Orning, Hans Jacob .1997. I Førland, Tor Egil. Norbert Elias: en sosiolog for historikere?, at [Oslo], 27.

Han ynskte ikkje å påføre dei sivile unødige lidning. At han likevel brann bygda, er for so vidt naturleg. Hadde han reist derifrå utan å straffe dei, ville truverdet hans ha vorte svekka. At Håkon hadde eit anna syn på korleis ein skulle føre seg, ser ein også i dømet om hirda til Håkon under avsnittet om æresvald. Der ville hirda hans hemne seg ved å ta livet av forbrytaren, medan Håkon såg etter andre og mindre valdsame løysingar på problemet. Vald som vart utført etter ordre frå kongen gav rett nok ære til krigarane, noko som tyder på at gamle verdiar framleis vart verdsett, då med unntak av unødige bruk av vald.

Ein ser altså at sjølv om haldningane til kongen var i ferd med å endre seg, tok det likevel tid før krigarane sine haldningar endra seg. No skal det seiast at desse to døma ikkje er representative for alle krigarane i landet, men det er likevel ein god indikasjon på at gamle haldningar framleis var framtredande. Men kva var grunnen til at Håkon hadde so annleis syn på krig og vald enn til dømes Sverre?

Det at Håkon vart framstilt med andre haldningar til krig og vald, treng ikkje nødvendigvis å tyde på at det representerte hans personlege meiningar. Bagge seier at HHS skapte eit bilete av Håkon som skulle syne at han var *rex iustus* og eit statsoverhovud, medan den ekte Håkon ikkje kom særleg til syne. Som *rex iustus* var kongen innsett i eit guddommeleg embete og måtte styre landet rettferdig og i tråd med Guds ord. Kongen hadde den høgste makta på jorda, men det var embetet hans og ikkje personen som hadde denne opphøgde stillinga seier Sigurdsson. Sidan kongen var over alle andre, skulle han berre svare til Gud.²⁸⁷ Framstillinga av Sverre i SvS er derimot meir i tråd med den klassiske sogetradisjonen der personlege kvalitetar var avgjerande for utfallet. Tankegongen kring *rex iustus* kjem meir som ei delforklaring til hans suksess.²⁸⁸

Dette kan forklare kvifor det plutselig vart so store forskjellar i tankegongen mellom krigar og konge. Håkon forsøkte å oppføre seg i samsvar med *rex iustus*-ideologien, samtidig som at forfattaren, Sturla, redigerte vekk hendingar som ikkje stemte overeins med denne ideologien. Framstillinga i SvS gir truleg eit meir reelt bilete av den sosiale røynda, det politiske spelet og Sverres veg mot trona seier Bagge.²⁸⁹ Sjølv om framstillinga av Håkons haldning til krig og vald truleg var farga

²⁸⁷ Sigurdsson 2008: 140-141.

²⁸⁸ Bagge 1996: 157.

²⁸⁹ Bagge 1996: 158.

av at han skulle vere Guds representant på jorda, kan ein likevel sjå byrjande endring i haldningar i krinsen kring Håkon.

3.10 Europeiske impulsar, rikssamling og modernisering av hæren

Helle har gjennom sitt arbeid synt at sentralisering er hovudtrenden innan utviklinga av det norske samfunnet mellom 900- og 1200-talet. Kongemakta og hoffet hans tente opp større makt og rikdom og dei militære styrkane i landet vart i større grad kontrollert av kongen og hans regjering. Religion og rettsvesen arbeidde i same retning, i tillegg til byråkratiseringa.²⁹⁰ Etter at Håkon vart einekonge i 1240, vart det meir ro i landet. Han vart ikkje lengre utfordra av andre maktgrupperingar innanlands og fekk dermed ro til å konsentrere seg om andre ting, som høvisk litteratur og revidering av lovverket.

I samband med dette gjekk hirda gjennom store endringar frå 900 til slutten av 1200-talet. Slik den vert framstilt i vikingtid og tidleg kristen tid, fungerte den som kongens livvakt, men også som ei personlege krigsmakt. Under Olav Kyrre vart det innført nokre nye hirdskikkar etter europeisk modell, men hirda hadde relativt få andre oppgåver enn tidlegare.²⁹¹ Også under Sverre vart det utvikla ei hirdlov, men det verkar som om dei store endringane fyrst fann stad kring 1200-talet.²⁹² Under Håkon vart fokuset gradvis flytta frå krigføring og over på kultur og høvisk oppførsel. Kongen skulle vere den mest høviske av alle, og hirda skulle lære av hans oppførsel. Det var ikkje lengre berre status gjennom makt og krigføring som var viktig, men danning. Ære vart difor i større grad enn tidlegare knytt til danning og ikkje krigføring. Hirda vart ein arena for den kulturelle eliten i riket. Ein forsøkte å omdanne hirdaristokratiet i bilete av europeisk hoffkultur noko som også førte til oppretting av våpenmerke og titlar for hirda. Hirdmennene fekk også nye og meir varierte oppgåver under Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte og danna grunnlaget for riket sin sentraladministrasjon. Hirda vart delt opp i bordfast og ikkje bordfaste hirdmenn. Dei som var bordfast, skulle bu hos kongen og fungerte som mellom anna livvakter og

²⁹⁰ Helle, Knut. 1974. *Norge blir en stat: 1130-1319*. Vol. [1]:3, *Handbok i Norges historie*. [Bergen]: Universitetsforlaget.

²⁹¹ Ersland 2000: 38.

²⁹² Krag 2005a: 251.

økonomiansvarlege. Etter å ha tent kongen ein periode fekk dei reise tilbake til egne gardar eller fungerte som forvaltarar for kongens gardar.²⁹³

Dette fokuset på høvisk framferd førte mellom anna til at Håkon forsøkte å endre på dei gamle haldningane kring æresvald, både gjennom lovgiving og personleg framferd. Dette kom av at æresvald vart sett ned på i Europa og Håkon ynskte ikkje at hans menn skulle verke usiviliserte i forhold til andre europeiske hoff. Dette var rett nok ikkje noko som endra seg med ein gong, og sjølv etter at Magnus Lagabøte gjorde alle hemndrap forbodne i 1274, finn ein døme på at det fann stad.²⁹⁴ Det var rett nok ikkje berre Håkon som ynskte ei slik endring. Som nemnt tidlegare, var også kyrkja ein pådrivar for å hindre bruken av æresvald og hemndrap.

Tidlegare var hirda nært knytt til krigføring, noko som kongen helst skulle overgå alle andre i. Krigarane skulle konkurrere med kongen og forsøke å nærme seg hans nivå eller til og med overgå han. Dette førte både til betre samhold i krigarfølgjet og til ei meir intensiv krigføring. På slutten av 1100- og utover 1200-talet var oppfatninga at kongen var innsett av Gud og det høvde seg ikkje lengre å konkurrere eller samanlikne seg med kongen.²⁹⁵ Hirdmennene skulle i staden lære seg å respektere kongen i høve av embetet hans, noko som var med på å gjere forholdet mellom dei meir formelt. Den aukande maktkonsentrasjonen i landet frå 1000-talet til 1300-talet førte også til at kongen vart stadig meir isolert frå andre enn sine aller nærmaste.²⁹⁶

Kongespegelen gir eit ideelt bilete av korleis kongen og hoffet hans skulle oppføre seg, men det var truleg forskjell på korleis det vart framstilt og korleis det var i røynda meiner Bagge. Han var nok ikkje berre oppteken av rettshandheving og byråkrati. Før 1200-talet nytta kongane mykje tid på å kjempe mot fiendar innanlands og utanlands, men det var også tid til drikk og andre festlege aktivitetar. Dei fleste av kongane døydde unge, både fredeleg og valdsamt. Etter 1200-talet dreiv kongen framleis med aktivitetar som idrett og underhaldning, men avstanden mellom han og resten av folket var langt større.²⁹⁷

²⁹³ Sigurdsson 2008: 101, 118-120, 129; Helle 2005: 189.

²⁹⁴ Nedkvitne 2011: 100-101.

²⁹⁵ Sigurdsson 2008: 120-122.

²⁹⁶ Bagge 2000: 187.

²⁹⁷ Bagge 2000: 191-193.

Som ei følgje av at hirda konsentrerte seg meir om administrasjon og at det var forholdsvis lite krigføring mellom 1240 og 1300, fjerna truleg hirda seg gradvis frå det tradisjonelle synet på ære, djervskap og fryktløyse. Det er naturleg å tru at lengre opphald i krigføring, og at gruppa kring krigarane ikkje lengre såg dette som like viktig, påverka krigarane sin tankegong. No var det oppgåvene kring hoffet som vart det viktige for desse mennene. Det hadde også noko å seie for krigarfølgjet at kongen vart meir isolert frå folket og at krigarane fekk eit meir formelt forhold til han. Ein skulle ikkje lengre konkurrere med kongen, men ha respekt for han.

På grunn av at det var ein fredeleg periode etter 1440 vart truleg kongen meir stasjonær enn tidlegare, noko som førte til at kontakta med krigarane vart sjeldnare og mindre personleg. Tidlegare reiste kongen rundt med store delar av hirda på veitsler og men også for å kjempe mot fiendar rundt om i landet. Dette hadde vore ein viktig del av lojalitetsbygginga mellom krigar og konge, noko som var særst tydeleg hos Sverre og hans menn. Når kom til kamp, skulle kongen vere den fremste krigaren. Han skulle stå i fronten ilag med sine beste krigarar og eggje opp resten av hæren. Sverre var rett nok eit unntak her, men han hadde andre metodar å egge opp krigarane sine på og birkebeinarane sin lojalitet var særst sterk. Fienden til Sverre, Kong Magnus, var likevel eit godt døme på dette tradisjonelle forholdet mellom krigar og konge. Håkon mista derimot mykje av dette forholdet fordi det var fredelegare tider og kongen var meir stasjonær. Når då krigarane i tillegg skulle ha respekt for kongen og ikkje samanlikne prestasjonar opp mot hans dugleik, forsvann mykje av kjernen i det gamle krigarfølgjet. Lojaliteten vart likevel oppretthaldt, men dette var meir gjennom titlar, landområde og offisielle stillingar og var truleg av ein anna type enn det sterke bandet som oppsto mellom krigarane og leiaren sin gjennom år med krigføring og samvære.

Samanlikna med Sverre, får ein sjeldan høyre om Håkons bragder i kamp, noko som indikerar at han vanlegvis ikkje tok del i slaga eller kjempa i fronten saman med krigarane sine. Håkon deler fleire gonger opp styrkane sine i mindre grupper for å gå etter fienden, men leiar ikkje desse nokon av desse avdelingane sjølv.²⁹⁸ Bagge meiner at Håkons oppførsel i krig ber likskap med moderne krigføring. Han gav ordre til mennene sine og forventar at dei vart følgde, og han rådfører seg med offiserar undervegs. Dette skil seg frå forholdet mellom Sverre og mennene hans. Håkon

²⁹⁸ HHS: 134, 135.

forventa lojalitet fordi han var konge, ikkje fordi han hadde eit nært forhold til krigarane sine.²⁹⁹

Etter Håkons mislykka hærferd mot Skottland i 1263, innsåg ein at hæren ikkje lengre heldt mål. Den hadde ikkje greidd å følgje utviklinga til europeisk krigføring med mellom anna riddarar og kavaleri og måtte utbetrast så den kunne nyttast i både forsvar og åtak.³⁰⁰ Mellom 1273 og 1277 vart tidlegare lovverk kring hirda og funksjonen til hirda revidert og skrive ned i *Hirdskråa*. Dei fekk årleg løn for tenestene sine og hadde krav på bytte frå krig og gåver. Nokre av dei fremste fekk også ansvaret for kongens eigne gardar og fekk fritak for leidangsskatt og andre bidrag til leidangen.³⁰¹ Hirdlova, saman med reformeringa av hæren i 1273, var i denne samanhengen eit forsøk på å institusjonalisere ei modernisert militærmakt etter europeisk mønster.³⁰² Det kan tenkast at denne profesjonaliseringa av hæren førte til eit endå meir formelt og distansert forhold til kongen.

Då Håkon Magnusson vart erklært myndig i 1284, gjorde han Oslo til sin "hovudstad" og frå 1299 vart byen den fyrste verkelege rikshovudstaden i landet med eit nokon lunde stadbunden regjeringsapparat, kanselli og arkiv. Nedkvitne skriv at Oslo mista nokre av sine regionale sentrumsfunksjonar, men fekk ny tyding som sentrum for rikskongedømet.³⁰³ Kongen og krigarfølgjet hans trong i langt mindre grad enn tidlegare å reise rundt i landet for å få veitsler, men også fordi det var mindre uro i landet. Han trong heller ikkje ha med seg mange menn når han fyrst reiste rundt. Dette førte nok også til ei vidare distansering mellom konge og krigar.

Sidan kongen no hadde vorte den eine store høvdingen i riket, satt han som leiari for hovuddelen av den militære makta. Denne vart igjen fordelt utover hirdmenn som kunne halde 10 eigne krigarar. Desse fekk også ansvaret for å samle militære krefter frå områda dei kontrollerte.³⁰⁴ Dette byrja å likne på dei europeiske forholda der den militære makta besto av mange ulike grupperingar av faste og innleidde krigarar. Gruppene av krigarar fekk mindre kjennskap til kvarandre og sidan det i tillegg var lite militær aktivitet i denne perioden, vart dei mindre samkøyrde og rutinerte enn tidlegare. Dette treng ikkje nødvendigvis å tyde på endringar, for dei

²⁹⁹ Bagge 1996: 131.

³⁰⁰ Ersland 2000: 76-77.

³⁰¹ Helle 2005: 189.

³⁰² Ersland 2000: 101.

³⁰³ Lunden 1976: 332-333; Nedkvitne 1991: 150; Schia, Erik 1995: 150-151.

³⁰⁴ Ersland 2000: 103.

militære styrkane til nordmennene hadde jo aldri bestått av ei einskild gruppering, og dei var truleg ikkje so samkøyrde heller. Hærane var også langt mindre enn i Europa og gruppene av krigarar under ulike hirdmenn var nok betre samkøyrde då dei kom ilag enn dei europeiske styrkane. Sverre sin kamp mot Magnus førte også til at ein stor del av aristokratiet som støtta Magnus vart drepne og deira posisjonar vart fylt med Sverres allierte.³⁰⁵ Det nye aristokratiet hadde difor sterkare band både mellom kvarandre og til kongen. Aristokratiet var også lojale mot kongen fordi dei ville miste posisjonane sine om dei ikkje hadde kongen si støtte. Det kan tenkast at desse mindre gruppene med krigarar greidde å oppretthalde delar av mentaliteten kring det gamle krigarfølgjet, men sidan hirdmennene forsøkte å leve opp til kongens forventningar høvisk framferd ville dette truleg ha påverka følgjet deira også.

Ein kan tydeleg sjå forskjellar mellom Sverre og Håkon både gjennom haldningane deira og forholdet som dei har til mennene sine. Framstillinga av Håkon er tydeleg prega av *rex iustus*-ideologien og han er oppteken av å vere rettferdig mot folket og å unngå unødig valdsbruk. Sverre forsøker også å opptre som ein god kristen, men det skin gjennom at han har andre formål enn Håkon. Målet hans er å ta trona, og han eggjar følgjet sitt med makt og rikdom, medan Håkon kjempar for rettferd og unngår krig om han kan.

Som ei følgje av dei nye høviske reglane og det at Håkon er innsett av Gud, vert avstanden til krigarane større og forholdet meir formelt. Krigarane til Sverre hadde eit særskilt sterk lojalitetsband til han som var forma gjennom fleire år med harde påkjenningar. Lojaliteten til Håkon var også sterk, men det var ein annan type lojalitet som vart oppretthaldt gjennom løn, titlar, eigedomar og høge stillingar.

Kombinasjonen av det meir formelle og distanserte forholdet til kongen, rolege periodar utan krigføring og fokuset på høvisk framferd og administrasjon skapte eit heilt anna forhold mellom krigar og konge enn tidlegare. Det gamle krigarfølgjet var avskaffa og erstatta med ein meir moderne struktur der kongen sat åleine på toppen og krigarane kjempa for han når dei vart kommandert til å gjere det.

³⁰⁵ Bagge 2010: 53.

3.11 Bannlysing

Bannlysinga av Sverre er eit tema som har vorte teke opp av fleire historikarar, deriblant Fredrik Paasche, Claus Krag og Sverre Bagge.³⁰⁶ Dei diskuterar situasjonen kring bannlysinga, kven som var involvert og korleis Sverre takla det heile. Det som dei derimot ikkje ser nærmare på, er om bannlysinga påverka mennene kring Sverre og dei andre som støtta han. Dette vil vere utgangspunktet for drøftinga i denne delen av kapittelet, og vil kunne kaste lys over folk sitt forhold til Gud og kyrkja.

3.12 Kyrkjelege straffer

Før drøftinga kring bannlysinga vil det vere nyttig å seie litt meir om kyrkjelege straffer. Excommunicatio eller ekskommunikasjon og interdikt er ein del av poenae medicinales eller censurae, som er ein av dei to hovudgruppene av kyrkjelege straffer. Straffene i denne gruppa, har som mål å vende forbrytaren vekk frå sine vonde vegar og gjere han til eit betre menneske. Desse kan nyttast mot alle som er medlem av kyrkja. Det finnes to typar av excommunicatio, minor og major, det vesle og det store bann. Det vesle, fører til utelukking frå nattverden og frå retten til kyrkjelege embete. Det store bannet kan utlysast av alle biskopar og fører til at vedkommande vert utelukka frå den kyrkjelege fellesskapen. Den det gjeld får ikkje høyre messa, får ikkje sakrament og vert nekta kristen gravlegging. Dei truande burde halde seg vekke frå ein som var bannlyst eller kunne dei risikere det vesle bannet.³⁰⁷ Det finnes også anathema, som er ei bannlysing pålagt av paven sjølv. Dette bannet oppfordra alle gode makter til å kjempe mot forbrytaren og kroppen hans vart gitt til Satan, for at sjela kunne verte frelst på den yttarste dag.³⁰⁸

3.13 Grunnlaget for bannlysinga

Bannlysinga av Sverre var eit resultat av ei lengre usemje mellom han og kyrkja i Noreg. På slutten av 1180-talet hadde ikkje Sverre godkjent erkebiskop Eiriks etterfølgjer som biskop i Stavanger, og han krevja domsrett over prestane sine embete som var knytt til kongelege kapell. Eirik ville på si side ikkje krone Sverre til

³⁰⁶ Bagge 1996; Krag 2005a; Paasche, Fredrik. 1966. *Kong Sverre*. Oslo: Aschehoug.

³⁰⁷ Hamre, Lars. 2003. I Imsen, Steinar. 2003. *Ecclesia Nidrosiensis 1153-1537: søkelys på Nidaroskirkens og Nidarosprovinsens historie*. Vol. nr 15, *Skrifter*. Trondheim: Senter for middelalderstudier, 199.

³⁰⁸ Paasche 1966: 154.

konge.³⁰⁹ I 1190 sendte Eirik eit brev til paven og fortalte om alt Sverre hadde gjort og at han ikkje ville bøye seg for kyrkja sine krav. Pavens svar kom ikkje fram før i 1194, men det sto at Sverre kom til å verte lyst i bann om han ikkje let erkebiskopen få alt som han ville og gjorde krav på.³¹⁰ Dette brevet har gått tapt, men innhaldet vert nemnt i SvS. Erkebiskopen leste opp brevet for folket i Danmark og sidan Eirik ikkje fekk det som han ville, lyste han bann over Sverre frå domkyrkja i Lund kvar søndag.³¹¹ Dette bannet gjekk frå å vere excommunicatio major ved erkebiskopens ord til å verte anathema, som var bannlysing frå paven sjølv. Dermed hadde ikkje Sverre berre vorte utelukka frå alle kyrkjelege privilegia, han var også dømt til å brenne i all æve hos satan og hans englar.³¹² Sverre hadde riktig nok retten til å syne anger og bøte for det han hadde gjort, men han nytta seg ikkje av dette.

Dette var ei alvorleg sak for Sverre. Hadde han ikkje vorte krona før brevet til paven hadde kome til Noreg, ville det vorte umogleg for han å gjennomføre det. Han reagerte på bannet med å kalle Eirik for ein løgnar. Dette var berre noko som danane fann på og ikkje pavens eige ord meinte han, noko som var eit forsøk på å undergrave erkebiskopens ord. På dette tidspunktet hadde han sannsynlegvis ikkje lengre noko håp om at striden mellom han og kyrkja skulle døy ut av seg sjølv. Ein må spørje om dette hadde nokon påverknad på mennene til Sverre, for til tross for korleis han reagerte visste dei nok at dette kunne få konsekvensar for dei sjølv. Det er sannsynleg å tru at i alle fall nokre av Sverres menn var gudfryktige og at dei visste at dei kom til å verte bannlyste av å vere ilag med Sverre. Ulv frå Lauvnes, som hadde vore ein av Sverres mest fortrulege høvdingar og ein av dei få lendmenn som Sverre omgav seg med i 1180-åra, la ut på krosstogsferd berre nokre år tidlegare.³¹³ P. A. Munch meiner at ferda kan verte knytt til religion,³¹⁴ men som ein såg i førre kapittel, treng ikkje dette å ha vore avgjerande for å legge ut på ei slik ferd.

³⁰⁹ Helle 1995a: 65-71.

³¹⁰ Regesta Norvegica: Bind 1, Regestnummer 213.

³¹¹ SvS: 176.

³¹² <http://www.newadvent.org/cathen/01455e.htm>

³¹³ SvS: 88.

³¹⁴ Munch referert i: Holm-Olsen, L., ”Ulv fra Lauvnes og skriftet om de danske korsfarere” i norsk HT bind 35, Oslo 1949-51: 466.

3.14 Reaksjonar på bannet

Fleire ting kan ha spelt inn på korleis Sverres menn reagerte etter bannlysinga hans. Den fyrste er at menn som omgjekk bannlyste berre vart utsett for excommunicatio minor, som førte til at dei ikkje fekk delta på messe. Dette var nok ikkje særleg urovekkande for dei i fyrste omgang og ikkje nok til at det skulle gå ut over lojaliteten deira mot Sverre. For det andre hadde Sverre framleis biskopar og prestar som støtta han, til dømes Martin som fyrst hadde vore hirdprest, men som no vart via til biskop.³¹⁵ Biskop Tore, Njål og Nikolas var også med på kroninga av Sverre, men Nikolas flydde landet allereie same året, eller seinast året etter. Tore døydde i 1097 og Njål gav etter for pavens press rundt same tid. Martin heldt ut nokre år til, men 6. oktober 1198 fekk Erkebiskop Eirik eit brev frå pave Innocens III som sa:

... biskopen [Martin] av Bergen fylgjer framleis den bannlyste Sverre sin hær og held til og med gudsteneste i hans nærvær, i strid med pave Coelestins bod og erkebiskopens eget forbod. Fleire gonger har erkebiskopen stemna han til seg, men forgjeves; difor skal han no suspendere han frå embetet og lyse han sjølv i bann.³¹⁶

Dette vart for mykje for Martin og han reiste til Lund i 1199, noko som tyda på at Sverre sto utan støtte frå biskopane i Noreg.³¹⁷ Fram til slutten av 1198 har biskopane halde gudsteneste for Sverre og hans menn, og sannsynlegvis gav dei syndeforlating når det trengtes. Seinast den 17. juni 1199, uttrykte Sverre at det var "hans bønn og vilje at alle skal gå til skrifte som ikkje nyleg har gjort det."³¹⁸ Det at biskopane og prestar hadde støtta dei so lenge var nok med på å gjere bannlysinga mindre skremmande for mennene hans.

I mellomtida hadde Sverre, knapt eit år etter bannlysinga, tala til folket og sagt at Paven hadde endra meining etter at han hadde fått vite sanninga av Sverre. Det vart vist til eit brev frå paven sjølv der bannlysinga vart oppheva³¹⁹ I 1198 sendte derimot pave Innocens II ut eit mandat som mellom anna sa dette:

³¹⁵ SvS: 178.

³¹⁶ Regesta Norvegica: Bind 1, Regestnummer 250.

³¹⁷ Krag 2005a: 170.

³¹⁸ SvS: 224.

³¹⁹ SvS: 182.

Til tross for fleire påbod frå pavestolen om å stogge hans ville framferd rår han endå i ein del av Noreg. Han har også fått laga falske pavebrev. Biskopane skal no åtvare alle nordmenn mot å slutte seg til han, og om dei ikkje lyder, skal alle hans følgjesvener bannlysast og interdikt lysast over alt norsk land som følgjer han.³²⁰

Brevet som Sverre hadde vist til, hadde altså vore ei forfalsking. Mest truleg gjorde Sverre dette for å roe ned tilstandane blant befolkninga, noko som sikkert ikkje lurte biskopane og erkebiskopen. Folk flest, deriblant mennene hans, var nok tilbøyelege til å tru på dette. Sverre nytta brevet for alt det var verdt i tida fram mot det nye pavebrevet. Sverre såg det nok som nødvendig å syne at Gud og kyrkja framleis var på hans side, slik at hans kamp om kongetittelen framleis verka rettmessig. Dermed trong heller ikkje folk bekymre seg over å omgås med han i frykt for bannlysing. Det nye brevet frå paven vart dermed endå verre for Sverre på grunn av trugselen om interdikt dersom nordmennene heldt fram med å støtte han, og på toppen av det heile kom trugselen om bannlysing for følgjesvenene hans. Interdikt i denne samanhengen var eit *interdictum generale* som angjekk heile landet, noko som vil seie at det vart forbode å halde gudsteneste i tillegg til alle andre kyrkjelege handlingar, med unntak av barnedåp og syndeforlating som det står i brevet.³²¹ Målet med dette var å straffe heile folket for å presse dei til å gjere opprør mot Sverre. Om dette ikkje var nok, skreiv Innocens i eit brev til erkebiskop Eirik, den 10.oktober same år, at "... dei som omgås folk som er bannlyste ved dom, saman med sine feller, pådreg seg (automatisk) den same ekskommunikasjonen."³²² Om dette skal tolkast bokstaveleg, tyder det at alle som held seg attmed Sverre ville verte idømd *anathema*, som var den strengaste bannlysinga.

Dei som frå før var skeptiske til kva bannlysinga fekk å seie for dei, burde ha følt seg langt meir truga av desse siste maktdemonstrasjonane av paven. Desse breva vert ikkje nemnde i SvS, og det kan verke som om det heile har vorte dyssa ned. Men det var Eirik som satt på breva frå paven, og han var nok ikkje sein med å spreie ordet dit det var mogleg. Kva fekk då dette å seie for dei krigarane som følgde Sverre og ikkje minst for folk flest? For vanlege folk ville jo dette ha vore skremmande, dei hadde langt meir å tape på å verte bannlyste enn Sverre, han

³²⁰ Regesta Norvegica: Bind 1, Regestnummer 251.

³²¹ Hamre 2003: 199.

³²² Regesta Norvegica: Bind 1, Regestnummer 255.

hadde vertfall dei lojale mennene sine kring seg. Ingen ville vel halde seg saman med folk som var bannlyste, eller? La oss fyrst sjå på korleis folk flest vart påverka. Noko av det fyrste ein legg merke til i SvS etter at paven hadde lyst interdikt og bannlysing over alle nordmenn som støtta Sverre, var at bøndene kring Nidaros hjalp han med å bygge skip for å støtte han i å reinse landet frå baglane sine herjingar. Bøndene verka særst velvillige og stilte gjerne opp for å ta på seg påkostinga av ein ny flåte til birkebeinarane. Ikkje lenge etter, gjekk bøndene til angrep på baglane som herja i fjorden og leidangsmenn og bymenn sto klare for å forsvare byen.³²³ I eit seinare tilfelle, også i Nidaros, vart birkebeinarar og bønder einige om å stå imot eit angrep frå baglane, noko som også hender ved Ryenberget i Oslo.³²⁴ Kort tid etter interdiktet var det altså fem tilfelle der bønder og bymenn hjelper birkebeinarane openlyst, til tross for trugselen om bann. Kva kan dette kome av? Var dei so lite gudfryktige at dei våga å trossa kyrkja og Gud for å hjelpe ein oppviglar til den norske trona?

Sannsynlegvis er det fleire grunnar til at folk hjalp Sverre, og ikkje nødvendigvis ein mangel på religiøsitet. For det fyrste er det tvilsamt om interdiktet fekk den ønska effekten. Krag påstår at det var vanskeleg å gjennomføre, både fordi det var uklårt *kor* det skulle setjast i verk og fordi dei ikkje hadde biskopar til å leie kyrkja under interdiktet. I tillegg var det lite truleg at dei geistlege våga å gjennomføre interdiktet i områda der Sverre hadde best kontroll.³²⁵ Sidan det ikkje vart ordentleg gjennomført, fekk ikkje interdiktet den ynska effekten om at folket skulle vende seg mot Sverre. For det andre var Trøndelag med Nidaros Sverres maktsentrum, og han forsøkte å ikkje krevje for mykje frå lokalbefolkninga for at dei ikkje skulle vende seg mot han.³²⁶ I tillegg hadde han fleire tilhengjarar derifrå, deriblant lendmenn, og det er naturleg å tru at også nokre av bøndene støtta han aktivt.³²⁷ Det negative ved at dette var Sverres maktsentrum, var at fiendane hans forsøkte å gå til åtak der, noko som gjekk ut over både bønder og bymenn. Dette understrekar Sverre sjølv då han ber bøndene i Nidaros om skip: "Skulle dykk synes at dette vert noko dyrt, så vert det

³²³ SvS: 218, 219, 220.

³²⁴ SvS: 231, 233.

³²⁵ Krag 2005a: 172.

³²⁶ Bagge 2010: 59.

³²⁷ Helle 1995a: 63.

tapet som baglane valdar dykk, endå dyrare.”³²⁸ Det er altså verst for dei sjølve om dei ikkje samarbeidar, for då ville dei kunne risikere å møte baglane åleine. Ein tredje grunn til at bøndene støtta han, var rett og slett av frykt. I dømet frå Viken spurte Sverre bymennene og bøndene om dei ville hjelpe han eller om kvar skulle sørgje for seg sjølve i det komande åtaket. I eit anna tilfelle frå Bergen, der bøndene nektar å hjelpe han, truar Sverre med at dei ”skal miste både gods og lemmar og kanskje livet til og med, dersom dykk ikkje går med på alt det eg krevjar.”³²⁹ Ein trugsel om bannlysing og fortaping i framtida var nok rett og slett mindre skremmande enn tanken på å miste liv og lemmar i notida.

Det er tydeleg at både frykt og lojalitet spelar inn på bøndene sin oppførsel, men ein er også nøydd å spørje kva forhold vanlege bønder hadde til kyrkja og kva kunnskap dei hadde kring omgrepet bannlysing.

Det er fleire teikn på nærmare kyrkjeleg kulturkontakt mellom Noreg og Europa i løpet av 1100-talet. Benediktinarordenen etablerte seg i Noreg på byrjinga av 1100-talet, cisterciensarane frå 1140 og augustinarar i tidsrommet etter 1150. Til saman vart det grunnlagd om lag 19 kloster i Noreg fram til 1200 og fungerte som senter for lærdom.³³⁰ Den norske kyrkja vart i tillegg ført nærmare den pavelege universalkyrkja ved opprettinga av ein norsk kyrkjeprovinc i 1152/53, noko som bidrog til betre organisering av kyrkja.³³¹ Leiande norske geistlege i tida 1000-1300 hadde ikkje noko problem med å halde seg orientert om teologiske retningar i den internasjonale kyrkja og frå 1160 og utover hadde mange norske høg-geistlege universitetsstudiar i utlandet bak seg.³³² I Gammel Norsk Homiliebok, ei samling preiker frå 1100-talet, vert Kristus framstilt som den strenge, sigrande kongen og samlinga er som heilskap oppteken av himmel og helvete, synd og frelse. Den er ikkje prega av dei religiøse tendensane i europeisk trusliv der ein forsøkte å skape eit meir inderleg og kjærleg forhold til Kristus.³³³ Sidan byrjinga av 1100-talet har det dermed gått føre seg ei kraftig utvikling av kyrkja som organisasjon. Dette vil seie at både dei geistlege og dei som gjekk i kyrkja var godt informert om kristendomen sitt syn på synd og frelse. Det

³²⁸ SvS: 218.

³²⁹ SvS: 205.

³³⁰ Sigurdsson 2003: 72-73.

³³¹ Helle 1995b: 105-106; Hjelde, Oddmund. 1995. *Kirkens budskap i sagatiden*. Oslo: Solum, 13.

³³² Nedkvitne 1997: 51; Helle 1995b: 106.

³³³ Steinsland 2000: 153; Helle 1995b: 107-108.

som vert spørsmålet då, er kor vanleg det var å gå i kyrkja og kor mykje folk faktisk fekk med seg?

Det vart truleg ikkje helde preike kvar søndag før på 1200-talet meiner Helle, men då vart også preikene meir livfulle og lettfattelege, noko som skulle fenge dei som hørde på. Dei tidlegare preikene var tørrare og meir repeterande og var meint å skulle prente inn enkelte bodskap hos tilhøyrarane, noko som Bagge tek som ein indikasjon på at folk flest hadde avgrensa kunnskap til innhaldet i trua før 1200-talet.³³⁴ Det var heller ikkje vanleg for folk flest å ta del i messa, dette kom fyrst i høgmedalderen både i Noreg og fleire andre land. I 1215 vart det under Det fjerde Laterankonsil bestemt at alle truande skulle gå i kyrkja kvar søndag. Dermed måtte dei små mellomalderkyrkjene utvidast slik at alle kunne få plass i dei. Mange av dei eldste kyrkjene romma truleg berre presten, grunnleggaren og hushaldet hans.³³⁵ Det fantes ei beskjeden mengde kyrkjer i Noreg fram mot midten av 1100-talet, men etter dette gjekk det føre seg ei rask auke og enda opp i om lag 1300 ved utgongen av høgmedalderen, og det var tilknytt om lag 3000 geistlege til desse.³³⁶ Denne utviklinga av kyrkjeorganisasjonen bidrog i langt større grad til betre formidling av Guds ord. Fleire og større kyrkjer og ei auke i geistlege tyda at fleire menneske kunne få høyre preika.

Sidan talet på kyrkjer hadde auka ein god del det siste hundreåret og at dei geistlege hadde fått betre utdanning og innsikt i dei teologiske retningane på kontinentet, tilseier dette at dei som gjekk i kyrkja hadde god forståing av kva bannlysinga medførte. At bøndene hadde kunnskap kring synd og fortaping er heilt sikkert. Dette hadde vore eit bodskap heilt sidan kristenrettane vart vedtekne. Likevel var det fyrst på 1200-talet at det vart vanleg for folk flest å gå i kyrkja, så det er ikkje sikkert at bøndene som støtta Sverre hadde innsikt i omgrepet bannlysing. Dei kjende nok heller ikkje til andre som hadde vorte bannlyst og kva konsekvensar dette hadde fått. Det er meir sannsynleg at frykt og truslar spelte ei større rolle enn det vesle som folk flest kunne om teologiske retningar. Men la oss no sjå på korleis mennene til Sverre reagerte.

³³⁴ Bagge 2000: 131-137; Helle 1995b: 107, 119.

³³⁵ Bagge 2000: 132.

³³⁶ Helle 1995b: 113.

Dersom mennene tidlegare hadde kjempa for Sverre i den tru at Gud var på deira side og visste at biskopane ville gi dei syndeforlating for handlingane sine, var det nok fleire av dei som undra seg over kvar dei no sto i forhold til Gud og kyrkja. Sidan Sverre no var bannlyst, og dei sjølve var trua av hans bann, ville det også seie at trua på Gud åleine ikkje kunne redde dei frå fortaping. Dersom dei døydde på slagmarka eller ved andre høve, ville det tyde evig fortaping for alle av dei. Dette ville jo høgst truleg ha påverka moralen til dei av mennene til Sverre som var Gudfryktige. Det er få beskrivingar av mennene sin reaksjon på bannet av Sverre. Eit tilfelle som kan seie oss noko om det, fann stad i skiftet mellom år 1199 og 1200. Sverre hadde pressa bøndene i Viken særst hardt ved å krevje at det stilte ein mann frå kvar minste eining i leidangsdistriktet i tillegg til eit pund mjøl og eit naut. Dette førte til stor misnøye og til slutt eit opprør som involverte allmugen frå heile Romerike.³³⁷ Sverre og mennene hans gjekk frå slag til slag og undervegs var dei innom ein kyrkjegard. Her kyssa mange av mennene kyrkja. Då sa kongen: ”Dykk birkebeinarar har vorte sterkare i trua no enn før, det verkar som at dykk må slikke alle dei kyrkjene dykk kjem forbi! Elles respekterar dykk ikkje kyrkjene so mykje!”³³⁸ Sverre kommenterar situasjonen og ser på mennene sin oppførsel som merkeleg. Kvifor byrje med dette no når dei ikkje hadde gjort det tidlegare?

Ferdinand Næshagen seier at dødelegheit og låg levealder i det norske samfunnet, kombinert med frykt for sjukdomar, livet og helsa si førte i større grad til frykt og sorg. Dette kunne igjen føre til ei meir utbreidd religiøs tru fordi menneske som vart konfrontert med desse trugslane søkte hjelp og støtte, noko som ein kunne finne i den kristne trua. Når liv og helse sto på spel, kunne det vere rasjonelt å ofre noko, sjølv om sjansane var små for å få noko tilbake. I tillegg kunne spesielt krig og uro vere med på å auke denne frykta og føre til at ein periodevis ofra meir til kyrkja enn elles.³³⁹ Men Sverres menn hadde jo vore i mangfaldige slag tidlegare utan at denne trongen til å kysse kyrkjer har syntes, ikkje i følgje *Sverres saga* eller Sverre sjølv. Dette var krigarar som hadde vorte hardna og erfarne gjennom mange år med krigføring, nokre av dei hadde følgd han i snart 20 år. Kan det likevel vere at frykta for konsekvensane av bannlysinga av Sverre og dei sjølve har byrja å sige inn hos dei?

³³⁷ SvS: 231.

³³⁸ SvS: 238-239.

³³⁹ Næshagen, Ferdinand 2000. Norwegian medieval religiosity: Historical sources and modern social science. *Scandinavian journal of history* 25:4, 297-316.

Det er slett ikkje umogleg. Tanken på evig fortaping i Lucifers famn verkar knappast forlokkande, spesielt ikkje for dei som faktisk var nokon lunde truande. I det førre kapitlet var det døme på at europeiske krigsherrar byrja å frykte Guds straff, mellom anna Tancred som vurderte eit liv i kloster for å bøte på syndene sine framfor å drive meir krigføring. Som eg har vore inne på tidlegare, var mennene til Sverre vande med meir medgong enn motgong. Dei unngjekk slag om dei kunne, og sigra som oftast når dei fyrst kjempa. No var situasjonen langt meir uoversiktleg og kaotisk, dei gjekk frå slag til slag mot overtallige bondehærar på kort tid og det var ikkje rart om nokre tenkte på døden i eit slikt tilfelle. Sjølv den minst truande kunne verte religiøs i naudas augeblikk. Det er difor mogleg at krigarane ynskte å sikre seg i tilfelle dei møtte døden.

Det er likevel problematisk å nytte dette eine dømet som teikn på krigarane sin religiøsitet. Ein er også nøydd å spørje om kor mykje omgong mennene til Sverre hadde hatt med kyrkja gjennom 20 år med krigføring over heile landet. Dei siste åra hadde dei rett nok med seg feltprestar og biskopar som Martin, men kor ofte fekk dei anledning til å få høyre Guds ord som ikkje var farga av dei geistlege si støtte til Sverre. Som det allereie har vorte påpeika, var det i tillegg forholdsvis få og små kyrkjer i landet i denne perioden. Skrifte var ikkje vanleg anna enn på dødsleiet før 1200-talet, så krigarane var nødvendigvis ikkje godt kjende med personleg skrifte og botshandlingane som følgde. Det å erkjenne syndene sine og lengsla etter frelse var mentale haldningar som krevja etisk og religiøs opplæring over tid.³⁴⁰ Det er altså fleire ting som tydar på at krigarane hadde avgrensa innsikt i kyrkja sin bodskap kring bannlysing, om ikkje eit farga syn på det. Sidan dei ikkje ytra bekymring for bannlysinga tidlegare, var det truleg redsla for at noko skulle gå gale i den kaotiske situasjonen dei var i som fekk dei til å kysse kyrkja, og ikkje at dei var bekymra for konsekvensane av bannlysinga. Det sterke bandet mellom Sverre og krigarane som hadde vorte herda gjennom fleire år med krigføring saman, spelte nok også ei stor rolle i korleis dei såg på bannlysinga. Når Sverre i tillegg var heilt klar på at bannlysinga var ufortent, er det grunn til å tru at mennene hans også støtta denne tankegangen. For krigarane var det nok viktigare å følgje leiaren sin enn å uroe seg for konsekvensane av ei bannlysing, som for dei truleg verka urettmessig.

³⁴⁰ Steinsland, Gro, and Preben Meulengracht Sørensen. 1994. *Menneske og makter i vikingenes verden*. [Oslo]: Universitetsforlaget/Bokklubben kunnskap og kultur, 149-150.

Det er grunn til å tru at fleire av bøndene og krigarane som støtta Sverre hadde forholdsvis liten innsikt i omgrepet bannlysing. For bøndene hadde det nok mest å seie at han anten kom med truslar eller at dei var avhengige av hans støtte i kampen mot baglarane. Sidan Sverre hadde med seg enkelte biskopar og geistlege i fleire år, ville nok desse kunne forsikra dei av mennene til Sverre som uroa seg for konsekvensane. I tillegg var Sverre urokkeleg når det kom til kven som hadde retten på si side, noko som verka overbevisande på dei som støtta han. Det er likevel eit døme der mennene til Sverre kysser ei kyrkje, men dette kom truleg av ei generell frykt for døden enn for bannlysinga, og truleg ynskte dei berre å forsikre seg i ein kaotisk situasjon. Det at birkebeinarane hadde eit sopass sterkt lojalitetsband både horisontalt og vertikalt, var nok også av stor tyding. Ein trugsel frå paven langt vekke var ikkje god nok grunn til å svikte mannen som hadde leia dei frå siger til siger og ført dei frå fattigdom og låg status til høge posisjonar i samfunnet.

3.15 Grid

Geir Atle Ermland syner korleis grid vart nytta i vikingtida, men går ikkje nærmare inn på om bruken av grid endra seg utover mellomalderen. Spesielt i SvS finn ein langt fleire tilfelle av grid enn i tidlegare kongesoger. Kan den auka bruken av grid tyde på at nordmennene hadde vorte påverka av den kristne tanegongen kring tilgiving og miskunn?

I kapittel ein vart det synt korleis grid vart nytta i vikingtida. Djervskap, fryktløyse og ærefulle handlingar var høgt verdsette verdiar i den norrøne kulturen og krigarar som synte desse verdiane på slagmarka vart lagt merke til av fienden. Det vart nærmast sett på som meiningslaust å ta livet av slike krigarar, for dei hadde eit potensiale som var verdt å ta vare på. Ermland seier at i den heidenske kulturen, kunne fyrsten som hadde kome sigrande ut av slaget velje å gi grid til dei som synte seg verdige til det, men krigaren som fekk grid måtte underkaste seg fyrsten og vere trufast og lojal mot han. Difor var det ikkje alle som ynskte å ta imot grid, spesielt om det vart gitt av menn som ikkje var mektige. Dersom han som gav grid hadde lågare posisjon enn ein sjølv, ville det føre til tap av ære for den mottakande parten, difor kunne ein velje å døy framfor å tape ære eller for å syne at ein ikkje ville underkaste seg nokon

andre enn sin gamle herre.³⁴¹ I perioden frå Halvdan Svarte og fram til Olav den Heilage, finn ein fleire døme på grid, men ikkje på langt nær så mange som i *Sverres saga*. Kva har endra seg som har ført til ei auke i tilfelle der grid vart gitt?

Det er mange dømer på korleis Sverre nytta grid. Eit av dei fann stad då Sverre og mennene hans hadde omlægra ei gruppe med baglarar på Berget.³⁴² Han spurde mennene sine om dei ynskte å gje grid til alle baglarane eller ingen av dei. Mennene syntes ikkje det gav meining å gje grid til banemennene til slektningane sine. Sverre var derimot villig til å tilgi baglarane for Guds skuld og håpa at Gud skulle gjengjelde handlinga med å gi Sverre tilgiving. Deretter minna han mennene sine på at dei også hadde sjeler og at ingen mann ville kalle dei sveklingar om dei gav grid til baglarane.³⁴³ Dette dømet syner for det fyrste ein skilnad i haldningar mellom Sverre og mennene hans. Dei ser ikkje umiddelbart nokon grunn til å ikkje ta livet av baglarane sidan dei har teke livet av slekt og vener. Deira naturlege reaksjon var å ikkje gi baglarane fritt leide, men heller å hemne ugjerningane deira, noko som stemmer overeins med dei gamle idealane. Sverre har eit heilt anna syn på saka. Han er klar over alt det vonde dei har forårsaka mennene sine, men han set miskunn framfor hemn og håpar på at Gud vil lønne både han sjølv og mennene hans for det når den tid kjem. Dette skil seg derimot frå haldningane som Sverre synte tidlegare i saga. Då uttala han fleire gonger at han var ute etter hemn på Magnus og Erling Skakke.³⁴⁴ For det andre kan dette kan dette tyde på at grid ikkje lengre vart gitt berre til dei som hadde gjort seg fortent til det, men også dei som gav opp frivillig eller som flykta. At ein gav grid til fiendar som ikkje fortente det, finn ein også døme på i *Heimskringla*. Dette gjeld hovudsakleg kristningskongane som gav grid til dei som ville gå over til kristendomen, og til enkeltpersonar som kunne gi informasjon om fienden.³⁴⁵

I det fyrste slaget sitt, gav Sverre grid til mange av dei som før hadde blese til kamp mot han med stort hovmod og som no gjekk audmjuke til han. Sverre takka både den allmechtige Gud, Jomfru Maria og Heilag-Olav for sigeren, og han viste

³⁴¹ Ersland 2000: 32-33.

³⁴² Berget ligg i dagens Tønsberg.

³⁴³ SvS: 256-257.

³⁴⁴ SvS: 38.

³⁴⁵ SK: 308.

takksemda si ved å gje grid til alle som bad han om det.³⁴⁶ I eit anna tilfelle talar Svina-Peter, ein av Sverres menn, til folket i Bergen kort tid etter at Kong Magnus døydde. Peter seier at kongen byr grid og forlik til alle om dei vil kome til han. Difor vil Gud og alle hans heilage helse han velkomen og leie han i freden.³⁴⁷ I desse døma handlar det heller ikkje om å gi grid på grunn av dugleik, men rett og slett det religiøse. Han gir grid for å takke Gud og helgenane for hjelpa deira, men og som eit grunnlag for å få nåde av Gud for seg og sine menn. Det verkar som at Sverre har teke til seg kristendomens tankegong om at Gud bestemmer kva dom ein skal få etter at gode og dårlege handlingar vart målt opp mot kvarandre. Det å gi grid til fiendar som har vorte sigra over kunne vege opp for dei andre syndene som dei allereie hadde utført.

So langt har ein inntrykk av at Sverre i nokre tilfelle gav grid for å bøte for syndene som han sjølv og mennene hans hadde gjort seg skuldige i. Gro Steinsland seier at kristendomen førte med seg andre verdiar enn det som var vanleg i det norrøne samfunnet. Audmjukskap og tilgiving var sterke kontrastar til eit samfunn styrt av ære og verdiar som stoltskap og sjølvhevdning.³⁴⁸ I døma ovanfor vert det beskrive nettopp slike tilfelle der tilgiving sto sentralt. Her handlar det ikkje om å gi grid fordi motstandaren har utvist mot eller fryktløyse, men for å syne miskunn. I kristendomen vart den endelege dommen over mennesket gitt av Gud gjennom vekting av handlingane dine i motsetning til det heidenske samfunnet der det var menneska rundt ein som skulle dømme ein etter handlingane sine.³⁴⁹ Handlingane til Sverre kan altså gi inntrykk av at han gav grid av religiøse årsaker. Sverre byrja på ei utdanning innanfor presteyrket, men fann ut at det ikkje var den rette vegen å gå. Likevel kan han ha vorte påverka av dei religiøse forholda i Europa, noko som kan gjenspegle korleis han oppførte seg på slagmarka og i forhold til å gi grid. I eit tilfelle, der han kjempa i bondeopprøret i Viken, gav han grid til ein bonde tre gonger same dag, fjerde gong vart han rett nok drepen, men det indikerar at han ikkje drap folk unødig.³⁵⁰ Kan miskunnstankegongen ha vore med på å påverke korleis ein nyttar grid?

³⁴⁶ SvS: 36.

³⁴⁷ SvS: 143.

³⁴⁸ Steinsland 2000: 40.

³⁴⁹ Steinsland 2005: 383.

³⁵⁰ SvS: 241.

Dømet med bonden som fekk grid tre gonger er nok ikkje representativt for korleis alle bønder vart behandla. Bagge meiner at SvS viser at eliten synte større forakt og fiendskap mot bøndene enn nokon av dei andre norrøne sogene.³⁵¹ Det kan nok syne seg at Sverre hadde andre mål med å gi grid enn å bøte for syndene sine. Ein veit at Sverre var med å påverke korleis saga om han sjølv skulle utformast, og korleis han skulle framstillast. Det er fortsett ein uavklart diskusjon om kor langt ut i saga Sverre påverka forfattaren, men ein kan ikkje sjå vekk ifrå at det gjekk so langt som til Magnus sin død. Det er uansett ikkje tvil om at Sverre var med på å bestemme korleis han sjølv skulle verte framstilt, og dermed kan døma ovanfor verte vanskeleg å nytte som teikn på hans tru. Ein må difor anta at dette kan vere eit av Sverres retoriske verkemiddel for å skape eit betre bilete av seg sjølv og hans religiøsitet. Dette kan underbyggast ved å sjå nærmare på korleis Sverre beskriv seg sjølv i forhold til fiendane sine. For i mange tilfelle er det nemnt at fiendane til Sverre ikkje ynskjer å gi grid. Ved Stad greier Kong Magnus og hæren hans å nå tak i birkebeinarane. Han seier då til mennene sine at "ingen måtte vere so djerv at han gav ein birkebeinar grid."³⁵² I eit anna tilfelle, før eit slag ved Bergen, seier Magnus til mennene sine: "Vi får ikkje skikkeleg hemn for våre gjeve venner sjølv om vi drep alle saman. Og ingen kan laste oss om vi gjer det. Det er vilja mi at ingen av mine menn må driste seg til å gi grid til nokon."³⁵³ Kong Magnus har ei heilt anna haldning når det gjeld grid til fienden. Han verkar meir innstilt på hemn og å knuse desse opprørarane som har skapt so mange problem for han. Tanken om miskunn syner seg ikkje i tilfella der han møter på birkebeinarane. Dette er utdrag av samtalar eller taler og forfattaren har stått fritt til å skrive kva Magnus sa. Samanlikna med kor ofte Sverre gir grid både til Magnus sine menn, bønder og andre fiendar, vert Magnus stilt i eit særst dårleg lys i *Sverres saga*. Gjennom å framstille Magnus på denne måten, kjem Sverre ut av det som ein god kristen og ein mildare mann enn Magnus. Sjølv om det er vanskeleg å seie sikkert kor mykje Sverre var involvert i skrivinga, veit ein at han var ein pragmatikar som visste korleis saga skulle nyttast til sin fordel.

I HHS finn ein døme på at Håkon gav grid til menn som ikkje nødvendigvis synte mot på slagmarka. I eit av tilfella har Håkon og mennene hans nettopp vunne over

³⁵¹ Bagge 2010: 55.

³⁵² SvS: 59.

³⁵³ SvS: 87. Sjå også: 107, 133.

vårbelgane og mange av dei har gøymd seg i kyrkjer. Håkon kunngjorde dagen etter at alle vårbelgane som satt i kyrkjene skulle få grid.³⁵⁴ Dette dømet står i strid med korleis grid opphavleg vart nytta ovanfor slagne fiendar. Dette var ikkje fiendar som hadde utmerka seg på slagmarka, men tvert imot stukke av frå slaget og gøymt seg i kyrkjene. Til tross for feigskapen dei synte og tapet av ære dei hadde gjennomgått, bestemte Håkon seg for at alle skulle få grid. Det kan diskuteras om dette var resultat av hans religiøse tru, men det syner at grid kunne verte gitt i andre tilfelle enn det som tidlegare hadde vore norma. Det har vorte synt tidlegare at også HHS framstillar Håkon i lys av ideologien kring rex-iustus, den rettferdige kongen, som var innsett av Gud og regjerte etter hans nåde. Det kan difor tenkast at han gav oftare grid fordi han forsøkte å framstå som ein rettferdig konge. Eit liknande tilfelle kan ein finne i SvS der birkebeinarane kjempar mot bøndene ved Hadeland: "Men då birkebeinene løfta våpna, vart bøndene so skrekkslagne at dei kasta sine; dei gjorde det beste dei kunne gjere : bad om grid og synte på den måten kor redde dei var. Kongen gjorde som han pleidde, han ga grid til alle som bad om det."³⁵⁵ Utifrå dette ser ein at Sverre gav grid til skrekkslagne menn, som ikkje hadde "gjort seg fortent" til å få det, men forskjellen frå dømet med Håkon er at det vart gitt til bønder. Det vert også framstilt som at dette var vanleg prosedyre. Nedkvitne påpeikar at det låg liten ære i å drepe folk med lågare sosial status,³⁵⁶ noko som kan ha medverka til at bøndene fekk grid so raskt. Ein finn likevel døme på at bøndene fekk hard medfart før dei fekk grid. Medan følgjet hans var i Bergen, vart dei overraska av ein hær av bønder. Etter å ha fått samla seg, gjekk birkebeinarane til åtak og "slo ned bøndene som slakteveg."³⁵⁷ Dette har nok mykje å gjere med at Sverre var nøydd til å setje seg i respekt ovanfor bøndene for å unngå at liknande hendingar skulle finne stad seinare.

Det er stort sannsyn for at grid ofte vart gitt av taktiske årsaker. Sverre hadde kjempa fleire kampar der han i dei fleste tilfella bydde grid anten i det kampen snudde eller etter at slaget er tapt.³⁵⁸ Dette var nok taktisk lurt av Sverre å gjere dette sidan det kunne føre til at han fekk fleire tilhengjarar blant folket. Han hadde behov

³⁵⁴ HHS: 263. Vårbelgane var Skule Bårdssons tilhengjarar.

³⁵⁵ SvS: 38.

³⁵⁶ Nedkvitne 2011: 43.

³⁵⁷ SvS: 82. Sjå også SvS: 245.

³⁵⁸ SvS: 82, 256, 36.

for all den støtta han kunne få. Krag hevdar at Sverre hadde ein klar fordel av å gi grid til motstandarane fordi birkebeinarane var sopass underlegne i talet. Tilbodet om grid kunne vere ein muligheit til å få verva fleire krigarar til følgjet sitt. Dette er også noko som gjeld for Håkon. Det kan likevel ha vore viktigare å tilby grid i tilfelle der kampen gjekk i retning av siger til birkebeinarane, for då var det ein muligheit for at fleire av fienden trakk seg ut av slaget og birkebeinarane unngjekk å miste verdifulle menn unødige.³⁵⁹ I tillegg skapte Sverre eit rykte kring seg sjølv som rettferdig og tilgivande, noko som kunne vere ein fordel ovanfor befolkninga. Det var ikkje berre bøndene som fekk grid men også kong Magnus sine menn, Øyskjeggene og Baglarane, noko som også var med på å auke det gode ryktet hans.³⁶⁰

Mot slutten av saga, er det eit døme på at Sverre ikkje vil gi grid utan at fienden vart hans menn: "... for no er det lett å sjå at vi ikkje kan øydelegge fienden utan med odd og egg. Dykk finn mange blant Baglane som i dag er eidsbrytarar og kongenidingar, og dei skal få betale dyrt."³⁶¹ I dette tilfellet verkar Sverre meir innstilt på å kvele den siste gnist av motstand av Baglane. Han tillet rett nok at dei som vart hans menn får grid, men det er mange av Baglarane som anten ikkje fortener ein ny sjanse eller dei har gjort so mykje urett at det er best å kvitte seg med dei. I dette slaget er det verdt å nemne at mennene til Sverre ville gi grid til ein modig Baglar, for han ville verja dei godt om han vart deira mann. Sverre let som han ikkje hørde dette, for Baglaren hadde ikkje bede han om grid. Han døydde kort tid etterpå.³⁶² Dette treng ikkje tyde på at Sverre oversåg tankegangen om å gi grid til dyktige og djerve krigarar, det kan rett og slett dette vere eit einskild tilfelle der Sverre ikkje ynska å gi grid eller var for sint til å gi det.

Ein ser teikn til at grid vart gitt ved høve som ikkje vart sett på som tradisjonelle. I fleire tilfelle visar fienden seg som feigingar og likevel gir Sverre og Håkon grid til dei, noko som står i strid med normene i den heidenske kulturen. Dette kan tyde på ei haldningsendring. Det verker som at Sverre forsøker å vise miskunn og tilgiving, noko som er i tråd med dei kristne ideala, men det er meir truleg at dette er eit retorisk grep for å framstille han som ein god kristen. Det er slett ikkje usannsynleg at

³⁵⁹ Krag 2005a: 106.

³⁶⁰ SvS: 118, 139, 198, 217

³⁶¹ SvS: 227.

³⁶² SvS: 227.

han ynskjer å syne seg som ein god kristen, men det er meir tvilsamt om han gir grid av reine religiøse årsaker. I forhold til korleis han elles oppfører seg, er det sannsynleg at det er pragmatiske grunner til at han oftare gir grid enn det andre gjer, dette er moglegvis også grunnen til at han gir grid i tilfelle der grid tradisjonelt sett ikkje vart gitt. Ved å gi grid tidleg i kampen, kunne han unngå unødige tap av gode krigarar, i tillegg skapte han eit godt rykte rundt seg sjølv samtidig som at det var muligheter for å få fleire menn til følgjet sitt. Håkon var også oppteken av å verte framstilt som ein rettferdig og god kristen konge, noko som gjorde han meir tilgivande. Spørsmålet er likevel om han berre vart framstilt slik i saga for å teikne eit betre bilete av han, eller om han faktisk oppførte seg rettferdig.

4.0 Konklusjon

Utgangspunktet for dette arbeidet har vore å kartlegge korleis ulike verdier og ideal hos krigar og konge utvikla seg frå vikingtid til andre halvdel av 1200-talet. Desse idealane og verdiane har vore ære, djervskap, fryktløyse, synet på døden og fromleik. Målet har vore å identifisere kva tid desse verdiane endrar seg og kva det var som framkalla desse endringane. Ved å analysere sogene si framstilling av desse verdiane i lys av utviklinga av kyrkja i Noreg, rikssamlinga og påverknaden frå den høviske kulturen i Europa, var det mogleg å finne ut omtrent kva tid og korleis desse påverknadsfaktorane endra haldningane frå vikingtid og fram mot høgmedalderen. Det har vore fleire utfordringar med å danne seg eit godt bilete av det som faktisk hendte, sidan spesielt sogene om Håkon og Sverre har som mål å framheve prestasjonane deira og syne deira legitime rett til å styre. Difor var det til dømes vanskeleg å seie noko konkret om Sverre og Håkon sitt forhold til Gud og hans budskap. Det er no på tide å vende blikket attende mot den fyrste problemstillinga:

4.1 Korleis endra æressamfunnet seg med innføringa av kristendomen, rikssamlinga og påverknaden frå den høviske kulturen i Europa?

I vikingtid og tidleg kristen tid var ære ein sentral del av samfunnet og vart nytta som retningslinjer for oppførsel både i kvardagen og i krigføring. Det var viktig å oppretthalde og auke si eiga og andre si ære ved å utføre handlingar som vart sett på som positive. Krigføring var ein naturleg måte å akkumulere ære på, for dette gav gode muligheiter for ambisiøse unge menn til å syne dugleik, djervskap og fryktløyse.

Ferda til Sigurd kom i hovudsak av at følgjet hans ynskte ære, rikdom og prestisje og ikkje av religiøs overtvinging. Det er somme religiøse element som indikerar at dei hadde eit religiøst motiv, men det treng ikkje tolkast som anna enn ei væpna pilegrimsferd. Det er ikkje noko som tilseier at dette var ei tradisjonell vikingferd, men nordmennene synte seg som opportunistar undervegs og hausta stor prestisje for bragdene sine. Ferda styrka likevel kristendomen i Noreg på fleire måtar, men det treng ikkje å bety at dette var målet for ferda, og det religiøse motivet kan ha vorte framheva i ettertid for å styrke ettermælet til Sigurd. Det er difor lite teikn til endringar i synet på ære kring 1100.

Både under Håkon og Sverre sitt styre ser ein lite teikn til endringar når det kjem til synet på ære i forhold til krigføring. Fryktløyse og djervskap vart sett stor pris på, og det var viktig for krigarane å syne seg som gode førebilete. Det er naturleg at dette framleis var viktige verdiar, for det skulle mange menn til å vege opp for manglande djervskap. Det går likevel føre seg ei endring i synet på æresvald og bruk av unødig vald frå Sverre sitt styre til Håkon. Hemn verkar naturleg både for Sverre sjølv og krigarane. Håkon hadde vorte påverka av kulturen kring høvisk framferd i Europa og ynskte at krinsen kring han skulle unngå unødig vald og æresvald sidan det ikkje høvde seg for høviske menn. Kyrkja var også ein pådrivar for å endre synet på æresvald, men dette fekk ikkje stor verknad før kyrkjeorganisasjonen var fullt utvikla kring midten av 1200-talet. Ein ser også at sjølv om Håkon sitt syn hadde endra seg, tok det likevel tid før krigarane tok dette til seg. Håkon såg ned på tilfelle der vald vart nytta unødig og krigarane fekk ikkje ære av valdshandlingar som ikkje var utført etter Håkons vilje. I tillegg vart det innført lover i 1260 og 1274 som forbaud bruk av æresvald og hemndrap. Dermed hadde kongedømet kring andre halvdel av 1200-talet samla valdsapparatet under seg, og avgrensa fleire funksjonar ved det gamle æressamfunnet kraftig.

4.2 Førte dei nye haldningane kring synd og frelse til ei mentalitetsendring hos konge og krigar?

I Kapittel 2 såg ein at kyrkja kring år 1100 ikkje hadde stor påverknadskraft i den forstand at ei djupare forståing for den religiøse budskapen ikkje var tilstades hos folk flest. Kunnskap kring synd og frelse var truleg til stades hos folk flest, og kristne ritual som gravlegging og dåp var vanleg, men dåpen vart som oftast ikkje gjennomført før på dødsleiet. Organisasjonen av kyrkja var framleis svak og den hadde difor ikkje eit godt grunnlag til å skape store haldningsendringar.

Kring 1200-talet er situasjonen annleis. Talet på kyrkjer vaks saman med forkynningsemna til dei geistlege. Utdanning av prestar og kunnskap kring teologiske retningar i Europa førte til at budskapen fekk større verknad, men det var framleis eit stykke igjen. Det verkar som om krigarane på slutten av 1100-talet og byrjinga av 1200-talet hadde eit meir overflatisk og praktisk forhold til kristendomen og kyrkja. Ein får ikkje inntrykk av eit tett band mellom kyrkje og krigar, det verkar som om dei

forventa å få syndeforlating, sjølv i grove tilfelle, fordi dei var kongens menn. Målet til kyrkja var ikkje å få til ei direkte endring i framferda deira, men å gradvis endre synet deira på synd. Det at krigarane kom for å be om syndeforlating er eit teikn på at tankegangen om synd var i ferd med å endre seg, og det er all grunn til å tru at dette vart sterkare utover 1200- og 1300-talet i takt med kyrkja si vidare utvikling i Noreg.

Bannlysinga av Sverre er også ein peikepinne i forhold til kunnskap kring bannlysing og frykt for synd og fortaping. Bøndene støttar Sverre på bakgrunn av lojalitet og frykt, men dei hadde nok ikkje noko djupare innsikt i konsekvensane av bannet. Sidan interdiktet var meir eller mindre mislukka, førte heller ikkje dette til at folket vendte seg mot Sverre. Krigarane syner få teikn til uro bortsett frå tilfellet der dei kyssar kyrkja. Dette kom nok meir av ein generell frykt for døden i ein kaotisk situasjon enn av bannet. Den sterke lojaliteten til Sverre, og hans urokkelege tru på at kyrkja tok feil var god nok grunn til å ikkje uroe seg for bannlysing. I tillegg hadde dei geistlege i følgjet sitt som gav syndeforlating og farga synet på konsekvensane av bannet.

I førkristen tid var ikkje korleis ein møtte døden som var det sentrale. Æra og ettermælet sto i fokus, noko også var viktig for å få ein plass i Valhall. Det var lagnaden som bestemte når ein skulle døy og korleis slag skulle ende. Sidan døden var bestemt på førehand, var det enklare å konsentrere seg om å syne djervskap og fryktløyse i kamp. Ein ser framleis noko av denne enkle haldninga til døden i talane til Sverre og til ein viss grad i Håkon sine. Sjølv om den religiøse konteksten var annleis kring 1200-talet, vart krigarane oppfordra til å ikkje uroe seg for mykje for døden, men heller fokusere på handlingane sine. Talane som skulle oppfordre krigarane tok ikkje opp dei store spørsmåla kring rett og gale, det var utfallet av slaget som skulle syne kven som hadde som hadde Gud og dermed retten på si side. Inntrykket av at Gud var på deira side kunne nok verke støttande for dei av krigarane som trudde på dette. Meir truleg var det likevel at Sverre sitt følgje støtta seg til hans framsyn og på den suksessen dei hadde hatt over lengre tid, og ikkje nødvendigvis Guds vilje.

Dei rolege dødsfalla til Sverre og Håkon var inspirerte av dei religiøse forholda i Europa og representerar ei endring i korleis dødsfall kunne gjennomførast. Det var likevel berre eliten som hadde råd til slike ærerike avslutningar på livet.

4.3 Førte innføringa av kristendomen og rikssamlinga til endringar i det nære forholdet mellom konge og krigar slik som ein kjenner det frå vikingtida?

Ein kan sjå fleire skilnadar mellom Sverre og Håkon som leiingar. Sverre var ein karismatisk og inspirerande mann. Han egga opp krigarane sine med lovnader om ære, makt og rikdom. Han meiner at han kjempar ein rettferdig sak og tok ikkje særleg omsyn til sine omgivningar. Han førte seg likevel som ein god kristen og var rettferdig der det trengst. Han har gjennom årevis med krigføring og reising skapt sterke lojalitetsband mellom seg og mennene sine, og dei var villige til å gjere alt for han. Håkon er ganske so annleis og verkar prega både av religiøse men også europeiske impulsar. Han synte eit større omsyn for den sivile befolkninga enn Sverre og unngjekk vald der han kunne. Fokuset hans låg på hans rettferdige sak og freista ikkje mennene sine med ære og makt. Han vert framstilt i lys av rex iustus-ideologien, ein konge innsett av Gud, og forsøker å føre seg etter dei retningslinjene som følgjer med denne posisjonen. Han forsøkte å forme hirda og hoffet sitt etter dei europeiske ideala kring høvvisk framferd, og fokuset vart gradvis flytta frå krigføring til kultur og høvvisk oppførsel.

Som ei følgje av at kongen var innsett av Gud, høvde det seg ikkje lengre å konkurrere med kongen slik som tidlegare. Hirda vart institusjonalisert etter europeisk mønster og forholdet til kongen vart meir profesjonelt og distansert. Lojalitetsbandet var no meir formelt, ein kjempa for kongen i form av embetet hans og ikkje nødvendigvis for personen. Hirda fekk fast lønning, adelege titlar og landområde, noko som styrka lojaliteten, men det var likevel ein anna type lojalitet enn det som oppsto mellom ein krigar og leiaren hans gjennom år med krigføring, reising og samvære. Det tradisjonelle krigarfølgjet hadde difor vorte avvika og var erstatta av ein meir moderne strukturert hær der leiaren sat åleine på toppen medan krigarane var forventa å kjempe for kongen på grunn av hans stilling og ikkje nødvendigvis det vennskapelege lojalitetsbandet som karakteriserte det gamle krigarfølgjet.

Mellom anna Bagge, Sigurdsson, og Helle ser på 1200-talet som ein periode der kyrkja sine haldningar byrjar å få innverknad på nordmennene sin tankegang. Eg meiner det er gode grunnar til å tru at krigarane kring år 1200 ikkje nødvendigvis hadde eit sterkt band til kyrkja, men at dette gradvis endra seg i takt med den vidare

utviklinga av kyrkja, og i lys av rikssamlinga. Det er også teikn til at grid vart nytta i andre samanhengar enn tidlegare, men truleg på grunn av praktiske årsaker og ikkje som ei følgje av kyrkja sin tankegong kring miskunn. Eg har også synt korleis rikssamlinga og rex-iustus ideologien førte til store endringar i det tradisjonelle krigarfølgjet. Lojalitetsbanda var framleis sterke, men vart knytte på ein annan måte enn tidlegare.

5.0 Abstract

This master thesis discusses the changes of some of the central values and ideals of the warrior and the king from the Viking ages to the high middle ages in Norway. These are honor, fearlessness, courage, view of death and piety. I have examined saga literature that was written approximately in the period of 1190-1260, and the most important of these are *Sverris saga* and *Haakon Haakonssons saga*. The sagas have been analyzed in the perspective of the development of Christianity, the unification of the Norwegian kingdom and the influence of European chivalric culture; too examine their influence on the changes in ideals and values mentioned above. The influence of Christian values seemed to be quite small among the warriors until mid twelfth century, and they seemed to have a shallow relationship to the church and its view of sin and repentance. The kings Sverre and Haakon, but especially Haakon was obliged to follow Christian rules since he was *rex iustus*, the just king ruling in the name of God. The church was also trying to change the warrior's views of violence in the name of honor. This subject was approached further by king Haakon himself because he wanted his men to behave like the chivalric knights of the European courts. Haakon and his successor Magnus Lagaboete created laws which forbid all violence that was not executed in the name of the king. The warriors focus on honor and bravery was still maintained, because every army needs fearless warriors.

In connection with the unification of the kingdom, the king's warrior-band was appointed to more bureaucratic assignments, and was gradually distanced from warfare. Because of the *rex-iustus* ideology, he was also distanced from his warriors, creating a more formal bond between them. The combination of these two developments led to a change in the traditional warrior band as we know it from Sverre's birchlegs, to become more distant and impersonal. Their loyalty was maintained by titles, regular pay and land, but it was a different kind of loyalty then with the traditional warrior-band. They fought for the king because of his position and not because of the personal relationship to the king.

6.0 Litteratur

- Andersen, Per Sveaas. 1977. *Samlingen av Norge og kristningen av landet: 800-1130*. Vol. 2, *Handbok i Norges historie*. [Bergen]: Universitetsforlaget
- Bagge, Sverre. 1997. "Døden i middelalderen." I Haavardsholm, Jørgen. 1997. *Nytt lys på middelalderen*. Oslo: Syppress forlag, 222.
- Bagge, Sverre. 1996. *From gang leader to the Lord's anointed: kingship in Sverris saga and Hákonar saga Hákonarsonar*. [Odense]: Odense University Press
- Bagge, Sverre. 2010. *From Viking stronghold to Christian kingdom: state formation in Norway, c. 900-1350*. København: Museum Tusulanum Press
- Bagge, Sverre. 2002. *Mellom kildekritikk og historisk antropologi. Olav den hellige, aristokratiet og rikssamlingen*, *Historisk tidsskrift* 81, 2002: 173-212.
- Bagge, Sverre. 2000. *Mennesket i middelalderens Norge: tanker, tro og holdninger 1000-1300*. Oslo: Aschehoug.
- Bagge, Sverre. 1991. *Society and politics in Snorri Sturluson's Heimskringla*. Berkeley, Calif.: University of California Press
- Beyer, Edvard. 1982. *Norges litteraturhistorie*. [Stabekk]: Bokklubben Nye Bøker.
- Doxey, Gary B. 1996. "Norwegian Crusaders and the Balearic Islands", *Scandinavian Studies*
- Duby, Georges. 1985. *Verdens beste ridder: historien om William Marskalken*. Oslo: Ars.
- Ersland, Geir Atle, and Terje H. Holm. 2000. *Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Vol. B. 1, *Norsk forsvarshistorie*. Bergen: Eide.
- Flokenes, Kåre, and Torggrim Titlestad. 2001. *Morkinskinna*. Hafrsfjord: Erling Skjalgssonselskapet.
- Foote, Peter, and David M. Wilson. 1970. *The Viking achievement: the society and culture of early medieval Scandinavia*. London: Sidgwick & Jackson.
- Fulcherius, Carnotensis, Harold S. Fink, and Frances Rita Ryan. 1969. *Historia Hierosolymitana*. Knoxville, Tenn.: University of Tennessee Press
- France, John. 2006. *Medieval warfare, 1000-1300*. Aldershot: Ashgate.
- Griffith, Paddy. 1995. *The Viking art of war*. London: Greenhill Books.

- Helle, Knut. 1995b. "Et kristent folk? Kyrkje og samfunn i Norge i Høymiddelalderen." Ågotnes, Anne. 1995. *Kristendommen slår rot*. Vol. 10, *Onsdagskvelder i Bryggens museum*. [Bergen]: Bryggens museum
- Helle, Knut. 2001. *Hovedlinjer i utviklingen av den historiske sagakritikken*, i Hagland og Supphellen(red.), Leiv Eriksson, Helge Ingstad og Vinland: Kjelder og tradisjonar, Trondheim
- Helle, Knut. 1974. *Norge blir en stat: 1130-1319*. Vol. [1]:3, *Handbok i Norges historie*. [Bergen]: Universitetsforlaget.
- Helle, Knut. 1995a. *Under kirke og kongemakt: 1130-1350*. Vol. 3, *Aschehougs norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug.
- HHS = Holtsmark, Anne og Sturla, Þorðarson,. 2008. *Hákonar saga Hákonarsonar*. Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur.
- Hill, Rosalind M. T. 1962. *Gesta Francorum et aliorum Hierosolymitanorum*. Oxford: Clarendon Press
- Hjelde, Oddmund. 1995. *Kirkens budskap i sagatiden*. Oslo: Solum.
- Holm-Olsen, L., "Ulv fra Lauvnes og skriftet om de danske korsfarere" i norsk HT bind 35, Oslo 1949-51
- Holtsmark, Anne og Sturla, Þorðarson,. 2008. *Hákonar saga Hákonarsonar*. Oslo: Aschehoug i samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur.
- Holtsmark, Anne. 1961. *Sverris saga*. Oslo: Aschehoug.
- Housley, Norman. 2006. *Contesting the crusades*. Malden, Mass.: Blackwell,
- Hovstad, Johan. 1943. *Mannen og samfunnet: studiar i norrøn etikk*. Oslo: Samlaget.
- Hultgård, Anders. 2011. "Odinn, Valhall and the einherjar. Eschatological Myth and ideology in the late Viking period." I Steinsland, Gro. *Ideology and power in the Viking and Middle Ages: Scandinavia, Iceland, Ireland, Orkney, and the Faeroes*. Leiden: Brill.
- Hødnebo, Finn og Snorri, Sturluson. 2009. *Heimskringla*. Oslo: Stenersens forl.
- Indrebø, Gustav, Arnt Løftingsmo, and Bjarne Fidjestøl. 1973. *Ágrip af Nóregis konunga sögum*. Oslo: Samlaget.

- Jónsson, F. 1912-1913. "Ragnvald jarls Jorsalfærd" i dansk HT Fjerde Bind, Kjøbenhavn.
- Jotischky, Andrew. 2004. *Crusading and the crusader states*. Harlow: Pearson/Longman.
- Koht, Halvdan. 1924. "Kong Sigurd på Jorsalaferd" i norsk HT Femte Rekke Femte Bind, Kristiania.
- Krag, Claus. 2005a. *Sverre: Norges største middelalderkonge*. Oslo: Aschehoug.
- Krag, Claus. 2005b. *Vikingtid og rikssamling: 800-1130*. Vol. B. 2, *Aschehougs norgeshistorie*. Oslo: Aschehoug
- Lunden, Kåre 1996. "Religionsskiftet – kva handla det egentleg om?" I Rindal, Magnus. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Loud, G. A. 2010. *Historia de expeditione Frederici Imperatoris*. Farnham: Ashgate
- MS = Flokenes, Kåre, and Torgrim Titlestad. 2001. *Morkinskinna*. Hafersfjord: Erling Skjalgssonselskapet.
- Müller, Ingrid Helene 1996. "Fra Valhall til paradys. Om kristen begravelse." I Rindal, Magnus. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal, 57-62.
- Nedkvitne, Arnved. 1997. *Møtet med døden i norrøn middelalder: en mentalitetshistorisk studie*. [Oslo]: Cappelen akademisk forl.
- Nedkvitne, Arnved. 2005. "Why Did Medieval Norsemen Go on Crusades?" I Lehtonen, Tuomas M. S., Kurt Villads Jensen, Janne Malkki, and Katja Ritari. *Medieval history writing and crusading ideology*. Vol. 9, *Studia Fennica, Historica*. Helsinki: Suomalaisen kirjallisuuden seura.
- Nedkvitne, Arnved. 2011. *Ære, lov og religion i Norge gjennom tusen år*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Nordberg, Andreas. 2003. *Krigarna i Odins sal: dödsföreställningar och krigarkult i fornnordisk religion*, Stockholms universitet, Religionshistoriska institutionen, Stockholm.
- Næshagen, Ferdinand 2000. Norwegian medieval religiosity: Historical sources and modern social science. *Scandinavian journal of history* 25:4

Orning, Hans Jacob. 2008. *Unpredictability and presence: Norwegian kingship in the high Middle ages*, Brill, Leiden.

Paasche, Fredrik. 1966. *Kong Sverre*. Oslo: Aschehoug.

Regesta Norvegica Volum 1-8, Storm, Gustav et. al., Kristiania/Oslo 1898-2006;
(http://www.dokpro.uio.no/dipl_norv/regesta_felt.html)

Richard, Jean. 1999. *The Crusades, c. 1071-c. 1291*. Cambridge: Cambridge University Press.

Riley-Smith, Jonathan. 2009. *What were the crusades?* Basingstoke: Palgrave Macmillan.

Rindal, Magnus. 1996. *Fra hedendom til kristendom: perspektiver på religionsskiftet i Norge*. Oslo: Ad notam Gyldendal

Sandnes, Jørn. 1996. Claus Krag: Vikingtid og rikssamling 800-1130. *Heimen*, 33.

Sigurðsson, Jón Viðar. 2008. *Det norrøne samfunnet: vikingen, kongen, erkebiskopen og bonden*. Oslo: Pax

Sigurðsson, Jón Viðar. 1993. *Goder og maktforhold på Island i fristatstiden*, Historisk Institutt, Universitetet i Bergen, Bergen.

Sigurðsson, Jón Viðar. 2003. *Kristninga i Norden 750-1200*. Oslo: Samlaget

Sigurðsson, Jón Viðar. 1999. *Norsk historie 800-1300: frå høvdingmakt til konge- og kyrkjemakt*. Oslo: Samlaget.

Skre, Dagfinn. 1998. *Herredømmet: bosetning og besittelse på Romerike 200-1350 e. Kr*, Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo.

SK = Hødnebø, Finn og Snorri, Sturluson. 2009. *Heimskringla*. Oslo: Stenersens forl.

Solberg, Bergljot. 2003. *Jernalderen i Norge: ca. 500 f.Kr.-1030 e.Kr*. Oslo: Cappelen akademisk forlag

Steinsland, Gro. 2000. *Den hellige kongen: om religion og herskermakt fra vikingtid til middelalder*. Oslo: Pax

Steinsland, Gro 1995. "Hvordan ble hedendommen utfordret og påvirket av kristendommen?" I Lidén, Hans-Emil. *Møtet mellom hedendom og kristendom i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.

Steinsland, Gro, and Preben Meulengracht Sørensen. 1994. *Menneske og makter i vikingenes verden*. [Oslo]: Universitetsforlaget/Bokklubben kunnskap og kultur.

- Steinsland, Gro. 2005. *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*. Oslo: Pax.
- Storm, Gustav og Hertzberg, Ebbe. 1895. "Norges gamle lover. Indtil 1387. Femte bind, indeholdende Supplement til foregaaende Bind og Facsimilier samt Glossarium med registre." Christiania
- SvS = Holtsmark, Anne. 1961. *Sverris saga*. Oslo: Aschehoug.
- Sweetenham, Carol. 2005. *Robert the Monk's History of the first crusade: Historia iherosolimitana*. Aldershot: Ashgate.
- Tyerman, Christopher. 2005. *The crusades: a very short introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Underwood, Richard. 1999. *Anglo-Saxon weapons and warfare*. Stroud: Tempus.
- Unger, C. R. 1867. *Morkinskinna*. Christiania
- Vésteinn ólason. 1987. *Kilderne til den tidlige middelalders historie*. 1987. Vol. 1, *Rapporter til den 20 nordiske historikerkongres, Reykjavik*. Reykjavík: Sagnfræðistofnum Háskóla Íslands.